

Varia⁶⁶

KULTURHISTORISK MUSEUM
FORNMINNESEKSJONEN

**Hus, gard og graver langs E6
i Sarpsborg kommune**



E6-prosjektet Østfold

Band 2

Gro Anita Bårdseth (red.)

**OSLO
2007**

Varia⁶⁶

KULTURHISTORISK MUSEUM
FORNMINNESEKSJONEN

**Hus, gard og graver langs E6
i Sarpsborg kommune**

E6-prosjektet Østfold

Band 2

Gro Anita Bårdseth (red.)

OSLO
2007

Varia 66

© Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen.

Universitetet i Oslo

© *Museum of Cultural History, Department of Heritage Management
University of Oslo*

Redaktør av serien/ *Editor of the series:*

Karl Kallhovd

Redaktør av dette band/ *Editor of this volume:*

Gro Anita Bårdseth (red.)

Forfattarar i dette band / *Authors of this volume:*

Gro Anita Bårdseth, Christian L. Rødsrud: Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo

Barbara M. Sageidet, Paula Utigard Sandvik: Arkeologisk museum i Stavanger

Formgiving/ *Lay out:*

E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum

Utgjevar/ *Publisher:*

Kulturhistorisk museum

Fornminneseksjonen

Postboks 6762 St. Olavs plass

N-0130 OSLO

Norway

Tel.: (+ 47) 22 85 19 00

Fax.: (+ 47) 22 85 19 38

E-mail: postmottak@khm.uio.no

Trykkeri/ *Printing office:*

Repsentralen, Universitetet i Oslo

2007

ISSN-nr. 1504-3266

ISBN-nr. 978-82-8084-035-6

Summaries translated by:

Hilde S. Frydenberg

Framsida/ *Front page:*

Bjørnstad og Kalnes på Tune-øya, med Vestvannet i bakgrunnen. Biletet er tatt mot nord. Foto: Statens vegvesen Region Øst.

The farms Bjørnstad and Kalnes at the Tune peninsula, the lake Vestvannet in the background. Picture facing north. Photo: Norwegian Public Road Administration.

Baksida/ *Back page:*

Eit sverd (C55767/7), ein spydspiss (C55767/3), ein lancespiss (C55767/2) og ein skjoldbule (C55676/4). Alle gjenstandane er frå kammergrava, Bjørnstad 8, lokalitet 44, i Sarpsborg kommune. Foto: Eirik Irgens Johnsen, Kulturhistorisk museum.

Above, from left: A sword (C55767/7), a spearhead (C55767/3) and a lancehead (C55767/2). Below, a shield boss (C55767/4). All artefacts were found in the chamber tomb Bjørnstad 8, Sarpsborg municipality (site 44). Photo: Eirik Irgens Johnsen, Museum of Cultural History.

FORORD

E6-prosjektet Østfold har vore eit omfattande forvaltingsprosjekt ved Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, og det har utført ein av dei største flateavdekkjingsundersøkingane ved museet til no, men også omfattande sikrings- og dokumentasjonstiltak i samband med helleristingar. Granskingar og sikringstiltak vart utført i tida frå 2003–2006, og som eit resultat av at E6 gjennom Østfold skal utvidast frå to til fire felt.

Dette er det andre av fem Varia-band frå E6-prosjektet Østfold. I dette bandet vert det gjort greie for arkeologiske og naturvitskaplege resultat frå ni lokalitetar som vart granska i Tune, Sarpsborg kommune i 2005 og 2006; Utne (lokalitet 6), Kalnes nedre og østre (lokalitet 42), Bjørnstad søndre (lokalitet 43), Bjørnstad søndre og nordre (lokalitet 9, 10, 13, 13b), Bjørnstad søndre (lokalitet 11) og Bjørnstad (lokalitet 44). I samband med presentasjonen av lokalitet 44, som er ein del av eit større gravfelt på Bjørnstad, er resultatane frå ei tidlegare undersøking av det same gravfeltet tatt med. I band 1 vart det gjort greie for bakgrunnen for prosjektet og problemstillingar vi har arbeidd med, samt arkeologiske og naturvitskaplege resultat frå granskingane i Råde kommune. I band 3 vert resultatane frå granskingane i Sarpsborg og Fredrikstad kommunar sør for Glomma presentert. Band 4 skildrar sikringstiltak og dokumentasjon av helleristingar i regi av prosjektet, medan band 5 tek for seg metodiske erfaringar vi har gjort oss og det rommar ei naturhistorisk og kulturhistorisk syntese.

Styringsgruppa for prosjektet har fungert som fagleg referansegruppe, og medlemmane er:

Førsteamanuensis Jan Henning Larsen, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo. Leiar for styringsgruppa

Avdelingsleiar Mari Høgestøl, Arkeologisk museum i Stavanger

Forskar Per Oscar Nybruget, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo

Førsteamanuensis Christopher Prescott, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier, Universitetet i Oslo

Forskar David Vogt, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo

Seniorkonsulent Vivian Wangen, Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo

Professor Einar Østmo, Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo

I tillegg deltok fylkesarkeolog Morten Hanisch, Østfold fylkeskommune, og seniorkonsulent Johann Søndergaard Sobotta, Riksantikvaren som observatørar. Førstekonsulent Ingrid Ystgaard, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, deltok som observatør fram til sommaren 2006.

Eg vil rette ein stor takk til styringsgruppa for rettleiing og faglege innspel. Takk også til alle som har medverka til dette Varia-bandet, gjennom feltarbeid, ved etterarbeid og ved tilrettelegging av materialet for publisering. Ein særleg takk til Christian L. Rødstrud for velviljen han har synt oss med å presentere gravfeltet på Bjørnstad i dette nummer av Varia. Likeeins takk til Knut Paasche frå NIKU som har bidrege til rekonstruksjonen av båten Bjørnstad 7 og kommentert teksten som tek for seg dette funnet. Takk til Anders Helseth Nilsson, konservator ved Kulturhistorisk museum, for tekst og foto som skildrar den laborative granskninga av sverdet frå grava Bjørnstad 8. Forfattarar i dette bandet er Gro Anita Bårdseth og Christian L. Rødstrud frå Kulturhistorisk museum, og Barbara Maria Sageidet og Paula Utigard Sandvik frå Arkeologisk museum i Stavanger. Kart, illustrasjonar og foto er tilverka av Ann Iren Bratt, Kathrine Eikrem, Per Erik Gjesvold, Hilde S. Frydenberg, Ellen C. Holte, Eirik Irgens Johnsen, Lise-Marie Bye Johansen, Bjørn Håkon Eketuft Rygh, Magne Samdal, Brynjar Sandvoll, Lars Thorgersen og Terje Tveit.

Foto med referanse til E6-prosjektet Østfold er utført av feltpersonalet ved prosjektet. Ortofoto og flyfoto er brukt med løyve frå Statens vegvesen Region Øst. Hilde S. Frydenberg har utført layout og sett om tekst til engelsk. Referansar til ID fylgt av eit nummer syner til *Databasen for kulturminner, Askeladden*.

Gro Anita Bårdseth
Oslo, juni 2007

FORORD**KAPITTEL 1**

KULTURMILJØ TUNE (Gro Anita Bårdseth)	1
SKILDRING AV KULTURMILJØ TUNE	1

KAPITTEL 2

ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ FØRROMERSK JARNALDER. GRØFTER OG KULTURLAG FRÅ FØRROMERSK JARNALDER OG ELDRE ROMARTID. RYDNINGSRØYSER FRÅ UVISS TID PÅ UTNE (LOKALITET 6) (Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik)	7
INNLEIING (GAB)	7
ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ FØRROMERSK JARNALDER (C54969, C54971)	10
GRØFTER OG KULTURLAG FRÅ FØRROMERSK JARNALDER OG ELDRE ROMARTID (C54969, C54971)	16
RYDNINGSRØYSER (C54970)	17
ANDRE STRUKTURAR OG GJENSTANDSFUNN	20
PLANTEMAKROFOSSIL (PUS)	21
JORDMIKROMORFOLOGI (BMS)	22
POLLENANALYSE	26
DRØFTING OG OPPSUMMERING (GAB)	28

KAPITTEL 3

HULVEGAR PÅ KALNES NEDRE OG ØSTRE OG BJØRNSTAD SØNDRE (LOKALITET 42 OG 43) (Gro Anita Bårdseth & Barbara Maria Sageidet)	29
INNLEIING (GAB)	29
KALNES NEDRE OG ØSTRE	31
HULVEG MED FLEIRE FASAR PÅ BJØRNSTAD SØNDRE (C54972)	31
POLLENANALYSE (BMS)	33
OPPSUMMERING (GAB)	36

KAPITTEL 4

ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ SEINNEOLITIKUM, YNGRE BRONSEALDER OG FØRROMERSK JARNALDER. BUSETJINGS - OG AKTIVITETSSPOR FRÅ SEINMESOLITIKUM TIL MELLOMALDER PÅ BJØRNSTAD SØNDRE OG NORDRE (LOKALITET 9, 10, 13 OG 13B) (Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik).....	37
INNLEIING (GAB).....	37
ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ SEINNEOLITIKUM, YNGRE BRONSEALDER OG FØRROMERSK JARNALDER (C54974, C54976)	43
GROPER MED UKJENT FUNKSJON FRÅ YNGRE BRONSEALDER (C54973, C54974).....	49
ELDSTADAR OG KOKEGROPER (C54973, C54974, C54976)	52
EI HALV FOTGRØFT (C54977).....	54
KOLGROP FRÅ HØGMELLOMALDER OG U-FORMA GRØFT FRÅ NYARE TID (C54973).....	54
ANDRE STRUKTURAR OG GJENSTANDSFUNN (C54973, C54974, C54976, C54977)	56
PLANTEMAKROFOSSIL (PUS)	57
JORDMIKROMORFOLOGI (BMS)	59
POLLENANALYSE	67
DRØFTING OG OPPSUMMERING (GAB)	69

KAPITTEL 5

BUSETJINGSSPOR OG MOGLEG HALL FRÅ YNGRE JARNALDER PÅ BJØRNSTAD SØNDRE (LOKALITET 11) (Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik)	71
INNLEIING (GAB)	71
HUS 1. EIT TRESKIPA HUS MED MOGLEG HALLFUNKSJON FRÅ YNGRE JARNALDER (C54975).....	74
HUS 2. EIT TRESKIPA HUS FRÅ MEROVINGARTID (C54975)	80
EIN BRØNN FRÅ VIKINGTID (C54975).....	83
EIT KULTURLAG (C54975).....	85
ANDRE STRUKTURAR OG GJENSTANDSFUNN (C54975)	85
PLANTEMAKROFOSSIL (PUS)	86
POLLENANALYSE (BMS).....	88
DRØFTING OG OPPSUMMERING (GAB)	89

KAPITTEL 6

GRAVER OG BOSETNINGSSPOR PÅ BJØRNSTAD (LOKALITET 44) (Christian L. Rødsrud)	91
INNLEDNING	91
GRAVFELTET PÅ BJØRNSTAD (LOKALITET 44).....	97
Bjørnstad 1, mulig kistegrav	99
Bjørnstad 2, tilnærmet rektangulær nedgravning	105
Bjørnstad 3, tilnærmet kvadratisk nedgravning	112
Bjørnstad 4, branngrøp	114
Bjørnstad 5, branngrøp	115
Bjørnstad 6, grøp	116
Bjørnstad 7, båtgrav	118
Bjørnstad 8, kammergrav	130
Bjørnstad 9, kistegrav	140
Bjørnstad 10, kistegrav	164
Bjørnstad 11, kistegrav	152
Enkeltfunn fra mulig grav	156
Fotgrøftene	157
Samlet vurdering av gravfeltet	160
Østfolds oldtidsminner og Bjørnstad.....	165
BOPLASSPOR UNDERSØKT I 2000.....	167
BOPLASSPOR UNDERSØKT I 2006.....	167
Dyrkningslag (C55773).....	167
Grøfter eller fotgrøft (C55774)	170
Firestolperskonstruksjon (C55775)	170
Mulige ovner (C55776)	174
Kokegroper (C55776).....	174
Stolpehull (C55776)	174
Andre strukturer (C55776).....	176
Mulig kjellerkonstruksjon med laftede vegger	176
BOPLASSPORENE – EN OPPSUMMERING.....	179
NATURVITENSKAPELIGE PRØVER OG DATERINGER	179
AVSLUTTENDE KOMMENTARER	181
SUMMARY	183
LITTERATUR	193
VEDLEGG	203
VEDLEGG 1	204
VEDLEGG 2	206
VEDLEGG 3	210
VEDLEGG 4	212
VEDLEGG 5	214
VEDLEGG 6	216
VEDLEGG 7	220
VEDLEGG 8	221
VEDLEGG 9	222
VEDLEGG 10	224
VEDLEGG 11	225
VEDLEGG 12.....	226
VEDLEGG 13.....	227
VEDLEGG 14.....	228
VEDLEGG 15.....	232

KAPITTEL 1

KULTURMILJØ TUNE

Gro Anita Bårdseth

SKILDRING AV KULTURMILJØ TUNE

Tune eller Tune-øya vert brukt om landet nord og nordaust for Sarpsborg by. Tune-øya er omgitt av Glomma i aust og sør, Visterflo i sørvest, Ågårdselva i vest og Minge vannet, som har samband med både Vestvannet og Ågårdselva, i norvest, sjå figur 1_1. Tune-øya er i dag ein del av Sarpsborg kommune. E6-prosjektet Østfold har granska ni lokalitetar innanfor dette kulturmiljøet; ein på Utne, ein på Kalnes og sju lokalitetar på Bjørnstad, sjå figur 1_2 og 1_3. Eit nord-sørgående fjellparti (Børstadbråten, ca. 120 moh.) deler område mellom Utne og Kalnes/Bjørnstad.


Utne ligg på ei høgde i landskapet, ca. 50 moh. med vidt utsyn vest- og nordover, på klarvêrsdagar kan ein jamvel sjå fjella i Telemark, på vestsida av Oslofjorden. I nord ser ein mot Missingen i Råde kommune (Bårdseth 2007a) og Ågårdselva. Utne, slik det framstår i dag kan karakteriserast som eit kupert jordbrukslandskap.

Lokalitetane på Kalnes og Bjørnstad ligg i tilknytning til Raet, som her demmar opp Vestvannet og Tunevannet. Dette området er i dag eit ope og vidstrakt jordbrukslandskap, gjennomskore av E6 og riksveg 118. Høgda over havet for dei oppdyrka områda er mellom 25–50 meter, medan høgdedraga aust for desse strekk seg opp mot 80 meter over havet. Fotografiet på omslaget av dette bandet syner Bjørnstad og Kalnes, med Børstadbråten i bakgrunnen og Vestvannet.

Kulturminne frå alle dei førhistoriske epokane så vel som frå mellomalder og nyare tid er representert på Tune-øya. Talet på kulturminne er høgt og konsentrasjonen av dei er tett, særleg i tilknytning til Raet. Vidare er variasjonen av kulturminnetypar stor. Kulturmiljøet er også vel kjent for fleire unike kulturminne, slik som Tune-steinen med runeinskripsjon frå 400-talet (Grønvik 1981). Tune-namnet er i arkeologisk samanheng også knytt til Tuneskipet og kammergrava frå Haugen på Rolvsøy, båe frå yngre jernalder. Garden Haugen tilhørte tidlegare Tune prestegjeld då skipet og kammergrava vart oppdaga i høvesvis 1867 og 1864 (Brøgger 1922:7, 20).

Tune-øya, men særleg Raet, har altså vore brukt og busett av menneske frå eldre steinalder og fram til i dag. Kulturmiljøet har dermed ei lang og etterkvart omfattande arkeologisk faghistorie. Den eldste kulturhistoriske nedteikninga eg kjenner til er om Tune-steinen og er frå 1627 (Grønvik 1981:13). Innsamling av gjenstander og funnopplysningar om oldsaker og kulturminne vart vanleg frå slutten av 1800-talet av. Innanfor rammene av dette arbeidet har det derfor ikkje vore høve til å gå inn i kulturhistoriske detaljar eller å gje att ei komplett oversikt over dette store materialet. Gode kulturhistoriske oversikter over Tune er imidlertid ført i pennen av Erling Johansen i hans bidrag om Sarpsborg si førhistorie i første band av Sarpsborgs bys historie (Johansen 1976). Ellen Anne Pedersen og Frans-Arne Stylegar handsamar også dette området grundig i første band av Østfolds Historie (Pedersen *et al.* 2003). Nedanfor fylgjer eit oversyn over hovudtrekk og høgdepunkt i funn og hendingar i kulturmiljøet Tune. Oversikta er i hovudsak basert på verka som er nevnt over, men supplert med nyare litteratur frå granskingar foretatt dei siste åra og informasjon henta frå Databasen for kulturminner, Askeladden (Askeladden [online]).

Dei eldste kulturhistoriske spora i dette området er frå eldre steinalder og består av lausfunn av nøstvedtøksar og prikkhogde øksar av bergart samt pilspissar, skraperar, bor og avfall av flint. På Utne og på nordsida av Børstadbråten vart tre seinmesolittiske lokalitetar granska i samband med forrige E6-utbygging (Berg 1998). På Grålum og Store Tune, like sør for Tunevannet vart det i samband med gravfeltundersøking i 1970 og -71 mellom anna påvist nøstvedtøksar og avslag av bergart og flint (Monrad-Krohn 1969–71). Når vi kjem fram til yngre steinalder og særleg seinneolitikum, vert spora etter menneskeleg aktivitet fleire, men også meir varierte. Framleis er det lausfunn som dominerer funnbiletet; øksar av flint og bergart, dolkar og sigder av flint. På Tune-øya er desse funna i hovudsak konsentrert til Raet. På Vister, vest for Kalnes, er det gjort eit offerfunn bestående av to heile og to fragmentariske flintdolkar, ei flintsigd, ein



Figur 1_1: Tune og Tune-øya i Østfold. GIS applikasjon: Magne Samdal.


Figure 1_1: Tune and the Tune peninsula in the Østfold county. GIS application: Magne Samdal.

flintmandel og ni avslag, også desse av flint (ID 75231, museumsnummer C25557). På Grålum er det funne til saman tre breieggja flintøkser som også er rekna å vere eit offerfunn (ID 76119, museumsnummer C24097, C36788). Seinast vart det i 2006 funne ein flintdolk i Haraldstadmyra på Bjørnstad som også er rekna for å vere eit offerfunn (Bertheussen 2007).

Frå bronsealderen er det helleristingar og gravrøyser som dominerar funnbiletet. Kjente helleristingsfelt innanfor kulturmiljøet finn vi på Utne (ID 19683), Kalnes (ID 49276), Alvim (ID 19289, ID 29292), Yven (ID 77461) og Sandesund (ID 77461). Motiva er dominert av skip, menneskefigurar, skålgroper, sirkclar og fotsålar. Mange helleristingslokalitetar finst også på sør- og austsida av Glomma, mellom anna på Hafslund og Årum. Gravrøyser er kjent på Brattås (ID 77410, ID 77412) og Børstadbråten (ID 19675, ID 75192) nord for Kalnes, Høgås (ID 75214, ID 77421) som ligg

mellom Tunevannet og Vestvannet, Opstad (ID 9893, ID 9894), Grålum (ID 19256) og Yven (ID 77463, ID 39300), som alle ligg sør for Raet. Frå yngre bronsealder treff vi også på det eldste kjente huset på Tune-øya. Dette ligg på Opstad og vart påvist i samband med granskingar av gravfeltet der i 1976 (Løken 1978, 1998). Dateringa frå undersøkinga er ikkje samanfallande, men huset er rekna for å ha hatt ei brukstid i siste del av yngre bronsealder og første del av førromersk jarnalder. I tilknytning til huset vart det påvist eit felt med ardspor.

I jarnalderen aukar talet på kulturminne kraftig, og det er i første rekkje dei mange og store gravfelta som er årsaka til dette. Gravfelta ligg som perler på ei snor langs Raet, frå Kulås i sør, som i dag ligg midt i Sarpborg by, til Kalnes i nord. Kjente og mykje omtala gravfelt finn vi i Kulåsparken (under Borregård) (ID 3197, ID 22321, ID 42174, ID 42636, ID 42637, ID 49869, ID 51943, ID 69365, ID 70802, ID 70805, ID 70806, ID 78430, ID



Figur 1_2: Kulturmiljø Tune med lokalitetar som er granska av E6-prosjektet Østfold. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold, Hilde S. Frydenberg.

Figure 1_2: Cultural environment of Tune with sites investigated by E6-prosjektet Østfold. GIS application: Per Erik Gjesvold, Hilde S. Frydenberg.

78431, ID 80431, ID 80430), Trompeteren (under Tune prestegård) (ID 77467), Tune Store (ID 9900, ID 49298), Tune Lille (ID 853), Grålum (ID 9857, ID 29273, ID 49304, ID 75226), Opstad (ID 49312, ID 77454, ID 80635), Bjørnstad (ID 3625, ID 3626, ID 13424, ID 19700, ID 52381, ID 52383, ID 62736, ID 81302, ID 81303) og Kalnes (ID 39247, ID 75207, ID 77410, ID 77412). Arkeologiske granskningar syner at gravfelta har vore i bruk gjennom heile jernalderen. Gravskikk og gravutforming varierar, så vel som gravinventar. Fleire av gravene er velutstyrte og med importsaker. I tilknytning til gravfelta, men også dei store vassvegane, er det kjent ei rad med hulveggar. Særleg er dei mange hulvegane frå Visterflo og over Kalnesbrekka til Vestvannet godt kjent (ID 19681, ID 49312, ID 75209, ID 79109). Landingsplassen ved Visterflo heiter Eidet, og det er antatt at ruta over Kalnesbrekka har vore ei viktig ferdselsåre over land mellom desse to vassdraga.

Ein annan kulturminnetype som høyrer jernalderen til og som vi finn på Tune-øya, er bygdeborgene. Jomfrusal og Herresal (ID 48673 og ID 62767) er namnet på to bygdeborger som ligg jamsides på Landeberga over Glomma. Ein tredje

bygdeborg i Tune finn vi på Stenerød, vest for Tunevannet (ID 39259).

Innan E6-prosjektet Østfold tok til med utgravingar i dette området i 2004 var det forutan huset på Opstad kjent eit treskipa hus frå Store Tune. Huset er rekna for å ha hatt ei brukstid i folkevandringstid (Andersen 1991, Bårdseth 2006a). I 2006 vart delar av eit treskipa hus granska på Opstad søndre. Det føreligg ikkje dateringar frå dette huset, men på bakgrunn av funn er det rekna å høyre heime i eldre jernalder (Eikrem 2006).

Tune-steinen med runeinskrripsjonar høyrer også heime i jernalderen og er alt nemt. Teksten viser til eit arveoppgjer, det eldste av sitt slag på germansk område (Grønvik 1981, Spurkland 2005:403–405). Steinen vart funnen i kyrkjegardsmuren til Tune kirke og har vore kjent frå 1600-talet av. Kyrkja som stod den gong var ei langkyrkje av stein, truleg oppført på 1100-talet. Denne kyrkja var «fylkeskyrkje» i Tune i mellomalderen. Kyrkja vart riven i 1863 og erstatta av steinkyrkja som står der i dag. Skriftlege nedteikningar frå Tune finn vi også i sagalitteraturen (sjå Pedersen *et al.* 2003:399–422). Ei anna viktig kulturhistorisk hending på Tune-øya var etableringa av kjøpstaden Borg (seinare Sarpsborg) ved Sarpsfossen.



Figur 1_3: Lokaliteter på Kalnes og Bjørnstad. Tal utan prefiks refererer til Kulturminnedatabasen Askeladden. Ortofoto: Statens vegvesen Region Øst. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 1_3: Sites at Kalnes and Bjørnstad. Numbers without prefixes refers to the cultural heritage database Askeladden. Orto photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS application: Per Erik Gjesvold.

Ifylgje Snorre vart byen anlagt i år 1016 av kong Olav Haraldsson. Kong Olav lot bygge ein jordborg kring staden og førte opp ein kongsgard og ei Mariakyrkje (Opstad 1976).

I høgmellomalderen og fram mot nyare tid har området husa fleire herregardar med adelege privilegier. På sjølve Tune-øya finn vi herregårdane Sanne, Holleby og Borregård. På Hafslundøy, på mosett side av Glomma og nærmast vis a vis Borregård ligg staselege Hafslund Herregård (Eliassen 1997).

Her lyt vi sette strek for den kulturhistoriske gjennomgangen av Tune i denne omgang. Både forskarar og lækfolk har imidlertid late seg inspirere av dette rike funnmaterialet og dei skriftlege kjeldene, og Tune har opp gjennom åra vore drøfta i mange samanhengar. Anton W. Brøgger sette alt i 1922 fram ei hypotese om at Tune var eit førkristent kultursentrum, og han ser det i samheng med Vingulmark, det gamalnorske fylket på austsida av Oslofjorden (Brøgger 1922). Tidlegare fylkeskonservator Lauritz Opstad formulerte tankar om at Sarpsborg by fekk næring av og vaks fram frå eit politisk og kulturelt jernaldersentrum i Tune (Opstad 1976:149–150). Seinast er tematikken omkring Tune grundig handsama i første band av Østfolds Historie. Dei mange og rike gravene frå heile jernalderen langs Raet på Tune-øya, fleire med såkalla høgstatusfunn, i kombinasjon med gunstig lokalisering mellom kyst og innland og gode moglegheiter for ferdsel både over land og til vanns, er noko av bakgrunnen for at forfattarane tek til orde for at Tune representerer eit såkalla sentral-kompleks i jernalderen, og at det kan samanliknast med Gudme-senteret på Fyn i Danmark (Pedersen *et al.* 2003:322, sjå også Steinnes 1951, Stylegar 1998).

Ved sidan av dei arkeologiske kjeldene drøftar forfattarane materialet også i lys av sagakjeldene. Her er det mange lause trådar, men konklusjonen i debattens førebels siste innlegg er tydeleg: «Mye er altså uklart i den politiske geografien øst for Oslofjorden i merovingertid og tidlig vikingtid. Men maktsenteret rundt Tune er ikke til å komme utenom» (Pedersen *et al.* 2003:420).

Det er gjennomført ei rad med arkeologiske undersøkingar og registreringar innanfor dette kulturmiljøet, men som nemt innleiingvis tek ikkje dette arbeidet mål av seg til å presentere alle. Ifylgje

Brøgger skal både Anders Lorange og Nicolay Nicolaysen ha utført gravningar i Tune på 1800-talet, og området skal vere registrert av Jan Petersen (Brøgger 1922:32). På slutten av 1960-talet vart det utført registreringar for Økonomisk Kartverk, og desse vart kontrollert i 2004 (Bøe Sollund 2005). Større og mindre registreringar i samband med reguleringsplansaker er det utført fleire av dei siste 20 åra. Dei mest arealkrevjande sakene er i samband med vegutbyggjing (Nordenborg Myhre, utan årstal, Vikshåland 2003, Wangen 2000).

Store og omfattande granskingar på 1900-talet vart utført på Lekvoll under Grålum (Monrad-Krohn 1969-71), Opstad (Løken 1976, 1998) og Store Tune (Andersen 1991). Neste og førebels siste fase med utgravingar fann stad på 2000-talet. I år 2000 vart delar av eit gravfelt frå jernalder på Bjørnstad nordre granska (Gjesvold 2000). Same året vart det underøkt kokegroper, eldstadar og busetjingsspor med ukjent funksjon, også desse på Bjørnstad (Gjerpe 2000). I 2004 vart ytterlegare to lokalitetar på Bjørnstad granska, og ein på Kalnes. Lokalitetane på Bjørnstad inneheldt kokegroper og eldstadar frå steinalder og eldre jernalder (Eggen 2004, Tarrou 2004). Undersøkinga på Kalnes avdekte ei ubrent flatmarksgrav frå vikingtid (Gustavsen 2004). Som nemnt over vart det i 2006 avdekt delar av eit treskipa hus, antakeleg med ei brukstid i eldre jernalder, på Opstad søndre (Eikrem 2006).

E6-prosjektet Østfold har utført dei førebels siste arkeologiske undersøkingane innanfor kulturmiljø Tune. Ni lokalitetar vart granska i 2005 og 2006. På fire av desse lokalitetane var åkrar, ardspar og rydningsrøyser dominerande kulturminne; Utne (lokalitet 6), Bjørnstad søndre og nordre (lokalitet 9, 10 og 13). Hulveggar vart undersøkt to stader; Kalnes nedre og østre (lokalitet 42) og Bjørnstad søndre (lokalitet 43). På ein lokalitet vart det avdekt delar av to treskipa hus frå yngre jernalder; Bjørnstad søndre (lokalitet 11). Gravfeltet på Bjørnstad (lokalitet 44), som er del av gravfeltet som er nemnt over og som vart granska i år 2000, var også gjenstand for undersøking. Ei halv fotgrøft vart granska på ein lokalitet; Bjørnstad nordre (lokalitet 13b). Resultata frå desse granskingane vert presentert i kapittel 2–6, til saman med resultata frå dei tidlegare granskingane av gravfeltet på Bjørnstad i 2000.

KAPITTEL 2

ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ FØRROMERSK JARNALDER. GRØFTER OG KULTURLAG FRÅ FØRROMERSK JARNALDER OG ELDRE ROMARTID. RYDNINGSRØYSER FRÅ UVISS TID PÅ UTNE (LOKALITET 6)

Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik

INNELING (GAB)

Dyrkingsspor dominerar funna som er granska på Utne. Åkrar og ardspar frå førromersk jarnalder er blant kulturminna i denne kategorien, samt to rydningsrøysar av uviss alder. Ei samling grøfter og eit kulturlag med ukjent funksjon vart påvist. Anlegga er datert til århundra før og etter Kristi fødsel. Øvrige funn består av fire eldstadar og kokegroper, og nokre strukturar med ukjent funksjon. Ein av eldstadane er datert til yngre romartid. Ei nøstvedtøks funne i pløyelaget representerer den eldste kjente bruken av området. Makrofossil-, pollen- og jordmikromorfologiske analysar har mellom anna vist kva som vart dyrka på staden og gitt informasjon om driftsformer i det førhistoriske jordbruket. Eit overpløyd gravfelt (ID 62710) som skulle ligge delvis innanfor området for lokaliteten vart ikkje påvist.

Lokaliteten låg på Utne nordre (2038/4) og Utne søndre (2039/1) i Sarpsborg kommune og har ID 100020. Gjenstandsfunn og naturvitskaplege prøver frå undersøkinga har museumsnummer C54969–54971. Det er samla inn 47 makrofossilprøver, og 29 er flotert og analysert (Sandvik dette band). Seks jordprøver for jordmikromorfologisk analyse vart samla inn og preparert, og samtlege av desse er analysert. 74 pollenprøver vart samla inn, og ni av desse er analysert (Sageidet dette band). Tre ¹⁴C-prøver er analysert.

Lokaliteten er rekna som undersøkt innanfor grensene til reguleringsplanen. Utgravinga vart utført i tida frå 30. mai til 4. juli 2005 (Johansen 2005a).

Lokalisering og topografi

Lokaliteten låg i dyrka mark i direkte tilknytning til Utne Camping og om lag 900 meter søraust for tunet til Sanne Herregård. Lokaliteten ligg på eit høgdedrag og E6 passerer rett sør for han. Landskapet kring lokaliteten er eit jordbrukslandskap. Undergrunns-tilhøva bestod for ein stor del av finsortert sand og grus, medan enkelte parti inneheldt større stein. Den søndre delen av lokaliteten bestod av leire. Gunnen for den vestre delen av lokaliteten er mest rett, medan grunnen hellar mot søraust for den austre delen av han. Høgda over havet er mellom 39–45 meter.


Kulturmiljø

I samband med tidlegare utbygging og breiddeutviding av E6 er til saman tre seinmesolittiske steinalderlokalitetar undersøkt på høvesvis Utne og ved Børstadvellet (Berg 1998). I området er det påvist fleire busetjingslokalitetar, og på Sanne Herregård, som er nærmaste nabo til Utne, er det gjennom åra samla opp lausfunn av mellom anna skaftholøks av bergart, pilspiss av flint og retusjerte flintstykker (ID 62706). Eit gravfelt med seks sikre og to usikre gravhauger ligg om lag 350 meter nordaust for lokaliteten 6 (ID 77399), og eit felt med helleristingar som består av fire skip og eit solhjul ligg om lag 450 meter nord for han (ID 19683). Det føreligg også opplysningar om fleire fjerna graver og ei gravrøys sør og sørvest for lokaliteten (ID 39299, ID 9821). Førhistoriske åkrar og ardspar var ikkje kjent frå nærområdet då vår gransking fann stad. Kartet figur 2_1 syner kulturmiljøet kring Utne, medan kartet figur 2_2 syner områda som vart granska i 2005.

Målsetjing og metode

Eit overpløyd gravfelt skulle ligge på grunnen for Utne Camping (ID 62710). Registreringa påviste restar av moglege graver, inklusive ei fotgrøft, fleire område med ardspar og to u-forma veggriller. Søk med metalldetektor gav utslag i enkelte av strukturane som var tolka som restar etter graver (Vikshåland 2003). Ei overordna målsetjing med undersøkinga var å avklare om dei antatte gravene representerte det overpløyde gravfeltet. Vidare ønska vi å undersøke tidsmessige og geografiske tilhøve mellom desse kulturminna (Bårdseth 2004:59).

Undersøkinga synta at dei antatte gravene ikkje var graver, men moderne nedgravningar. Det overpløyde gravfeltet vart dermed ikkje gjenfunne. Dei to veggrillene var grøfter som mellom anna inneheldt moderne glas. To større felt med ardspar vart påviste og dei låg i tilknytning til førhistoriske åkerlag som er datert til førromersk jarnalder. Vidare vart det påvist ei samling grøfter og to rydningsrøysar. Trekol frå ei grøft er datert til førromersk jarnalder. Det føreligg ikkje dateringar frå



Figur 2_1: Kulturmiljøet kring Utne (lokalitet 6). Tal utan prefiks refererer til kulturminnebasen Askeladden. Ortofoto: Statens vegvesen. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 2_1: Cultural environment in the Utne area (site 6). Numbers without prefixes refers to the cultural heritage database Askeladden. Orto photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 2_2: Området som er granska på Utne (lokalitet 6). Ortofoto: Statens vegvesen. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 2_2: The investigated area at Utne (site 6). Orto photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS application: Per Erik Gjesvold.

rydningsrøysene, men stratigrafiske tilhøve og pollensamansettinga frå dei, indikerar at dei er førhistoriske.

Hovudmetoden for undersøkingane var maskinell flateavdekkjing. Innmåling og produksjon av kartdata er utført ved hjelp av totalstasjon. Lokaliteten vart undersøkt av metalldetektor før matjorda var fjerna, og metalldetektor vart også nytta fleire gongar undervegs i undersøkinga. Utgravingsmetode og dokumentasjon er elles gjort greie for i Varia 65 (Bårdseth 2007a).

Stipulert og reelt arbeidsomfang i felt

Med bakgrunn i registreringa og forventningane om at det kunne liggje restar av eit gravfelt her, var det i prosjektplanen lagt opp til å undersøke eit samla areal på kring 6000 m². Vi forventa å påvise ca. 270 strukturar og la opp til å undersøke ca. 200 av desse. Arbeidsomfanget i felt var stipulert til 20 vekerverk, samt tre veker til innmåling (Bårdseth 2004:59–60).

Ved undersøkinga vart det opna eit samla areal på ca. 1850 m² og påvist 134 strukturar. Alle strukturar vart målt inn. 29 strukturar vart snitta og dokumenter i profil. Det vart lagt ned 15 vekerverk i felt, og rundt tre veker gjekk med til innmåling.

Området for det overpløyde gravfeltet strakk seg utover byggegrensa i reguleringsplanen og det var tatt høgde for å undersøke eventuelle graver som låg i randsona mellom byggegrensa og område utanfor. Sidan det ikkje vart konstaterat graver, var det ikkje aktuelt å utvide undersøkinga til områda utanfor plangrensene, og dette er årsaka til avviket mellom stipulert og reelt undersøkt areal. Strukturar og kulturminne som vart påvist var for ein stor del av ein annan art enn forventa, og det gjekk med meir tid enn berekna til å avkrefte og/eller stadfeste hypoteser.

Kildekritiske vurderingar

Partia med ardsplor, åkrar og grøfter vart ikkje avgrensa mot nord, og er etter alt å døme større enn dei er dokumentert. Delane som ikkje er undersøkt ligg utanfor reguleringsplanen og i eit område som er avsett til spesialområde bevaring.

Ein tidlegare gardsveg som skal vere lagt over ei kabelgrøft, var orientert nord-sør og delte lokaliteten i to. Grøfta og vegen gjekk rett gjennom området med åkrar og ardsplor, og har venteleg lagt beslag på delar av desse. Ei rad med grøfter frå nyare tid vart påvist, og har til ein viss grad gjort inngrep i kulturminna i området og dette skapte noko vanskar med omsyn til tolkingar.

Langs heile den søndre kanten av feltet var det etablert ein støyvoll, og fleire kulturminne vart påvist i profilkanten under han. Støyvollen vart forsøkt fjerna, men dette lot seg berre i liten grad gjennomføre fordi det var vanskeleg å mellomlagre dei store jordmassane som låg her.

ÅKRAR OG ARDSPLOR FRÅ FØRROMERSK JARNALDER (C54969, C54971)

Innleiing

Tre større område med åkrar og to parti med ardsplor vart påvist, jf. figur 2_3 og 2_4. Kulturminna var delt i to av gardsvegen, men truleg representerte dei eit samanhengande område for dyrking. Makrofossil frå ein åker er datert til førromersk jarnalder. Dateringa er rekna å representere brukstida til åkeren. Det er utført makrofossil- og jordmikromorfologisk analyse av åkrane. Omkrinsen til åkrane og ardsplora vart målt inn, og dei vart fotografert. Figur 2_5 syner ardsplora på den vestre delen av lokaliteten.

Presentasjon av åker og ardsplor

Åkrane slik dei er dokumentert, har et samla areal på ca. 320 m². Dei bestod i hovudsak av eit lag og dette var av mørk brun sandhaldig humus med spreidte trekolbitar. Laget var opp mot 15 cm tjukt og vart påvist under det moderne dyrkingslaget, sjå figur 2_6 til 2_8.

I tilknytning til åkrane låg to større parti med ardsplor. Desse er dokumentert i ein samla storleik på ca. 340 m². Ardsplora på den vestre sida av gardsvegen og like på austsida av han, var avsett i tydeleg rutemønster og var kring 4 cm djupe, jf. figur 2_9. Ardsplora lenger aust var delvis øydelagte av dyregangar, staurhol og moderne nedgravingar. Partia med åker vart påvist i tilknytning til ardsplora, og delvis over dei. Det er dermed truleg at ardsplora var avsett samstundes med at åkeren var i bruk.

Funn


I tilknytning til åkeren på austsida av gardsvegen vart det funne delar av ei nøstvedtøks (C54969/1), sjå figur 2_10. Øksa vart funnen i åkerlaget. Øksa er grovt tilhøgd, truleg av grønstein. Største lengde er 7,5 cm. Nøstvedtøkser daterast til seinmesolitikum. Det vart ikkje påvist andre gjenstandsfunn eller strukturar i tilknytning til ho, og øksa representerer venteleg eit lausfunn frå ein tidlegare aktivitetsfase i området.

Naturvitskaplege prøver

11 makrofossilprøver frå åkrane har vorte analysert, til saman med seks jordmikromorfologiske prøver.


Datering

Ei ¹⁴C-prøve frå åkeren vest for gardsvegen er analysert. Prøvematerialet bestod av forkola korn av bygg og kom frå ei makrofossilprøve. Kalibrert alder på prøva er 355–170 f. Kr., som tilsvarar førromersk jarnalder. Dateringa representerer venteleg ein bruksfase for åkeren, sjå også tabell 2_1.



Figur 2_3: Lokalisering av funksjonstolka strukturar. Utne (lokalitet 6), vestre del av feltet. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 2_3: The location of structures with a specific determined function. Utne (site 6), the western part of the site. GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 2_4: Lokalisering av funksjonstolka strukturar. Utne (lokalitet 6), austre del av feltet. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 2_4: The location of structures with a specific determined function. Utne (site 6), the eastern part of the site. GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 2_5: Reinsking av ardspor på Utne (lokalitet 6). Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_5: The investigation of scratch-plough furrows at Utne (site 6). The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.




Figur 2_6. Profil av åker, austre del av lokaliteten. Dei runde hola i profilveggen til venstre for målestokken er frå prøveuttak for pollenprøver. Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum..

Figure 2_6: Field profile from the eastern part of the site. The circular holes to the left of the scale are traces of soil sampling for pollen analyses. The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.




Figur 2_10: Nøstvedtøks. Foto: Ellen C. Holte, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_10: A Neolithic stone axe. Photo: Ellen C. Holte, Museum of Cultural History.




Figur 2_7: Profildeikning av åker, vestre del av lokaliteten. Prøveuttak for pollen- og jordmikromorfologiske prøver er avmerka. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 2_7: Profile drawing of the field from the western part of the site. Soil sampling for pollen- and micromorphological analyses have been marked. Illustration: Kathrine Eikrem.



Figur 2_9: Ardspor på Utne (lokalitet 6), vestre del av lokaliteten. Biletet er teke mot sør. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_9: Scratch-plough furrows at Utne (site 6), in the western part of the site. The picture was taken to the south. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 2_8: Profildeikning av åker, austre del av lokaliteten. Prøveuttak for pollen- og jordmikromorfologiske prøver er avmerka. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 2_8: Profile drawing of the field from the eastern part of the side. Soil sampling for pollen- and micromorphological analyses have been marked. Illustration: Kathrine Eikrem.

Tabell 2_1. ¹⁴C-datering frå åker. Kalibrert i bøve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 2_1: Radiocarbon dating of the pre-historic field. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5617	Korn, bygg	Åker	2210 + 40	BC 355–170

Førebels tolking og oppsummering

Åkrar og ardspar er antatt å representere førhistorisk dyrkingsaktivitet, og dei er rekna for å vere samtidige. Eit makrofossil av korn frå åkeren er datert til førromersk jernalder, og åkeren er venta å ha hatt ei brukstid innanfor denne perioden. Varigheita for åkerdrifta er uvisst. Funn av ei nøstvedtøks i åkeren kan skrive seg frå ein tidlegare aktivitetsfase i

området. Dei naturvitskaplege analysane stadfesta at desse laga representerer ein åker, men dei har også bidrege med utfyllande og nye opplysningar som ikkje let seg påvise gjennom ei arkeologisk gransking. Resultata av den arkeologiske undersøkinga og dei naturvitskaplege analysane vert drøfta i avsnittet «Drøfting og oppsummering».

bakgrunn av denne eine prøva. Dateringa frå eldstaden syner til ein aktivitetsfase i området i romartid, men har i denne samanheng størst relevans med omsyn til å gje ei bakre datering av kulturlaget til eldre romartid.

Tolking

Grøftene og kulturlaget låg i fysisk relasjon til kvarandre, og dateringane som føreligg tyder på at dei kan vere etablerte og i bruk samstundes. Det føreligg ikkje gjenstandsfunn som indikerar kva funksjon dei kan ha hatt. Trass i dei mange gröftene, nærleiken og regulariteten mellom dei, er det lite truleg at dei representere dreneringsgrøfter, då dei ligg på tvers av den naturlege hellinga i terrenget. Funksjonen til gröftene og kulturlaget er førebels uviss.

Oppsummering

Delar av sju gröfter og eit kulturlag kan vere etablert og i bruk samstundes i århundre før og etter Kristi fødsel. Funksjonen til dei er uviss.

RYDNINGSRØYSER (C54970)

Innleiing

To rydningsrøyser vart påvist i den austre delen av feltet, jf. figur 2_4. Røysene ligg med om lag sju meters mellomrom, og vart påvist rett under den moderne matjorda. Det føreligg makrofossil- og pollenanalyser frå baa røysene, og desse syner mellom anna at bygg har vore dyrka i området. Alderen til røysene er uviss, men dei stratigrafiske tilhøva tilseier at den eine av dei (S-23045) er yngre enn kulturlaget og gröftene som er presentert over. Det er målt inn omkrinsen av røysene, saman med ein del enkeltsteinar i dei. Røysene er snitta og dokumentert i profil.

Presentasjon

Rydningsrøys S-23045

Røysa var mest oval i plan og målte ca. 0,7 x 1 meter. Største djupne var ca. 80 cm. Røysa bestod av stor stein (70 x 100 cm) i sentrum, og elles av hovud- og nevestor stein, sjå figur 2_12 og 2_13. Fyllmassane i toppen og den øvre delen av røysa bestod av brun humushaldig matjord, medan massane under dei store steinane bestod av eit mørkt kolhaldig humuslag med synlege trekolbitar. Eit flintavslag vart påvist her. Røysa syntes å ligge på undergrunnen.

Tabell 2_2: ¹⁴C-dateringar frå gröft og eldstad på Utne (lokalitet 6). Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 2_2: Radiocarbon datings of a ditch and a fireplace at Utne (site 6). Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
T-17074	Trekol, bjørk	Eldstad, S-23029	1765 ± 80	AD 210–395
TUa-5701	Trekol, bjørk	Grøft, S-23058	2075 ± 45	BC 165–AD 0

Rydningsrøys S-23018

Røysa hadde ei uklar form i plan og målte 2,6 x 2,9 meter. Største djupne var ca. 40 cm. Røysa bestod av hovudstor stein. Fyllmassane bestod av brungrå leirhaldig humus med ein del trekol, sjå figur 2_14 og 2_15. Fem flintavslag vart påvist i fyllmassane. Røysa låg på undergrunnen.

Naturvitskaplege prøver

Seks makrofossilprøver og ni pollenprøver frå røysene er analysert (Sandvik og Sageidet dette band).

Datering

Det føreligg ikkje radiologiske dateringar frå røysene. Den eine røysa, S-23045, ligg over kulturlaget og må derfor vere yngre enn dette. Det er imidlertid uviss om røysene er frå førhistorisk eller nyare tid.

Tolking

Det er ikkje påvist konstruksjonar eller gjenstandsfunn som tyder på at røysene er graver, og baa røysene er tolka som rydningsrøyser. Rydningsrøyser førekjem gjerne i dyrkingssamanhengar. Konstruksjonen av røysa S-23045 tyder på at dei store steinane er forsøkt samla i sentrum av røysa, og deretter er mindre stein kasta over. Dei store jordmassane som har samla seg mellom steinane kan tyde på at røysa har vorte til over lengre tid. Det er kasteavstand mellom dei to røysene, og dette kjennetekar mange felt med førhistoriske rydningsrøyser (Myhre 2002:92). Baa røysene er etablert på undergrunnen, men det er imidlertid uavklart om dei har vore i bruk samstundes eller om dei har avløyst kvarandre.

Oppsummering

To rydningsrøyser vart påvist. Nærleiken mellom dei og stratigrafiske tilhøve tilseier at dei kan vere samtidige, men alderen er uviss.


ANDRE STRUKTURAR OG GJENSTANDSFUNN

Omkring 20 strukturar og større parti med ardspor og åkrar inngår i tolkingar og er gjort greie for over. Resten av strukturane som vart målt inn, om lag 110 stykker, var for ein stor del moderne anlegg og strukturar med ukjent funksjon. Øvrige strukturar på lokalitetane var eldstadar og kokegroper og eit sett kjerrespor, desse vert omtala under. Lokaliseringa av samtlege av desse strukturane kjem fram på figur 2_3 og 2_4.



Figur 2_12: Rydningsrøys S-23045 i plan. Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, kulturhistorisk museum.

Figure 2_12: Plan picture of clearance cairn S-23045. The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.




Figur 2_13: Plan- og profildekning av rydningsrøys S-23045. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 2_13: Plan- and profile drawing of clearance cairn S-23045. Illustration: Kathrine Eikrem.



Figur 2_14: Rydningsrøys S-23018 i plan. Biletet er teke mot sør. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_14: Plan picture of clearance cairn S-23018. The picture was taken to the south. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 2_15: Plan- og profildeikning av rydningsrøys S-23018. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 2_15: Plan- and profile drawing of clearance cairn S-23018. Illustration: Kathrine Eikrem.

Eldstad, kokegroper og flekkar av kol

To eldstadar vart påvist lengst aust på lokaliteten, S-23029 og S-23051, sjå figur 2_4. Den eine av desse, S-23029, vart påvist i kulturlaget og er omtala over. Den andre eldstaden, S-23051 har i plan ei mest oval form og målte 54 x 68 cm. Han vart ikkje snitta og det føreligg ikkje datering. I tillegg vart det lengst aust på lokaliteten påvist fleire flekkar av kol som kan skrive seg frå øydelagde eldstadar.

Lengst vest på lokaliteten vart det påvist to kokegroper, S-23004 og S-23006, sjå figur 2_3. Båe var tilnærma runde i plan og storleiken var høvesvis 0,4 x 1 meter og 0,7 x 0,7 meter. Båe vart snitta og største djupna var 4 og 12 cm. Det føreligg ikkje datering.

Kjerrespor

Om lag midt på lokaliteten vart det påvist to parallelle spor som vart tolka som avtrykk etter kjerrespor, sjå figur 2_4 og 2_16. Spora vart påvist over ein lengde på ca. 30 meter, og breidda for kvart av spora var kring 0,60 meter. Avstanden mellom spora var frå 1,3–1,5 meter. Spora vart snitta og ardspar vart påvist under kjerrespora. Det føreligg ikkje datering, men dei stratigrafiske tilhøva stadfestar at kjerrevegen, som forventa, er yngre enn ardspara. Kjerrespora er venteleg frå nyare tid.

Funn

I det moderne pløyelaget vart det funne delar av eit bryne av skifer med trekanta tverrsnitt (C54969/10). Største lengde er 11,3 cm, sjå figur 2_17. Øvrige funn frå pløyelaget er kring 20 avslag av flint og eit av kvarts.



Figur 2_16. Kjerrespora er synlege som to mørke parallelle striper langs feltkanten til venstre på biletet. Biletet er teke mot vest. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_16: Cartwheel lines are visible as two dark, parallel stripes alongside the edge of the site to the left in the picture. The picture was taken to the west. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 2_17: Hengebryne av skifer. Foto: Ellen C. Holte, Kulturhistorisk museum.

Figure 2_17: A whetstone of slate. Photo: Ellen C. Holte, Museum of Cultural Museum.

PLANTEMAKROFOSSIL (PUS)

Det er samla inn og flotert 29 prøver til plantemakrofossilanalyse frå Utne, og 20 av prøvene er analysert (tabell 2_3 og vedlegg 1/tabell 1_1).

Grøfter og eldstad (C54969)

Det er analysert plantemakrofossilar i tre prøver frå desse strukturane. Det er trekol og diasporar i alle prøvene. Det er påvist dyrka planter og andre planter, men ingen viltveksande matplanter og eittårige ugras.

Gruppe 2: Dyrka planter

Det er dyrka planter i form av uspesifisert korn (Cerealia) og kornfragment i små mengder i prøva frå grøfta S-23068.

Gruppe 5: Andre planter

Andre planter er representert av små mengder av maure (*Galium*) og diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie (Varia).

Plantene frå grøftene og eldstaden

Det er funne små mengder diasporar av dyrka planter i form av korn og andre planter i ei av desse prøvene.

Røyser (C54970)

Det er analysert plantemakrofossilar i seks prøver fordelt på to røyser. Det er trekol i fem prøver og diasporar i ei prøve frå kvar røys. Det er påvist små mengder viltveksande matplanter og andre planter, men ingen dyrka planter og eittårige ugras i desse prøvene.

Gruppe 3: Viltveksande matplanter

Det er funne viltveksande matplanter i form av bringebær (*Rubus idaeus*) i små mengder i ei prøve frå røysa S-23045.

Gruppe 5: Andre planter

Andre planter i form av diasporar som ikkje er

identifisert til art, slekt eller familie (Varia) er funne i små mengder i ei prøve frå kvar røys.

Plantene frå røysene

Det er funne små mengder diasporar av den viltveksande matplanta bringebær (*Rubus idaeus*) og uspesifiserte andre planter i prøvene frå røysene.

Åkrar (C54971)

Det er analysert plantemakrofossilar i 11 prøver frå ymse åkerlag. Det er trekol i alle og diasporar i sju av prøvene. Det er påvist dyrka planter, viltveksande matplanter, eittårige ugras og andre planter i desse prøvene. Det er i tillegg påvist ein uforkola diaspor av dyrka, importerte planter.

Gruppe 1: Dyrka, importerte planter

Som ein kuriositet må nemnast det einaste sikre plantemateriale frå E6-prosjektet Østfold som må reknast til gruppa Dyrka, importerte planter (Gruppe 1 hos Sandvik 2006). Diasporen det er tale om er ein ikkje-forkola druestein (*Vitis vinifera*) funne i det øvste laget av åkerjorda på Utne (C54971).

Gruppe 2: Dyrka planter

Det er dyrka planter i form av bygg (*Hordeum vulgare*) og kornfragment i små mengder i til saman to av prøvene av åkerjord frå Utne.

Gruppe 3: Viltveksande matplanter

Det er funne viltveksande matplanter i form av bringebær (*Rubus idaeus*) i små mengder i ei prøve.

Gruppe 4: Eittårige ugras

Det eittårige ugraset pengeurt (*Thlaspi arvense*) er funne i ei prøve.

Gruppe 5: Andre planter

Andre planter i form av storr (*Carex*) og soleie (*Ranunculus*) er funne i ei prøve, melde (*Atriplex*) (*Chenopodium*) saman med syre/høymole (*Rumex*) i ei

Tabell 2_3. Utne, lokalitet 6, Sarpsborg kommune, Østfold. Fordelinga i ulike strukturar av prøver med dyrka planter, åkerugras, viltveksande matplanter og andre planter samt trekol. Tala viser kor mange prøver som inneheld materialet av typen som går fram av kolonneoverskrifta.

Table 2_3: Utne (site 6), Sarpsborg municipality, Østfold. The distribution of diaspores from domesticated plants, field weeds, wild food plants and other plants, as well as charcoal found in samples from different structures. The figures show how many samples that contains materials of the type specified in the column heading.

Strukturar	C-nummer	Prøver totalt.	Prøver med diasporar	Gruppe 2: Dyrka planter	Gruppe 3: Viltveksande matplanter	Gruppe 4: Eittårige ugras	Gruppe 5: Andre planter	Trekol
Grøfter og eldstad	54969	3	3	1			3	3
Røyser	54970	6	2		1		2	5
Åker	54971	11	7	2	1	1	7	11
Sum prøver		20	12	3	2	1	12	19

anna prøve og diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie (Varia) er funne i til saman sju prøver.

Plantene frå åkrane

Det er funne små mengder dyrka planter i form av bygg (*Hordeum vulgare*) og kornfragment i to av prøvene frå åkerjorda. Viltveksande matplanter i form av bringebær (*Rubus idaeus*) er funne i ei prøve, og i ei anna prøve det eittårige ugraset pengeurt (*Thlaspi arvense*). Av andre planter er storr (*Carex*), melde (*Atriplex/Chenopodium*), soleie (*Ranunculus*) og syre/høymole (*Rumex*) representert i minimale mengder i til saman to prøver, medan diasporar som ikkje er identifisert til art, slekt eller familie er påvist i sju prøver.

Den uforkola diasporaen av drue (*Vitis vinifera*) frå åkerjorda på Utne er det einast funnet i sitt slag frå E6-prosjektet Østfold. Røynslene frå undersøkingar på nokre lokalitetar i Rogaland (Sandvik 2001, Børsheim og Soltvedt 2002) syner at både uforkola druesteinar og anna plantemateriale kan bli tilført dyrka mark gjennom spreiding av naturgjødsl. Ymse planterestar i naturgjødsla blir transportert nedover i lausmassane og blanda med eldre planterestar gjennom bioturbasjon eller anna omroting i jorda.

¹⁴C-dateringar av korn

Ei prøve av bygg (*Hordeum vulgare*) frå åkerjorda S-23009 er datert til eldre jernalder 400–150 f.Kr. (Cal. 2 sigma, TUA-5617), sjå figur 2_18.

Plantene frå Utne

Utrekningar basert på tala som er presentert i tabell 2_3 syner at det totalt er diasporar i 60 % av prøvene frå Utne, medan representasjon av dyrka planter er på 15 %. Det er minimale funn av både viltveksande matplanter, eittårige åkerugras og andre planter.

Oppsummering plantemakrofossil

Den vanlegaste typen av plantemakrofossilar i prøvene frå Utne er trekol som er representert i 19 av 20 prøver. Bortsett frå trekolet er det lite plantemakrofossilar, men både dyrka planter, viltveksande matplanter, eittårige ugras og andre planter er representert. Sageidet (dette bandet) viser også til at prøvene er heller skrinne, men med eit utval av pollen som indikerar dyrking på staden. ¹⁴C-dateringar av korn frå åkerjorda S-23009 tyder på at det har vore dyrking på Utne attende til eldre jernalder.

JORDMIKROMORFOLOGI (BMS)

Det ble samlet inn seks prøver til mikromorfologisk analyse fra Utne (lokalitet 6) (Sageidet 2006b og vedlegg 15). Prøvene MM 23001, MM 23002 og MM 23003 er fra profilet gjennom åker og ardsplor fra den østre delen av lokaliteten og prøvene MM 23004, MM 23005, MM 23006 er fra profilet gjennom åker og ardsplor fra den vestre delen av feltet. Prøvene ble tatt i «tripp-trapp mønster» nedover profilet, se figur 2_3, 2_4, 2_7 og 2_8.

Åker og ardsplor

Beskrivelse av tynnslipene

Tynnslipet MM 23001 gir et noe homogent inntrykk og er nærmere beskrevet i tabell 2_4.

Tynnslipet MM 23002 er karakterisert ved en kanalstruktur og er beskrevet i tabell 2_5.

Tynnslipet MM 23003 viser to skarpt avskilte lag og er beskrevet i tabell 2_6.

Prøven MM 23004 ble samlet ved ardsplor, ved overgangen mellom matjordslaget og gammelåkeren, ca. 30 cm under markoverflaten. Tynnslipet er beskrevet i tabell 2_7

Prøven MM 23005 ble samlet inn ved ardsplor, ved overgangen av ulike nivåer i åkerlaget, ca. 41 cm under markoverflaten. Tynnslipet er beskrevet i tabell 2_8.


Prøven MM 23006 ble samlet inn ca. 48 cm under markoverflaten ved ardsplor og overgangen gammelåker og (B?/C)-horisonten. Tynnslipet er beskrevet i tabell 2_9.

Tolkning av tynnslipene

De seks tynnslipene gir et bilde av utviklingen av et åkerprofil over tid. Siden det nederste laget i profilet er representert i tynnslip MM 23003, begynner tolkningen med denne.

MM 23003 (1)

Det nederste delareal i tynnslip MM 23003 viser sanddominert materiale som ligner kornstørrelser på delareal 1 i tynnslip MM15002 fra lokalitet 13 på Bjørnstad. Men sandlaget her er tydelig sterkere påvirket fra lagene ovenfor, som er rikere på organisk materiale og har høyere silt og leireandel. Fremskridende jordsmonnutvikling i senere tid har ført til noe nedvaskning og impregnering med leire fra de overliggende lag med jordbruksaktivitet (Courty *et al.* 1989:132). Men leiren er i dette laget overveiende knyttet til aggregater av silt og sand og viser lav til middels dobbeltbrytning under krysspolarisert lys (XPL). Ved siden av en langsom



Figur 2_18. Utne (lokalitet 6), Sarpsborg kommune, Østfold: ^{14}C -dateringar utført på prøve av korn. Kalibrert i høve OxCal 3:8 (Bronk Ramsey 1995, 2000).

Figure 2_18: Utne (site 6), Sarpsborg municipality, Østfold. Radiocarbon dates made on a sample of carbonized cereals. Calibrated according to OxCal 3:8 (Bronk Ramsey 1995, 2000).

Tabell 2_4: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23001.

Table 2_4: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23001.

Delareal på tynnslipet	1
Mikrostruktur og porøsitet	Interkorn-mikroaggregat-mikrostruktur, vanlig kammeraktige hulrom, de fleste mindre enn 1mm, enkelte opp til 3 mm, flere kanaler (opp til 0,7 mm), TVS: 40 %.
Mineralsk materiale	G/f: 50:50, porfyrisk forholdsfordeling, flere stein (opp til 6 mm), mineralkorn på størrelse 10–500 μm .
Mineralsk materiale < 10μm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Organo-mineralsk materiale (PPL: grågulbrun), dominant kvarts, calcite forekommer, flere fytolitter.
Trekull og brent organisk materiale	Flere spredde trekullpartikler (ca. 0,5–2,5 mm), delvis med oransje impregneringer.
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Hypig amorfe sterkt nedbrutte rester av plantemateriale (opp til 3 mm).
Jordsmonn/pedokjennetegn	Spredde noduler av jern og manganoksider/hydroksider (100–200 μm), få impregneringer av matriks materiale med jern (PPL: mørkerød) og vanlig impregnering av matriksmateriale med mangan (PPL: svart til mørkebrun), vanlig silt-belegg på mineralkorn (20–200 μm) og silt-innfill mellom mineralkorn.

Tabell 2_5: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23002

Table 2_5: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23002.

Delareal på tynnslipet	1
Mikrostruktur og porøsitet	Kanalstruktur og interkorn-mikroaggregat-mikrostruktur, flere større kanaler opp til 2,5 mm i tverrmål, enkelte kammeraktige hulrom (1–2 mm), TVS: 40 %.
Mineralsk materiale	G/f: 20:80, porfyrisk forholdsfordeling, få stein (2–7 mm), mineralkorn på størrelse 20 μm – 1 med mer, dominant kvarts, litt plagioclase, feltspat og calcite.
Mineralsk materiale < 10μm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Organo-mineralsk materiale (PPL: gråbrun), (vanskelig å se fytolitter eller diatoméer pga. problemer med å få fokus i den nødvendige forstørrelsen!, muligens for tjukke glassplate ??).
Trekull og brent organisk materiale	Vanlig spredde trekullpartikler (opp til 6 mm), delvis med oransje impregneringer, hovedsakelig lokalisert i de nedre 2,5 cm av tynnslipet.
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Vanlig organo-mineralsk materiale, få amorfe sterkt nedbrutte rester av plantemateriale (opp til 2 mm, PPL: gul(grønn) til guloransje), enkelte soppspor.
Jordsmonn/pedokjennetegn	Spredte noduler av jern og mangan oksider/hydroksider (50–100 μm), vanlig impregnering av matriks materiale med leire (PPL: oransje) og vanlig impregnering av matriksmateriale med mangan (PPL: mørkebrun), vanlig silt-innfill mellom mineralkorn, enkelte ekskrementer (av «mites» ?)

Tabell 2_6: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23003.

Table 2_6: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23003

Delareal på tynnslipet	1,	2,
Mikrostruktur og porøsitet	Enkeltkorn-, lokalt brusammenbundet og enkelte steder interkorn-mikrostruktur, kanaler og sprekker opp til 2 mm, TVS: 40 %.	Komplekst svamp- og plateaktig noe prismatisk mikrostruktur, antydning på horisontal orientering av matriksmateriale, Kanaler og kammeraktige hulrom opp til 4 mm, hovedsakelig i øvre halvparten av tynnslipet, TVS: 45 %.
Mineralsk materiale	G/f: 90:10, chitonisk til monisk forholdsfordeling, mineralkorn på størrelse dominerende 10–300 µm, opp til 800 µm, dominerende kvarts, grønne «igneous rocks»	G/f: 80:20, chitonisk til monisk forholdsfordeling, mineralkorn på størrelse 10–500 µm), dominerende kvarts, bit av brent keramikk, (4 mm).
Mineralsk materiale < 10µm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Lite organo-mineralsk materiale mellom mineralkorn.	Lite til hyppig organo-mineralsk materiale, noe konsentrert på enkelte områder av matrikspotentiale. (Vanskelig å se fytolitter eller diatomer p.g.a. problemer å få fokus i den nødvendige forstørrelsen!, muligens for tynne glassplate ??).
Trekull og brent organisk materiale	-	Vanlig spredde trekullpartikler (opp til 2,5 mm), delvis med oransje impregneringer («nightsoil»?!).
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Enkelte sterkt nedbrutte amorfe (PPL: gul-oransje) rester av plantemateriale.	Enkelte amorfe sterkt nedbrutte (PPL:gul) rester av plantemateriale, små biter (200 µm) av brent bein.
Jordsmonn/pedokjennetegn	Vanlig spredde noder av jern og mangan oksider/hydroksider, flere leireimpregneringer på matriksmateriale, teksturpedokjennetegn: nedgravet kanal av insekt(?), 1,5 cm lang, 3 mm bred).	Hyppig spredde noder av jern og mangan oksider/hydroksider, enkelte leireimpregneringer på matriks materiale.

Tabell 2_7: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23004.

Table 2_7: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23004.

Delareal på tynnslipet	1
Mikrostruktur og porøsitet	Kanal og interkorn mikroaggregat mikrostruktur, sprekker og kanaler opp til 3 mm bred, TVS: 40 %.
Mineralsk materiale	G/f: 35:65, porfyrisk forholdsfordeling, dominant mineralkorn på størrelse 10 µm–1mm, flere stein på størrelse 1–8 mm) kvarts, mica, calcite.
Mineralsk materiale < 10µm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Vanlig organo-mineralsk materiale (nesten uten dobbeltbrytning), flere til hyppig ulike fytolitter, flere diatomer.
Trekull og brent organisk materiale	Enkelte mer eller mindre strukturløse trekullpartikler (200 µm).
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Flere tverrsnitt av røtter (opp til 3 mm), PPL: sterk dobbeltbrytning, vanlig sterkt nedbrutt organisk materiale av plantevev (Opp til 2 mm, PPL: lysoransje), 1 jf. Spore.
Jordsmonn/pedokjennetegn	Karakteristisk tekstur-pedokjennetegn: «omskyvet» matriksmateriale, Flere til vanlig med svarte «spots» av manganhydroxid, leire impregnering på mineralkorn og på matriks materiale, ekskrementer av jf. «mites» utvasket sone på mineralkorn.

nedvasking med naturlige hydrologiske strømninger, kan en del av leiren ha blitt transportert ned ved graveaktivitet av dyr eller mennesker. Antagelig ved bioturbasjon er noe av materialet fra delarealene 1 og 2 blitt blandet. Biologisk omrotning i form av en dyp

gravekanal, trolig forårsaket av et insekt, er synlig med det blotte øye på tynnslipet. Ved overgangen mellom delareal 2 og delareal 1 viser materialet ingen tegn på kompresjon eller lagdeling. Det vises heller ingen slike effekter eller noen spesiell orientering av

Tabell 2_8: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23005.

Table 2_8: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23005.

Delareal på tynnslipet	1
Mikrostruktur og porøsitet	Interkorn-mikroaggregat-mikrostruktur, vanlig kammeraktige hulrom opp til 1 mm, flere kanaler (opp til 0,5 mm), TVS: 40 %.
Mineralsk materiale	G/f: 40:60, porfyrisk forholdsfordeling, flere mineralkorn (opp til 3 mm), mineralkorn på størrelse 10–700 µm, dominant kvarts, plagioclase feltspat, calcite.
Mineralsk materiale < 10 µm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Organo-mineralsk materiale (PPL: gråbrungul), vanlig fytolitter, enkelte diatoméer.
Trekull og brent organisk materiale	Enkelte spredte trekullpartikler (opp til 2 mm), delvis med silt-belegg.
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Hyppig spredd amorf av lag delvis sterkt nedbrudt plantemateriale (opp til 2 mm, PPL: gul), flere soppsporer.
Jordsmonn/pedokjennetegn	Spredte noder av jern og mangan oksider/hydroksider (100–150 µm), enkelte impregnering av matriksmateriale med leire (PPL: oransje) og vanlig impregnering av matriksmateriale med mangan (PPL: mørkebrun), noe silt-innfyll mellom mineralkorn, utvasket sone på mineralkorn.

Tabell 2_9: Utne (lokalitet 6). Mikromorfologisk beskrivelse av tynnslip MM 23006.

Table 2_9: Utne (site 6). Micromorphological description of thin section MM 23006.

Delareal på tynnslipet	1
Mikrostruktur og porøsitet	Interkorn-mikroaggregat-mikrostruktur og lokal kanalmikrostruktur, enkelte kanaler opp til 1,5 mm i tverrmål, en kammeraktig hulrom (5 mm), TVS: 35 %.
Mineralsk materiale	G/f: 25:75, porfyrisk forholdsfordeling, mineralkorn på størrelse 10 µm–0,8 mm, dominant kvarts, feltspat.
Mineralsk materiale < 10 µm og uorganiske rester av biologisk opprinnelse	Organo-mineralsk materiale (PPL: gråbrun), vanlig fytolitter av jf. gress, enkelte diatoméer.
Trekull og brent organisk materiale	Flere spredte trekullpartikler (opp til 4 mm), delvis med oransje impregneringer, flere (til hyppig) biter av brent bein (150–250 µm).
Ubrent materiale fra planter, dyr eller sopp	Vanlig organo-mineralsk materiale, få amorfe sterkt nedbrudde rester av plantemateriale (opp til 2 mm, PPL: gul/grønn) til guloransje, enkelte soppsporer.
Jordsmonn/pedokjennetegn	Større områder av flere millimeter med sterkt oransje (PPL) innfillinger av leire i matriksmateriale, spesielt i nedre halvparten av tynnslipet, Spredte noder av jern og manganoksid/hydroksider (20–90 µm), og vanlig impregnering av matriksmateriale med mangan (PPL: mørkebrun).

porene. Denne overgangen er derfor åpenbart en horisontovergang og har aldri vært for eksempel en overflate. Dette nederste laget er fritt for trekullpartikler og brent organisk materiale, og synes derfor ikke å ha blitt påvirket av mennesker.

MM 23003(2), MM 23006

Materiale i delareal 2 i tynnslip MM 23003 og i tynnslip MM 23006 synes å representere to antagelig kontinuerlige lag, som er karakteristisk heterogent og sammensatt av områder med ulike typer mikrostruktur. Spesielt tynnslip MM 23006 viser tallrike leire-pedokjennetegn, og også jern- og manganimpregnering, som tyder på indusert kjemisk aktivitet i jorda. Her har det åpenbart foregått antropogen aktivitet, antydnet ved spredte trekullpartikler, og en bit av keramikk i tynnslip MM 23003. Spesielt i MM 23003, men også i MM 23006 viser det seg ganske mange spredte små (ca. 100–300 µm) biter av brent

bein. Partikkelstørrelsen gjør det sannsynlig at disse er blitt blåst hit med vinden. Disse beinbitene forekommer bare innenfor et visst nivå. Og dette kan understreke at det er en rimelig sannsynlighet for at de kom fra gravene i nærheten. I så fall vill det være en tidsmessig sammenheng mellom gravene og aktivitetene på denne delen av lokaliteten. Flere «ingredienser» som for eksempel noen jordaggregater er ikke formet in situ, men blandet inn fra andre jordlag og/eller aktivitetsområder. Det dominerende organo-mineralske materialet inneholder mange fytolitter og diatoméer. Dessverre var det meget vanskelig å fokusere under 40 x forstørrelsen i tynnslip MM 23003, slik at fytolitter eller diatoméer her var nesten umulig å identifisere. (Problemet skyldes muligens en for tynn glassplate?) Fytolittene kan vitne om urte- og gressvegetasjon. Mangelen på rester av røtter kan understreke dette. De tallrike diatoméer kan indikere en vanddam eller lignende, eller diatoméene kan ha kommet inn med materiale

fraktet hit fra fuktige jordsmonn. Fytolittene og diatomeene sammen kan også være rester av godt innblandet gjødslet jord. Det er vanskelig å si om dette laget har vært dyrket.

Materialet i tynnslip MM 23006 synes for kompakt til å ha blitt dyrket (Gebhardt 1992: 375), og flere av de andre kjennetegnene som kan tyde på dyrkning, som for eksempel leireaggregatene, synes heller å ha blitt blandet inn/vasket ned fra et åkerlag lengre opp i profilet. Det er også flere og større trekullpartikler i MM 23006, og materialet er både mer kompakt og heterogent enn i MM 23003. Plassen kan for eksempel ha blitt brukt til deponering i kanten av en åker, eller blitt brukt som lagerplass hvor det til tider ble tent bål i nærheten.

I tynnslip MM 23003 derimot er det noen antydninger i poremønsteret til at laget har blitt bearbeidet med en hakke (Gebhardt 1992:378). Mikrostrukturen kan representere den i en åker og det forekommer noen leireimpregneringer som er vanlig i åkerjord.

MM 23002 og MM 23005

Sammenligning mellom disse to tynnslipene viser at materialet i profilet i vestre del av feltet er mer heterogent sammensatt enn det i østre delen av feltet. Laget som er representert i tynnslip MM 23002 viser en mikrostruktur og en del blanding og forskyvning i tekturen som synes å være spor etter jordbearbeidelse. I tynnslip MM 23005 er slike kjennetegn mindre synlig, men det kan for eksempel skyldes en kompaksjon av materiale i ettertid. En god del nedbrutt plantemateriale og forekomsten av mange fytolitter kan tyde på noe gressvegetasjon. Sammen med diatoméene kan det også være spor etter påført materiale, som er blitt godt innarbeidet ved antagelig både dyrking og jordfaunaaktivitet (se under tolkningen for første fasen, MM 23003 (2), MM 23006). I tynnslip MM 23005 ble det funnet en liten stein med jernbelegg, som er utvasket i kantene, noe som er en god indikasjon på forsuring av jordmiljøet i ettertid.

MM 23001 og MM 23004

Tynnslipene viser en mikrogrynstruktur med tallrike sprekker og kanaler og relativ høy porøsitet. Andel finmateriale er høy og det organiske materiale er godt nedbrutt. Det forekommer mange fytolitter, enkelte røtter, og flere trekullpartikler. Det er enkelte hull av antagelig meitemark. Disse kjennetegnene gir sammen en rimelig indikasjon på åkerjord. Teksturen som er synlig på tynnslipet med det blotte øyet viser spor etter en plog med karakteristisk «omskyvet» jordmateriale (Gebhardt 1992). De observerte røtter viser middels til høy dobbelbrytning, noe som indikerer at finstrukturen til cellulose-fibrene ikke er nedbrutt enda. Dette indikerer at røttene ikke er særlig gamle (Babel 1975:399). Laget representerer åpenbart et

åkerlag fra nyere til moderne tid. Noen enkelte gulaktige impregneringer av matriksmaterialet kan være calciumfosfatutfelling.

Sammenfatning

Lokaliteten synes å ha blitt tatt i bruk av mennesker ved jordbearbeidelse i østre del av feltet. Her har det muligens vært dyrket mark. Gress kan ha vokst på lokaliteten, eller kan ha blitt innblandet ved jordforbedrende tiltak. Den vestre delen av feltet har i denne første fasen antagelig ikke blitt dyrket. Den ble muligens brukt til oppholdsplass eller (tilfeldig) deponering av overflødig jord, gjødsel eller lignende. I en annen fase har det vært dyrkningsaktivitet både på den østre og den vestre delen av feltet. Den øverste delen av profilet representerer åkerlaget fra nyere til moderne tid.

POLLENANALYSE

Det er gjennomført pollenanalyse av to profiler på Utne, lokalitet 6, fra røys S-23045 og fra røys S-23018 (Sageidet 2006a). Pollendiagrammet fra analysene blir presentert i vedlegg 7 og 8.

Røys S-23045

Bevaringen av pollen i det meget sandholdige profilet var svært dårlig. Hele profilet er dominert av sporer og av nedbrutte pollen, som ikke var mulig å identifisere nærmere. Prøvene 714 og 716 var så å si tomme for pollen, og bare for prøven 715 (PP 23011) var det mulig å få en pollensum på over hundre ved å analysere fire hele preparat. Tabell 2_10 gir en oversikt over pollenprøvene fra røys S-23045.

Beskrivelse av pollenprøver

Pollenanalysen er fremstilt i vedlegg 7. I prøvene 712, 713 og 715 ble det registrert enkelte pollen av bjørk (*Betula*), lind (*Tilia*) og gras (*Poaceae*), i den nederste prøven (712) også av or (*Alnus*), korgplante- og meldefamilien (*Asteraceae* og *Chenopodiaceae*). I prøve 715 dominerte pollen av korgplantefamilien (*Asteraceae*) med ca. 20 %. I denne prøven ble det dessuten registrert enkelte pollen av eik (*Quercus*), soleie-, nellik-, lyng-, og rosefamilien (*Ranunculaceae*, *Caryophyllaceae*, *Ericaceae* og *Rosaceae*). Det var mye trekullpartikler i prøvene (tilnærmet 100 % av $\sum P + x$).

Tolkning av pollenprøver

Det er lite pollen i fire av de fem prøvene fra røysen, noe som gir meget begrenset grunnlag for tolkninger. Treslagene som er påvist gjennom pollenanalysene, er også funnet på Bjørnstad. De tallrike pollen av korgblomstfamilien (*Asteraceae*) i det midterste analyserte laget (prøve 715), som også er den med best bevaring innen profilet, kan muligens indikere

en gammel engoverflate som er blitt begravd med steiner fra røysen. Det er også mulig at blomstrende planter har blitt deponert/kastet/nedlagt der, før røysen ble bygd videre oppå. En lignende påfallende høy andel av korgblomsterpollen ble registrert under tyunnslipanalysen av en grav på Gulli, Tønsberg kommune, Vestfold (Sageidet 2005a). De øvrige arkeologiske data vil kunne inkludere eller utelukke muligheten for at den undersøkte røysen også kan ha vært en gravrøys.

Sammenfatning

Polleninnholdet er meget lite, og pollenprofilen gir lite grunnlag til å vise spor etter vegetasjonsutviklingen i løpet av tiden. Laget med best pollenbevaring er dominert av pollen av korgplante-familien (Asteraceae). Det kan muligens indikere en markoverflate med engplanter som er blitt begravd med steiner fra røysen, men det er også mulig at pollenkorner er spor etter blomster som har blitt deponert på stedet før røysen ble bygd videre oppå. Dette kan være en indikasjon for at røysen også kan ha vært en gravrøys.

Røys S-23018

Bevaringen av pollen i det sandholdige profilet var meget dårlig, og prøvene var dominert av sporer og nærmest tomme for pollen. Tabell 2_11 gir en oversikt over pollenprøvene fra lokalitet røys S-23018.

Beskrivelse av pollenprøvene

I de to prøvene/pollenspektrene i midten (719, ved 11 cm, og 718, ved 17 cm), med henholdsvis 11 og 37 pollenkorner, ble det registrert enkelte pollen av gras (*Poaceae*), byggttype (*Hordeum*-type), bjørk (*Betula*), or (*Alnus*), lind (*Tilia*), gran (*Picea*),

Tabell 2_10: Utne (lokalitet 6). Pollenprøvene fra røys S-23045.

Tabell: 2_10: Utne (site 6). Pollen samples from cairn S-23045.

Pollenprøve nr.	Dybde i profilet	AmS nat. vit. j. nr. 2005/06-	Nærmere beskrivelse av laget
PP 23009 – 713	2 cm	713	Finkornet mørkebrun matjord, småstein, kullspetter
PP 23010 – 714	10.5 cm	714	Gråbrun sandholdig humus, kullspetter
PP 23011 – 715	23 cm	715	Gråsvart utvasket lag, spredte småstein, humus og kull mot undergrunnen
PP 23012 – 716	32 cm	716	Rustspettet humusholdig sand, innslag av grus
PP 23013 – 712	39 cm	712	Lyst grått/brunt lag

Tabell 2_11: Utne (lokalitet 6). Pollenprøvene fra røys S-23018.

Table 2_11: Utne (site 6). Pollen samples from cairn S-23018.

Pollenprøve nr.	Dybde i profilet	AmS nat. vit. j. nr. 2005/06	Nærmere beskrivelse av laget
PP 23052 720	4 cm	720	Mørk sandblandet jord med noen kullfragmenter (funn av skjørbrent stein)
PP 23051 719	11 cm	719	
PP 23050 718	17 cm	718	
PP 23049 717	23 cm	717	Lysere og mer sandholdig grått lag med kullfragmenter

og blåknappetype (*Succisa/Knautia*-type). Pollenanalysen er fremstilt i vedlegg 7.

Tolkning av pollenprøvene

Pollensammensetningen er så redusert i forhold til den opprinnelige, at det ikke gir grunnlag for tolkning utover en sammenligning med profiler fra samme lokalitet. Sageidet (2005b) fant en sammenheng mellom pollenbevaring, porøsitet i jorda og kulturaktivitet. Den dårlige pollenbevaringen i dette profilet kan derfor være en viss indikasjon på at selve dette profilet ikke har blitt påvirket av dyrkning eller annen kulturpåvirkning som medfører kompresjon. På den andre siden er tre pollenkorner av byggttype (*Hordeum*-type), to ved 17 cm, og et ved 11 cm, og et ubestemt *Cerealia*-type pollenkorner, ved 11 cm, innenfor den lave pollen-slummen, en ganske sterk indikasjon på dyrking av bygg (*Hordeum*), og det bekrefter større dyrkningsaktivitet i nærheten. I begge disse nivåene med kornpollen ble det observert flere fytolitter trolig av gras (*Poaceae*) eller halvgras (*Cyperaceae*) (Vuorela 1991), som «overlevde» flussyrebehandlingen. Slike planter kan understreke korndyrkning (Behre 1981). Fytolitter dannes overveiende i de vegetative planteorganer, og kan bestå igjen i jorda etter at planten er død. De representerer vanligvis en in situ deposisjon, selv om både vindtransport (Piperno 1988:44) og tilførsel av materiale til jordforbedrende formål er mulig.

Sammenfatning

Tre pollenkorner av byggttype (*Hordeum*-type) og et ubestemt kornpollen (*Cerealia*-type) av en meget lav pollensum, er gode indikasjoner på dyrking av bygg på lokaliteten, eller i nærheten. Forekomsten av fytolitter av antagelig gras eller halvgras kan understøtte dyrkning, og kan muligens vise til tilførsel av materiale til jordforbedrende formål.

DRØFTING OG OPPSUMMERING (GAB)

Dyrkingsspor

Spor etter jordbruk og dyrkingsaktivitetar i form av åkrar, ardspor og rydningsrøysar dominerar funna frå Utne, både med omsyn til reell utstrekning og bevaringsgrad. To større åkrar vart påvist i form av dyrkingslag i kombinasjon med ardspor. Det er sannsynleg at desse åkrane representerer ei samanhengande dyrkingsflate. Nærleiken mellom åkrar og ardspor, men også likskap i masser, tilseier at ardspora er avsett samstundes med at åkeren var i bruk. Jordmikromorfologianalyse stadfestar at jordsmonnet er bearbeidd og at jordforbetrande tiltak i form av gjødsling er utført. Den vestre delen av åkeren kan ha vore lagringsplass for jord eller gjødsel før området vart dyrka. Makrofossilanalyse har mellom anna identifisert bygg i jordprøvene frå åkeren, og dette er ein kornsort som kan ha vore dyrka her.

Ei radiologisk datering frå førromersk jernalder føreligg, og tyder på at åkeren var i bruk på denne tida, eller seinare. Tidspunkt for etablering og varigheit for bruken av åkeren er derimot uviss. Mikromorfologianalyse på si side har påvist to fasar for den vestre delen av åkeren; Ein lagringsfase og ein dyrkingsfase, og syner til ein relativ utviklingssekvens for bruken av åkeren.

Dei to rydningsrøysene representerer også spor etter dyrkingsaktivitetar. Pollenanalyser har vist at det truleg er dyrka bygg i nærområda til røysene, og pollensamansettinga frå den største røysa indikerar dyrkingsaktivitet. Røysene ligg ikkje i direkte relasjon til åkeren, og alderen deira er uviss. Stratigrafiske tilhøve tilseier at dei er yngre enn kulturlaget som er rekna å vere frå eldre romartid.

Andre aktivitetar

Samlinga med grøfter og kulturlaget er blant dei andre aktivitetane som er påvist på lokaliteten, men det er uvisst kva funksjon desse har hatt. Dateringar som føreligg viser imidlertid at dei har hatt ei brukstid i århundra før og etter Kristi fødsel, og ei samanfallande brukstid med åkeren og ardspora kan dermed ikkje utelukkast. Eldstadane og kokegropene er også uttrykk for aktivitet i området i førhistorisk tid, men med unntak av den eine eldstaden i kulturlaget er ikkje desse daterte. Den eldste aktivitetsbruken i området er representert ved nøstvedtøksa. Ingen andre kulturminne frå seinmesolittisk tid er påvist ved denne undersøkinga, men to seinmesolittiske lokalitetar er undersøkt i nærområdet (Berg 1998) og viser at området var i bruk på denne tida.

Oppsummering

Dyrkingsspor vart påvist i form av åker, ardspor og to rydningsrøysar. Åkeren har hatt ei brukstid i førromersk jernalder. Rydningsrøysene er av uviss alder, men dei er yngre enn yngre romartid. Eit lausfunn av ei nøstvedtøks representerer den eldste kjente bruken av området, medan eit sett kjerrespor er blant dei yngste påviste kulturspora på lokaliteten. Eit gravfelt som skulle ligge på lokaliteten vart ikkje påvist.

KAPITTEL 3

HULVEGAR PÅ KALNES NEDRE OG ØSTRE OG BJØRNSTAD SØNDRE (LOKALITET 42 OG 43)

Gro Anita Bårdseth & Barbara Maria Sageidet

INNLEIING (GAB)

Delar av to samlingar med hulveggar vart granska på Kalnes nedre og østre (lokalitet 42) og Bjørnstad søndre (lokalitet 43). Ein hulveg med fleire bruksfasar vart påvist på Bjørnstad søndre. Pollenanalyser frå denne lokaliteten har mellom anna synt at vegen har vore omgitt av barskog, og det er indikasjonar på at det har vore beiting og buplassaktivitetar i nærleiken av han. Det føreligg ingen dateringar frå hulvegen. Spor etter hulveggar lot seg ikkje gjenfinne i området som vart undersøkt på Kalnes.

Lokalitetane låg på Bjørnstad søndre (2047/19) og Kalnes nedre og østre (2045/1, 2), båe i Sarpsborg kommune. Bjørnstad søndre har ID 79109 og Kalnes nedre og østre har ID 29241 og ID 75209. Naturvitskaplege prøver frå Bjørnstad søndre har museumsnummer C54972, og desse består av sju pollenprøver som alle er analysert (Sageidet dette band). Det vart ikkje tildelt museumsnummer til undersøkinga på Kalnes nedre og østre fordi det ikkje vart gjort gjenstandsfunn eller samla inn prøver derifrå.

Båe samlingane med hulveggar strekk seg utanfor reguleringsplanen. Berre områda som vart hefta av vegarbeidet, var gjenstand for prosjektet si undersøking. Dei resterande delane av lokaliteten har framleis status som automatisk freda kulturminne. Lokalitetane er rekna som undersøkt innanfor grensene til planen. Undersøkinga fann stad i tida frå 4. til 7. juli 2005 (Johansen 2005b, 2005c).

Lokalisering og topografi

Båe lokalitetane låg i skog. Kalnes nedre og østre ligg ca. ein kilometer vestsørvest for tunet til Kalnes Jordbruksskule, medan Bjørnstad søndre ligg ca. ein kilometer sørsørvest for det same tunet. Avstanden mellom hulvegane var kring ein kilometer. Dei partia som var gjenstand for undersøking låg i relativt flatt terreng. Kalnesskogen med høgdedraget Kalnesbrekka ligg vest for lokalitetane, medan E6 og dei store jorda som er karakteristisk for Bjørnstad-Kalnes-området ligg aust og sør for lokalitetane. Undergrunnen på båe lokalitetane bestod av podsoll-

profil. Høgda over havet er ca. 55 meter på Bjørnstad søndre og ca. 60 meter på Kalnes nedre og østre.

Kulturmiljø


Hulvegane ligg i eit av områda i Østfold med flest hulveggar. Det er antatt at dei mange hulvegane her har gått over Kalnesbrekka til Eidet ved Visterflo, som er eit sideløp til Glomma. Trafikken over Kalnesbrekka og Visterflo kan vere kanalisert hit for å unngå Sarpsfossen (Pedersen *et al.* 2003:291–296). Hulvegane på Bjørnstad søndre ligg i dag like aust for to større gravfelt (ID 29236, ID 39247), berre adskilt av E6. Hulvegane har nok opprinneleg passert gjennom dette gravfeltet, i alle høve er det registrert restar etter hulveggar på eit av desse gravfelta, jf. figur 1_3. Figur 3_1 syner områda som vart granska i 2005.

Målsetting og metode

Hulvegane på Bjørnstad søndre vart registrert i siste del av 1960-talet, medan dei på Kalnes nedre og østre vart registrert i 1985. Målsetjinga med undersøkinga var å datere hulvegane, særskilt interessant var det å undersøke den relative alderen på dei i høve til dei mange gravene og gravfelta frå dette området. Vidare var det av interesse å undersøke om vegane bestod av fleire fasar, om ein kunne påvise eventuelle reparaasjonar av dei eller konstruksjonsspor i tilknytning til dei. På eit overordna nivå ønska vi å undersøke kva omland hulvegane betjente (Bårdseth 2004:77).

Undersøkinga synte at hulvegen på Bjørnstad søndre bestod av fleire fasar. Det vart ikkje påvist konstruksjonsspor i tilknytning til denne hulvegen eller den på Kalnes, men pollenanalysa har gitt eit godt innblikk i vegetasjonen kring hulvegen i nett det partiet han er undersøkt, men også for eit større omland. Det føreligg korkje radiologiske eller relative dateringar frå hulvegane. Undersøkinga synte dessutan at sjølv om om hulvegane ikkje avteikna seg tydeleg på maroverflata framstod dei tydeleg i profilen.

På båe lokalitetene vart område med hulveggar snitta med gravemaskin. Snitta er lagt på tvers av antatt lengderetning for hulvegane. På Bjørnstad



Figur 3_1. Området som er granska på lokalitet 42 og 43. Ortofoto: Statens vegvesen. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 3_1: The investigated area at sites 42 and 43. Orto Photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS application: Per Erik Gjesvold.

søndre er eit område like kring hulvegen flate-avdekkja. Profilsnittet vart teikna og dokumentert. Innmåling og produksjon av kartdata vart utført ved hjelp av totalstasjon. Lokaliteten på Bjørnstad søndre vart undersøkt av metalldetektor før og etter den arkeologiske undersøkinga.

Stipulert og reelt arbeidsomfang i felt

Med bakgrunn i problemstillingane i prosjektplanen var arbeidsomfanget i felt stipulert til fire vekseverk, samt ei veke til innmåling (Bårdseth 2004:77). Det vart lagt ned 2,5 vekseverk i felt, samt 0,5 vekseverk til innmåling. Årsaka mellom stipulert og reelt arbeidsomfang i felt skuldast at det ikkje vart påvist spor etter hulvegar på Kalnes. Granskinga av denne lokaliteten vart derfor redusert.

Kildekritiske vurderingar

Lokalitetane er ikkje totalundersøkt. Som nevnt over er det berre dei delane av hulvegane som vert hefta av vegarbeidet som er undersøkt. Både lokalitetane låg i skog, og dette vanskeleggjorde arbeidet med å finne att dei registrerte hulvegane, som antageleg låg i eit langt opnare lende då dei vart registrert.



Figur 3_2: Grøfta som vart undersøkt på Kalnes nedre og østre (lokalitet 42). Bjørnstadsetta og Kalnesskogen i bakgrunnen, mot sør. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 3_2: The investigated ditch at Kalnes nedre and østre (site 42). Bjørnstadsetta and Kalnesskogen in the background, to the south. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

KALNES NEDRE OG ØSTRE

Registreringa omfattar fleire parallelle spor som er orientert nord-sør. Spora er ein stad brutt av ein veg. Samla lengde på samlinga med hulvegar er kring 600 meter. Vegane skal vere mellom 1–2 meter breie og om lag 0,5 meter djupe (Askeladden ([online])).

I området for undersøkinga var det ikkje spor etter hulvegane i form av forsenkingar i terrenget. Ved hjelp av gravemaskin vart det gravd ei grøft på tvers av antatt lengderetning for hulvegane. Grøfta var ca. 2,3 meter brei og 12 meter lang, sjå figur 3_2. Det vart ikkje påvist spor etter hulvegar i grøfta. Terrenget er nokså flatt i dette området, og ei forklaring kan vere at hulvegane ikkje har avsett spor nett her. Hulvegane lot seg imidlertid påvise vest for undersøkingsområdet, utanfor plangrensa.

HULVEG MED FLEIRE FASAR PÅ BJØRNSTAD SØNDRE (C54972)

Innleiing

Registreringa omfattar to parallelle hulvegar som var påvist i ei samla lengde på kring 120 meter. Hulvegane var orientert sørsørvest-nordnordaust. Breiddeavstanden mellom spora var ca. 4,5 meter. I området for undersøkinga var det ikkje spor etter hulvegane i form av forsenkingar i terrenget, derimot ei svak forhøgning som var orientert i same lengderetning som hulvegane. Lengre mot sørvest vart imidlertid hulvegane påvist i form av forsenkingar i undergrunnen.

Hulvegane vart snitta ved hjelp av gravemaskin på tvers av den antatte lengderetninga, og profilveggane langs kvar side av snittet vart dokumentert. Profilgrøfta målte 2,5 x 35 meter. Det vart samla inn pollenprøver for pollenanalyse frå den vestre profilveggen. Vidare utstrekning til hulvegen vart påvist med hjelp av jordbor. Hulvegen fekk strukturnummer S-23200. Eit ca. 100 m² stort felt er opna nordaust for profilsjakta, sjå figur 3_3. Ingen strukturar vart påvist.

Presentasjon

I profilsnittet og under den låge forhøgninga avteikna det seg ei tydeleg u-forma nedskjæring, med skrå sider og svakt boga botn. Største breidde i toppen av nedskjæringa var 2,45 meter, og største djupne ca. 0,64 cm. Massane bestod av sand i grå og beige farge-nyansar, avsett i mange striper og lag. Nedskjæringa vart tolka som ein hulveg. Massane i hulvegen er rekna å skrive seg frå slitasje av undergrunnen, som er transportert og avsett over lang tid. Dei mange og fine sandlaga i hulvegen tyder på at massane i han er transportert med vatn. I den øvste delen av hulvegen vart det påvist to mindre nedskjæringar med ein breiddeavstand på ca. 1,2 meter. Desse vart tolka som

kjerrespor, og må skrive seg frå ein yngre bruksfase til hulvegen, sjå figur 3_4 og 3_5.

Hulvegen lot seg gjenfinne sør for profil-snittet ved å bruke jordbor som påviste sandmassane i han. Undersøkinga med jordboret synte at hulvegen svingar svakt mot sør, sør for profilsnittet. Deretter gror hulvegen saman med ein annan hulveg som etter alt å døme er identisk med ID 11514.

Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til hulvegen, og det vart heller ikkje påvist daterbart materiale av noko slag. Radiologisk datering av hulvegen føreligg dermed ikkje.

I profilen og på kvar side av hulvegen var ytterlegare to fordjupningar påviste, og heller ikkje desse var synlege på markoverflata. Forma var u-forma med skrå sider og rund botn. Breidde og djupne var om lag som for hulvegen. Massane i desse fordjupningane bestod av svart, feit humus, og er stratigrafisk eldre enn hulvegen omtala over, sjå figur 3_6. Fordjupningane kan representere hulvegar, men er då av ein annan karakter enn hulvegen omtala over. Fordjupningane er antatt å representere eit kraftig anrikingslag i ein podsollprofil.

Naturvitskaplege prøver

Det vart samla inn sju pollenprøver, og samtlege av desse er analysert (Sageidet dette band).

Tolking

Ein hulveg vart påvist. Overraskande nok var hulvegen i terrenget synleg som ei svak forhøgning. Alderen til hulvegen er uviss, men hulvegar er tradisjonelt rekna for å vere førhistoriske ferdselsårer for ridande og gåande. Hulvegar kan dessutan ha hatt ei lang brukstid. Eit sett med kjerrespor i øvre del av hulvegen representerer den yngste kjente bruken av hulvegen. Alderen er uviss også for desse, men det er rimeleg å tru at dei er frå nyare tid. Kjerrespora representerer dessutan ein ny type transportmiddel i høve til den opprinnelege bruken av hulvegar. Nærleiken til gravfelte sannsynleggjer samtidighet med desse, men dette er ikkje verifisert gjennom dateringar. Dei mange hulvegane i nett dette området, og som er orientert mellom Visterflo og Kalnes, tyder på at dei har vore viktige som ferdselsårer, men også at området har hatt stor betydning.

Oppsummering

Ein hulveg med minst to bruksfasar er påvist.



Figur 3_3: Bjørnstad søndre (lokalitet 43). Flateavdekkja område i forgrunnen og grøft med spor etter hulveg i bakgrunnen. Biletet er teke mot nordvest. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 3_3: Bjørnstad søndre (site 43). The stripped area can be seen in the front of the picture and the ditch with traces of a hollow path in the background. The picture was taken to the northwest. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

POLLENANALYSE (BMS)

Det er gjennomført pollenanalyse av profilen gjennom hulveien på Bjørnstad søndre, lokalitet 43, se figur 3_4 (Sageidet 2006a). Pollendiagrammet fra analysen blir presentert i vedlegg 9.

Hulvei

Bevaringen av pollen i profilet (prøvene 705 – 710) var generelt bedre enn forventet i sandholdig jord. I prøve 711, tatt fra den siltholdige undergrunnen, er pollenkonsentrasjonen lavest. Prøven 711, samlet inn fra det svarte organisk laget vest for profilet, inneholdt forholdsvis mye pollen.


Andelen av sporer er relativ høy i alle prøvene. Andelen av nedbrutte pollen som ikke var mulig å bestemme nærmere, var relativ liten i forhold til andre lokaliteter. Unntaket er igjen prøve 710, hvor 40 % av de registrerte pollenkorn ikke var til å bestemme. I denne prøven var det også mest trekull-

partikler (90 % av $\Sigma P + x$). De øvrige prøvene inneholdt 40–60 % (av $\Sigma P + x$) trekullpartikler. Tabell 3_1 gir en oversikt over pollenprøvene fra hulveien.

Beskrivelse av pollenprøver

Trepollen er dominert av bjørk (*Betula*) med 20–30 % av ΣP , fulgt av or (*Alnus*) og furu (*Pinus*), hassel (*Corylus*), og lind (*Tilia*). Eikepollen (*Quercus*) og almepollen (*Ulmus*) forekommer i nesten alle spektra, mens pollen av vier (*Salix*) er påvist bare i de tre sentrale spektra.

Polleninnholdet i prøve PP 23081 skiller seg ut med litt større andeler av både bjørk (*Betula*) og or (*Alnus*). Enkelte pollen av leddved (*Lonicera*) i alle prøvene bortsett fra 711, og trollhegg (*Frangula alnus*) ble registrert. Lyngfamilien (Ericaceae) er representert med en andel på 10–15 % pollen, derav er halvparten pollen av røsslyng (*Calluna*), og enkelte pollenkorn i de tre øvre spektra av krekling



Figur 3_4. Profiltteikning av hulveg, Bjørnstad søndre (lokalitet 43), sett mot vest. Prøveuttak for pollenprøver er avmerka. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 3_4: Profile drawing of a hollow path, Bjørnstad søndre (site 43), seen to the west. Soil sampling for pollen analyses have been marked. Illustration: Kathrine Eikrem.

Tabell 3_1. Bjørnstad søndre (lokalitet 43). Pollenprøvene fra hulvei.

Table 3_1: Bjørnstad søndre (site 43). Pollen samples from a hollow path.

Pollenprøve nr.	Dybde i profilet	AmS nat. vit. j. nr. 2005/06-	Nærmere beskrivelse av laget
PP 23075–705	38 cm	705	Hjulspor, grå finkornet sand
PP 23076–706	43 cm	706	lysere grå sand, litt grusete
PP 23077–707	48 cm	707	lysere grå sand, litt grusete
PP 23078–708	55 cm	708	lysere grå sand, litt grusete
PP 23079–709	61 cm	709	Mørk grå sand, litt grusete
PP 23080–710	68 cm	710	gråbeige sand, siltaktig nederst
PP 23081–711	50 cm	711	svart organisk lag/sedimentlinse, ca. 4 meter vest for profilet, utenfor hulveien

(*Empetrum*). Gresspollen (Poaceae) ble funnet med en andel på opp til 16 % i alle prøvespektra unntatt i prøve PP 23080 hvor den ikke forekommer. Spektrumet til prøve 711 viser omtrent 2 % gresspollen. Det er noen få prosent pollen av halvgress (Cyperaceae) i alle spektrene, unntatt det øverste og det nederste i profilet.

Et pollenkorn av rug (*Secale*-type) ble registrert (ved 38 cm), tre pollen av uspesifisert korn (Cerealia-type) ved 43 cm, og et pollenkorn av hvete (*Triticum*-type) (ved 61 cm dybde). Enkelte pollenkorn av smalkjempe (*Plantago lanceolata*) og groblad (*Plantago major*) er spredt gjennom profilet, og forekommer også i prøve 711.

Blant urtepollen i profilet dominerer korgplantefamilien (Asteraceae), rosefamilien (Rosaceae) med mjødukt (*Filipendula*) og Potentillatype, Soleiefamilie (Ranunculaceae), nesle (*Urtica*), med noen prosentandeler i de fleste spektra. Urtefloraen er ellers meget variert med enkelte eksemplarer av maskeblomstfamilien (Scrophulariaceae), marimjelle (*Melampyrum*), syre (*Rumex*), malurt (*Artemisia*), meldefamilien (Chenopodiaceae), krossblomstfamilien (Brassicaceae), mjølke (*Epilobium*) og en rekke andre pollentyper. Det var mye trekull i alle seks spektra.

Forekomsten av ulike urter er betydelig sparsommere i prøven 711. Utenom 1–2 % av både neslefamilien (Urticaceae) og soleiefamilien (Ranunculaceae), ble det registrert noen pollen av humle (*Humulus*-type), maskeblomstfamilien (Scrophulariaceae), og rosefamilien (Rosaceae).

I prøve 705 ble det registrert en klump med ca. 30 pollenkorn av gresstype (Poaceae).

Tolkning av pollenprøver

Det er påfallende mange ulike pollentyper i spektrene til profilet gjennom hulveien, mens det er meget få i prøven 711. Siden profilet representerer en vei, så har jordoverflaten stadig ligget mer eller mindre åpen, og var antagelig bare dekket med lite og/eller tråkk-resistent vegetasjon. Pollen kan ha kommet inn fra vegetasjonen i umiddelbar nærhet, med vinden fra større eller mindre avstander, og med ferdseien, det

vil si pollen kan ha blitt igjen etter forbigående kjøretøy, dyr (jf. Moe 1983) eller mennesker.

Den relativ gode bevaringen av pollen i dette profilet kan ha sammenheng med kompresjonen som bruken av veien antagelig medførte. Kompresjon fører til lavere porøsitet (mindre porer) og dermed til mindre innhold av oksygen, og en viss reduksjon av utvaskningsprosessen som foregår i porene (jf. Sageidet 2005b). I slike kompakte lag vil det sannsynligvis også ha vært redusert aktivitet av for eksempel meitemark og en kan forvente en relativt godt bevart stratigrafi av pollen, d.v.s. en rimelig sammenheng mellom alder på pollenkorna og dybden de ble funnet i. Det er likevel vanskelig å skille ut ulike faser i pollendiagrammet.

Enkelte pollen av gran (*Picea*) i nesten alle nivåene gir lite grunnlag for en indikasjon på alderen til lagene. En må regne med en nedblanding av jordmateriale på flere cm på grunn av dypere hjulspor, regnvær og andre faktorer. Derfor kan avsetningene være eldre enn granens innvandring til området ved ca. 2000 ¹⁴C år før nåtiden (Høeg 1997; jf. Solem 2004). Det ville formentlig vært flere granpollen i avsetningene hvis de var yngre, siden vinden ville ha transportert granpollen til lokaliteten fra omliggende områder.

Det ene pollenkornet av rug (*Secale*) i det øverste spektrum kan ha blitt presset ned i jorda under vekten til hjulene. Det synes likevel å understreke at det her avspeiles en kronologisk utvikling oppover. Pollenkornet viser sannsynligvis til nyere tider, men det kan muligens også vise til middelalderen eller tidligere. De eldste skriftlige opplysninger om rug i Norge er fra 1000-tallet, og på 1200-tallet foregikk det en betydelig rugimport til Norge (Sølvberg 1976:40). Rug er kjent som ugress i Europa siden neolitisk tid, mens den ble tidligst dyrket i eldre jernalder (Behre 1992). Det er derfor ikke mulig å si noe mer uten ¹⁴C-dateringer. Pollensammensetningen gir ingen holdepunkter for å anta større variasjoner i andelen skog i nærheten av veien gjennom tiden. Men dette inntrykket kan skyldes en overrepresentasjon av busker eller trær langs veien. Pollen som kom inn med vinden eller i sammenheng med ferdseien, kan muligens gi



Figur 3_5: Profil av hulveg, Bjørnstad søndre (lokalitet 43), sett mot vest. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 3_5: Profile of a hollow path, Bjørnstad søndre (site 43), seen to the west. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 3_6: Profil av hulveg (midt på bildet under stikkstanga) og fordjupningar, Bjørnstad søndre (lokalitet 43). Biletet er teke mot sørvest. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 3_6: Profile of a hollow path (in the centre of the picture beneath the stake) and depressions, Bjørnstad søndre (site 43). The picture was taken to the southwest. Photo. E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

inntrykk av en større åpenhet av landskapet rundt lokaliteten enn i virkeligheten.

Veien synes å ha gått gjennom en blandet barskog med innslag av bjørk (*Betula*), lind (*Tilia*), eik (*Quercus*), alm (*Ulmus*) og hassel (*Corylus*). I denne skogen, eller i veikanten sammen med buskene, forekom det maure (*Galium*). Or- og bjørkekratt kan ha formet en kantsone som resulterte i en overrepresentasjon i prøvene av pollen fra disse treslagene, og som skjermet veien mot tilførsel av pollen fra vegetasjonen bak veikantvegetasjonen.

Pollen av krossblomfamilien (Brassicaceae), rosefamilien (Rosaceae), soleiefamilien (Ranunculaceae), og nesle (*Urtica*), forekomsten av pollen fra syre (*Rumex*) og malurt (*Artemisia*), enkelte pollenkorner av groblad (*Plantago major*) og enkelte sporer av einstape (*Pteridium*), sammen med de relativt store kullstøvmengdene i profilet, gir indikasjon på en boplass eller lignende i nærheten (Casparie & Groenman van Wateringe 1980:12; jf. Behre 1981). Det viser seg at artsrikdommen i vegetasjonen stiger markert når den påvirkes av mennesker (Paus, Jevne og Gustafson 1987:61). Artene i krossblomfamilien (Brassicaceae) og nesle (*Urtica*) er nitrogenelskende og finner sine voksesteder på næringsrike områder, for eksempel på plasser hvor mennesker etterlater organisk avfall.

Vegetasjonen i arealene som grenser til vegkantene har stor betydning for hvilke arter som finnes der, og en naturlig invasjon pågår hele tiden (Austad 2000:65). Noen av pollentypene kan knyttes til beite på plassen, f.eks. gress (Poaceae) og engsyretype (*Rumex acetosa*). Likevel er antallet av de entydige beiteindikatorer relativt små, slik at beitebruk antagelig ikke var karakteristisk for lokaliteten og/eller foregikk på noe avstand fra lokaliteten.

Sammenklumpete pollenkorner av gress (Poaceae) som ble observert (ved 38 cm), kan ha gjennomgått en kollektiv inkorporasjonsprosess, for eksempel som innhold av dyreekskrementer (jf. Moe 1983; jf. Kenward og Hall 1997; Davidson *et al.* 1999). På selve veien vokste det antagelig noe gress sammen med groblad, og i kantene arter som malurt (*Artemisia absinthium*) eller burot (*Artemisia vulgaris*), og arter av blant annet familiene nesle (Urticaceae), soleie (Ranunculaceae), korgplante (Asteraceae), melde (Chenopodiaceae) og skjermplante (Apiaceae) (jf. Behre 1981). Pollen av mjølke (*Epilobium*) kan muligens vitne om forstyrrete og senere overgrodde veikanter.

Et artig funn er et mulig pollen av giftbær (*Nicandra physalodes*), en «ballastplante» som opprinnelig er fra Sør-Amerika og bare er funnet sporadisk i Norge (Grøstad og Melseth 1996), for eksempel i Stavern. Ouren (1979) forteller at Fredrikstad, Sarpsborg og Halden hadde en betydelig ballasttrafikk i siste halvdel av 1800-tallet. Denne planten kan derfor muligens fortelle at veien hadde

forbindelser til Fredrikstad, Sarpsborg eller Halden i nyere tid.

En mikromorfologisk analyse av profilet kunne muligens gi svar på hvor intenst veien kan ha blitt brukt, og eventuelt kunne det oppdages påførte mikrolag eller antropogene mikroartefakter (Macphail og Goldberg 1995).

Sammenfatning

Hulveien på Bjørnstad kan ha vært et nedslagsfelt for mange ulike pollentyper som kan reflektere både vegetasjon i nærheten, og vegetasjonen på større eller mindre avstander. Veien synes å ha gått gjennom en blandet barskog med innslag av bjørk (*Betula*), lind (*Tilia*), eik (*Quercus*), alm (*Ulmus*) og hassel (*Corylus avellana*). Or (*Alnus*) og bjørk (*Betula*) kan ha formet en kantsone mellom veien og skogen. Pollensammensetningen gir indikasjon på en boplass eller lignende i nærheten, og indikasjon på næringsrike voksesteder, for eksempel hvor mennesker eller dyr har etterlatt organisk avfall. Noen få av pollentypene kan knyttes til beitebruk, som muligens foregikk på noe avstand fra lokaliteten.

På selve veien vokste det antagelig noe gress (Poaceae) sammen med groblad (*Plantago major*), og i kantene arter som malurt eller burot (*Artemisia*) og arter av blant annet familiene nesle (Urticaceae), soleie-, korgblomst, melde- og skjermplante-familiene. Pollen av mjølke kan muligens vitne om forstyrrete og senere overgrodde veikanter. Et pollenkorner av rug som ble funnet øverst i profilet (i prøve 705), er antagelig fra moderne tid. Men siden pollenkorner kan ha kommet med ferdsele langt borte fra, kan det teoretisk vise helt tilbake til middelalderen.

OPPSUMMERING (GAB)

Undersøkinga av ei samling hulvegar på Bjørnstad søndre og som er del av ID 79109, påviste ein hulveg med minst to bruksfasar. Den eldste fasen er representert med ei nedgraving av ukjent alder. Den yngste fasen er representert med eit sett kjerrespor, og det er rimeleg å tru at desse er av nyare dato. Pollenanalyse frå hulvegen syner at han har gått gjennom ein barskog med innslag av lauvtre. Vegetasjonen i og kring vegen kan ha bestått av gras, urter og blomar. Det er indikasjonar på at det har vore beiting i nærleiken, men moglegvis også ein buplass. Pollenanalyse har gitt eit godt bilete av nærmiljøet i og kring hulvegen. Eit funn av pollen frå giftbær (*Nicandra physalodes*), som er ei ballastplante, er eit døme på ein fjern kontaktforbindelse truleg frå 1800-talet.

Undersøkinga på Kalnes nedre og østre påviste ikkje spor etter hulvegar. Lokaliteten er del av ID 29241 og 75209. Hulvegane lot seg imidlertid påvise vest for og utanfor plangrensene.

KAPITTEL 4

ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ SEINNEOLITIKUM, YNGRE BRONSEALDER OG FØRROMERSK JARNALDER. Busetjings- og aktivitetsspor frå SEINMESOLITIKUM TIL MELLOMALDER PÅ BJØRNSTAD SØNDRE OG NORDRE (LOKALITET 9, 10, 13 OG 13B)

Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik

INNLEIING (GAB)

Ei samansett og variert samling kulturminne vart granska på Bjørnstad søndre og nordre. Kulturminna favner om ein einegga pilspiss av flint frå seinmesolitikum, korndateringar frå seinneolitikum, ei samling groper med ukjent funksjon frå yngre bronsealder, åkrar og ardspor frå høvesvis seinneolitikum og overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jarnalder, og kokegroper og eldstadar frå romartid og folkevandringstid. Pollen- og jordmikromorfologiske analysar av jordsmonnet i åkrane har mellom anna påvist beiting og gitt informasjon om driftsformer i det tidlege jordbruket. Frå mellomalder og nyare tid er det påvist ei lita kolgrop og ei grøft med ukjent funksjon. Fleire grøfter og groper lot seg ikkje funksjonsbestemme og er heller ikkje datert. Med unntak av den einegga pilspissen er kulturminna som er granska på Bjørnstad søndre og nordre typiske for eit innmarksmiljø i tilknytning til førhistorisk så vel som historisk gardsbusetnad.

Lokalitetane vart utgravd som fire separate einingar; Lokalitet 9, 10, 13 og 13b. Lokalitet 9 og 10 låg på Bjørnstad nordre (2048/1,2), lokalitet 13 på Bjørnstad søndre (2047/1), medan lokalitet 13b låg på Bjørnstad nordre (2048/4), alle i Sarpsborg kommune. I den vidare presentasjonen vert lokalitetane omtala med lokalitetsnavn. Lokalitetane har fylgjande ID-nr: 100045, 52383 (lokalitet 9), 100047 (lokalitet 10), 100069 (lokalitet 13 og 13b). Gjenstandsfunn og naturvitskaplege prøver frå undersøkinga har museumsnummer C54973, C54974, C54976 og C54977.

Det vart samla inn 85 makrofossilprøver, og 48 er flotert og analysert (Sandvik dette band). Sju jordprøver for jordmikromorfologisk analyse vart samla inn og preparert, og samtlege av desse er analysert. 25 pollenprøver vart samla inn, og 13 av desse er analysert (Sageidet dette band). Seks jordprøver for fosfatanalyse vart samla inn og målt fosfatinnhaldet av 15 ¹⁴C-prøver er analysert. Det er utført artsbestemming og identifisering av tenner og dyrebein (Hufthammer 2006).

Lokalitetane er rekna som undersøkt innanfor grensene til reguleringsplanen.

Utgravingane vart utført i tida frå 9. mai til 7. juli 2005 (Grindkåsa 2006 a, 2006b).


Lokalisering og topografi

Lokalitetane ligg i dyrka mark på Raet, om lag 3 kilometer nordvest for Sarpsborg by. Lokalitet 9 og 10 ligg rett på vestsida av E6, men er elles omkransa av store jorde. Lokalitetane utgjer i røynda ein lokalitet, berre skilt av ein gardsveg. Lokalitet 13 og 13b ligg på motsett side av E6, og mellom E6 og riksveg 118. Avstanden mellom desse lokalitetane er kring 160 meter. Alle lokalitetane ligg relativt samla og innanfor ein radius på ca. 300 meter.

Undergrunnstilhøva bestod for ein stor del av finsortert sand og grus. Eit større parti på lokalitet 13 var dekt av eit lag lys og fin sand. Høgda over havet er mellom 47 og 53 meter.


Kulturmiljø

Lokalitetane ligg i eit kulturmiljø som er svært rikt på kulturminne frå alle periodar av førhistoria, men særleg dominerande er dei mange og store gravfelta frå jarnalderen som er påviste langs Raet frå Kulås sør og til Kalnes i nord, sjå figur 1_3. Busetjingsspor, ardspor og åkrar er i liten grad påvist og undersøkt i dette området. I samband med gravfeltundersøkingar på Opstadfeltet på 1970-talet vart der påvist spor etter eit treskipa hus og ardspor. Dateringane frå undersøkinga er ikkje samanfallande, men huset er rekna å ha hatt ei brukstid i siste del av yngre bronsealder eller første del av førromersk jarnalder (Løken 1978, 1998). I 1990 vart eit treskipa hus med dateringar frå folkevandringstid undersøkt på garden Store Tune, kring 1300 meter sør for lokalitet 9, 10, 13 og 13b (Andresen 1991, Bårdseth 2006a). Groper med ukjent funksjon er det påvist fleire samlingar av dei seinare åra på Bjørnstad (Gjerpe 2000, Eggen 2004), men også stolpehol, eldstadar og kokegroper som nok skriv seg frå busetjingsaktivitet, men som ikkje er sett inn i sikre tolkingar (Gjerpe 2000, Gjesvold 2000, Tarrou 2004, Rødsrud 2007). For ei nærmare skildring av kulturmiljøet sjå kapittel 1. Figur 4_1 syner områda som vart granska i 2005. Figur 4_2, 4_3 og 4_4 syner lokalisering av strukturar innanfor den enkelte lokalitet.




Figur 4_1: Områda som er granska på Bjørnstad søndre og nordre (lokalitet 9, 10, 13 og 13b). Ortofoto: Statens vegvesen. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 4_1: Investigated areas at Bjørnstad søndre and nordre (sites 9, 10, 13 and 13b). Orto Photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS application: Per Erik Gjesvold.




Figur 4_2: Lokalisering av strukturar på Bjørnstad nordre (lokalitet 9 og 10). GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 4_2: The location of structures at Bjørnstad nordre (site 9 and 10). GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 4_3: Lokalisering av strukturar på Bjørnstad søndre (lokalitet 13). GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 4_3: The location of structures at Bjørnstad søndre (site 13). GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 4_4: Lokalisering av strukturar på Bjørnstad nordre (lokalitet 13b). GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 4_4: The location of structures at Bjørnstad nordre (site 13b). GIS application: Per Erik Gjesvold.

Målsetting og metode

Ved registreringa av lokalitet 9 og 10 vart det mellom anna påvist to parallelle vegg-grøfter, stolpehol, restar av kulturlag og tre strukturar som det var uvisst om representerte kokegroper eller branngraver. Det vart også gjort nokre få funn av keramikk (Vikshåland 2003). Ved registreringa av lokalitet 13 vart det påvist stolpehol, restar av kulturlag og ein eldstad. Funnmaterialet her bestod av brente bein, eit flint-avslag og nokre keramikkskår, deriblant eit med dekor. Registreringa av området for lokalitet 13b påviste korkje strukturar eller gjenstandsfunn. Området vart likevel undersøkt fordi vi frykta at også dette partiet kunne vere dekt av sand og at eventuelle kulturminne ikkje var påvist ved registreringa (Bårdseth 2006b:15, Vikshåland 2003).

Ei overordna målsetting med undersøkingane var å avklare aktivitetane på dei ulike lokalitetane, og å undersøke tidsmessige og geografiske tilhøve mellom desse. Meir spesifikt ønska vi å undersøke om vegg-grøftene på lokalitet 9 representerte eit hus, likeså om stolpehola på lokalitet 9 og 13 kunne settast i samband med førhistorisk busetnad. Vidare var det prioritert å avklare om kulturlaga og kokegropene var graver eller ikkje (Bårdseth 2004:60–62, 64–65).

Undersøkinga synta at dei nevnte vegg-grøftene utgjorde ei hesteskoforma grøft. Trekol av ein frå grøfta er datert og er yngre enn år 1645 (TUa-5659). Majoriteten av stolpehola på lokalitet 9 representerte groper, men desse er ikkje funksjonstolka. Spreidte stolpehol vart påvist både på lokalitet 9 og 13, men ingen førhistoriske stolpebygde hus vart påvist. Kulturlagsrestane representerte i dei fleste tilfelle restar av førhistorisk åker, og det vart påvist ardspor i tilknytning til dei. På lokalitet 13 var åkeren dekt av laget med sand. Nokre kokegroper og eldstadar vart påvist, men ingen graver. Undersøkinga påviste dessutan ein einegga pilsiss av flint frå seinmesolitikum, og ei tjæremile frå mellomalderen.

Hovudmetoden for undersøkingane var maskinell fleteavdekking. På lokalitet 13 vart det utført maskinsålding av jordmassar frå åkeren og sandlaget over åkeren. Maskinsåldinga vart utført ved hjelp av gravemaskin og vogge kledd med 8 mm netting (Bårdseth 2006b:21). Maskinsåldinga resulterte i fleire gjenstandsfunn, mellom anna mesteparten av flint- og steinmaterialet. Innmåling og produksjon av kartdata er utført ved hjelp av totalstasjon. Lokaliteten vart undersøkt av metall-detektor før matjorda var fjerna, og metall-detektor vart også nytta fleire gongar undervegs i undersøkinga. Utgravingsmetode og dokumentasjon er elles gjort greie for i Varia 65 (Bårdseth 2007a).

Stipulert og reelt arbeidsomfang i felt

Med bakgrunn i registreringstala var det i prosjektplanen lagt opp til å undersøke eit samla areal på kring 10 000 m². Vi forventa å påvise ca.

1500 strukturar og la opp til å undersøke ca. 340 av desse. Arbeidsomfanget i felt var stipulert til 46 vekesverk, samt 10,5 veker til innmåling (Bårdseth 2004:60–62, 64–65).

Ved undersøkinga vart det opna eit samla areal på ca. 4700 m² og påvist 873 strukturar. Ei samling staurhol på lokalitet 13 vart ikkje fullstendig innmålt, men utover dette vart alle strukturar målt inn. 208 strukturar vart snitta og dokumentert i profil. Det vart lagt ned 28,6 vekesverk i felt, og rundt fire veker har gått med til innmåling.

Lokalitet 9 og 10 strekk seg utover byggegrensa i reguleringsplanen og det var tatt høgde for å undersøke eventuelle kulturminne som låg i randsona mellom byggegrensing og område som var avsett til jordbruk. Det vart i liten grad behov for å utvide undersøkinga til desse områda, og dette er årsaken til differansen mellom stipulert og reelt arbeidsomfang.

Kildekritiske vurderingar

Store delar av lokalitet 13 var dekt av eit lag med lys flygesand som ved registreringa var rekna for å representere undergrunnen. Ved undersøkinga vart vi tidleg merksame på dette tilhøvet. Lokaliteten måtte avdekkast i to omgangar, og det vart påvist førhistoriske strukturar over og under flygesandslaget. Kjennskapen til flygesandslaget førte til ei utviding av lokaliteten, og denne vart kalla for lokalitet 13b.

Maskinell sålding av matjordslaget på lokalitet 13 brakte for dagen ei rad oldsaker, mellom anna hovudparten av dei seinmesolitiske flintgjenstandane. Det avgrensa forsøket syner at gjenstandsmateriale kan gå tapt ved maskinell fleteavdekking.

Lokalitet 13 og 13b ligg i dag inneklemt mellom E6 og riksveg 118. Både påviste strukturar på lokalitetane og lokalisering av lokalitetane, tilseier at dei har vore større enn dei er dokumentert. Lokalitet 13 og 13b har etter alt å døme hatt ei større utstrekning mot både aust og vest, men desse områda er tapt som følge av etableringa av høvesvis motorveg og riksveg. Lokalitet 9 og 10 er også rekna for å vere større enn dei er dokumentert. Mellom anna er det tydeleg at motorvegen har skore over den austre delen av lokalitetane. Registreringa synta også at dei førhistoriske strukturane held fram lengre mot vest enn det undersøkinga gjorde. Funntettleiken og kompleksiteten i kulturminna i dette området er imidlertid stor, og sikre avgrensingar av aktivitetar og situasjonar er ofte vanskeleg.

På lokalitetane 9, 10 og 13 er det påvist fleire spor etter nyare tids aktivitetar i form av kabel- og dreneringsgrøfter. På lokalitet 10 låg ein brønn av nyare dato, og eit mogleg vegfar vart også påvist. På lokalitet 9 og 10 vart det dessutan påvist spor etter vegetasjon og eit bekkeleie. Desse kultur- og naturskaptene spora skapte ikkje vanskar for undersøkinga.

ÅKRAR OG ARDSPOR FRÅ SEINNEOLITIKUM, YNGRE BRONSEALDER OG FØRROMERSK JARNALDER (C54974, C54976)

Innleiing

Åkrar og ardspor vart påvist på lokalitet 10 og 13, sjå figur 4_2 og 4_3. Makrofossil frå åkrane er datert til høvesvis seinneolitikum, og overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jarnalder. Dateringane er rekna å representere brukstida til åkrane. Det vart utført jordmikromorfologisk- og pollenanalyse av båd åkrane, og fosfatinnhaldet i jordprøver frå åkeren på lokalitet 10 vart målt. Omkrinsen til åkrane og ardspora vart målt inn, og dei vart fotografert. Jordmassane som utgjer åkeren på lokalitet 13 vart maskinsålda, det vart også sandlag som låg over åkeren.

Presentasjon av åker og ardspor på lokalitet 10 (S-12013)

Åkeren slik han vart dokumentert, hadde ei utstrekning på minst 14 x 17 meter eller omkring 180 m², sjå figur 4_2 og 4_5. Åkeren er identifisert med tre horisontale lag samt eit utvaskingslag, sjå figur 4_6. Det øvste laget (lag 3) var kring ti cm tjukt og bestod av brun og grå sandhaldig humus. Det neste laget (lag 2) var om lag 11 cm tjukt og bestod av mørkbrun sandhaldig humus. Det nedste laget (lag 1) var oppmot tre cm tjukt og bestod av mørkbrun og svart humus. Utvaskingslaget bestod av grå sand.

Aust for åkeren låg eit område med ardspor. Største utstrekning av dette området var 8,5 x 14,4 meter eller 96 m². Området vart ikkje avgrensa, og held fram vidare mot aust utanfor det undersøkte området. Ardspora låg på kryss og tvers utan noko påviseleg system, og var oppmot 7 cm djupe. Fleire restar av åkeren vart påvist over ardspora. Det er dermed truleg at ardspora er avsett samstundes med at åkeren var i bruk.



Figur 4_5: Lokalitet 10 sett mot nordvest. Det mørke partiet om lag midt på bildet er åkeren S-12013. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_5: Site 10 seen towards the northwest. The dark area in the centre of the picture is the pre-historic field S-12013. Photo: E6.prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til korkje åkeren eller ardspora.

Naturvitskaplege prøver

Åtte makrofossilprøver frå åkeren har vorte analysert, til saman med tre jordmikromorfologiske prøver og fire pollenprøver (Sageidet og Sandvik dette band).

Måling av fosfatinnhald

Seks jordprøver frå profilen til åkeren er det målt fosfatinnhaldet av via AL-metoden. Målingane syner plantetilgjengeleg fosfat i jordsmonnet og er utført ved Jordforsk Lab, Ås. Resultatet vert oppgitt på ein verdiskala frå 0–<15. Verdier mellom 1 og 2 refererer til lågt fosfatinnhald, verdier mellom 3 og 6 til middels, verdier mellom 7 og 15 til stort, og verdier over 15 refererer til svært stort fosfatinnhald. Formålet med målingane var å påvise eventuelle skilnader i fosfatinnhaldet mellom den moderne åkeren og den førhistoriske åkeren.

Prøvene er frå dei ulike laga i åkeren.

Prøvevolum per prøve var eit par desiliter. Resultatet frå profilen vart som forventa. Fosfatverdiane frå dagens dyrkingslag var svært stor (verdi 22), frå den

førhistoriske åkeren var verdien stor (verdi 7,4), og frå utvaskingslaget var verdien låg (verdi 1,8). Verdien frå den førhistoriske åkeren er så stor at fosfaten ikkje er rekna å skrive seg frå utvasking frå den moderne åkeren (muntleg meddeling frå Tore Sveistrup, Jordforsk).

Datering

Ei ¹⁴C-prøve frå det nedste laget i åkeren er analysert. Prøvematerialet bestod av forkola korn og kom frå ei makrofossilprøve. Kalibrert alder på prøva er 2010–1815 f. Kr, som tilsvarar seinneolitikum. Dateringa representerer venteleg ein bruksfase for åkeren, sjå også tabell 4_1.

Førebels tolking og oppsummering

Dei to øvste laga av åkeren vart i felt tolka som to dyrkingsfasar, og det nedste mørke laget som restar etter gamal markoverflate. Ardspora er antatt å vere avsett samstundes med at åkeren var i bruk. Dei naturvitskaplege analysane stadfesta at desse laga representerer ein åker, men dei har også bidrege med utfyllande og nye opplysningar som ikkje lot seg påvise gjennom den arkeologiske granskinga.



Figur 4_6: Åker S-12013 i profil. Biletet er teke mot nordaust. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum. Illustrasjon: Hilde S. Frydenberg.

Figure 4_6: Profile picture of the pre-historic field S-12013. The picture was taken to the northeast. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History. Illustration: Hilde S. Frydenberg

Tabell 4_1. ¹⁴C-datering frå åker på lokalitet 10. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_1: Radiocarbon dating from the pre-historic field at site 10. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5663	Korn, uspesifisert	Åker S-12013		3610 ± 40	BC 2010–1835

Resultata frå den arkeologiske undersøkinga og dei naturvitskaplege analysane vert drøfta i avsnittet om «Oppsummering og drøfting».

Oppsummering

Åkeren og ardspora er rekna for å vere samtidige. Eit makrofossil av korn frå åkeren er datert til seinneolitikum, og åkeren er venta å ha hatt ei brukstid innanfor denne perioden eller seinare. Varigheita for åkerdrifta er uviss.

Presentasjon av åker og ardspor på lokalitet 13 (S-15000)

Åkeren vart dokumentert i ein storleik på om lag 1000 m², jf. figur 4_1 og 4_3. I nordaust og sørvest

var han avskore av høvesvis E6 og riksveg 118, og har venteleg hatt ei større utstrekning i desse retningane, sjå figur 4_7. Åkeren vart identifisert gjennom to horisontale lag samt eit utvaskingslag. Åkeren var dekt av eit lag med homogen sand, sjå figur 4_8 og 4_9. Det øvste laget var opp mot 22 cm tjukt, men med ein dominerande tjukknaad på mellom ti og 14 cm. Det bestod av mørkbrun sandhaldig humus, med innslag av trekol. Det andre laget var kring to cm tjukt, men enkelte «lommer» hadde ein tjukknaad på opp mot ti cm. Laget bestod av mest svart humus. Utvaskingslaget bestod av grå sand. Sandlaget over åkeren bestod av lys sand og hadde ein tjukknaad på ca. 15–20 cm.



Figur 4_7: Lokalitet 13 sett mot sør. Åkeren er synleg som ei mørk stripe i den lange profilen. E6 til venstre, bak jordvollen, Rv. 118 til høgre. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_7: Site 13 seen towards the south. The pre-historic field is visible as a dark line in the the long profile. E6 to the left of the bank, to the right Public road 118. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 4_8: Profil gjennom åkeren S-15000 og flygesandslaget. I dei små glasa (bilete til venstre) vart det samla inn materiale for pollenanalyse. På biletet til høgre samlar Paula Utigard Sandvik inn prøver for jordmikromorfologiske analyse. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_8: Profile through the pre-historic field S-15000 and the windblown sandlayer. Soil samples for pollen analyses were collected in the small glass tubes (to the left). In the picture to the right, Paula Utigard Sandvik is collecting samples for micromorphological analyses. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

I utvaskingslaget under store delar av åkeren vart det påvist ardspor. Ardspor låg på kryss og tvers utan noko påviseleg system, men tettast konsentrasjon vart påvist under den nordvestre og søraustre delen av åkeren, sjå figur 4_10.

I sandlaget over åkeren vart det registrert to eldstadar, S-15047 og S-15069, og nokre stolpehol som ikkje inngår i hustolkingar. Strukturane vart påvist i overflata av sandlaget. Det vart gjort enkelte funn av keramikkskår i tilknytning til dei.


Funn

Jordmassane frå dyrkingslaget vart maskinsålda, og det vart her gjort funn av ein einegga pilspiss av flint, tre skraperar av flint, ti avslag og fem fragment av flint, delar av eit hengebryne og ei slipeplate av sandstein, ein knakkestein, nokre leirkarskår og noko brente bein (under 1 g) (C54976).

Pilspissen har retusj langs heile eggkanten, og markert tange. Største lengde er 2,1 cm, sjå figur 4_11. Einegga pilspissar av denne typen daterast til seinmesolitikum fase 4 (4800–3900 f.Kr.). To av flintskraperane har konveks retusj og eit stykke har

rett retusj. Største lengde blant desse stykka er frå 4,1–5,9 cm, sjå figur 4_12. Hengebrynet av sandstein har ein triangelforma tverrprofil, og det er bora eit hol i eine enden. Brynet er brekt, og største lengde slik det føreligg er 5,1 cm, sjå figur 4_13. Fragmentet av slipeplata av sandstein har eit største mål på 3,9 cm. Eine sida av steinen er slipt. Knakkesteinen har eit største mål på 7,5 cm, og har tydelege knakkespor på ei side. Dei 15 skår og fliser av leirkar er grovt magra med finknuste bergartskorn og glimmerstein. Eit skår har linjedekor og eit skår er eit randskår. Skåra kan vere frå minst tre ulike kar, men materialet er for lite til at det kan knytast til sikker kartype. Beina er ikkje artsbestemte. Flintgjenstandane vart funne innanfor ein radius på rundt ti meter, om lag midt i åkeren. Dei øvrige funna frå dette laget er ikkje lokalisert nærmare.

Massane frå sandlaget over åkeren vart også maskinsålda, og her var det gjort funn av kring 30 leirkarskår, to flintavslag og eit liten slagglump. Keramikken er av to typar. Den eine typen består av grovt, uornert gods som er magra med glimmerstein og knuste bergartskorn. Den andre typen er finare



Figur 4_9: Profilteikning av åkeren S-15000. Prøveuttak for pollen- og jordmikromorfologiske prøver er avmerka. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 4_9: Profile drawing of the pre-historic field S-15000. Soil sampling for pollen- and micromorphological analyses have been marked. Illustration: Kathrine Eikrem.

gods magra med finknuste bergartskorn og glimmerstein. Fleire av skåra har linjedekor og glatta utside, og kan vere av typen finare bordkar med ei brukstid i romartid/folkevandringstid. Slaggklumpen veg ca. 0,8 gram.

Naturvitskaplege prøver

14 makrofossilprøver frå åkeren har vorte analysert, til saman med tre jordmikromorfologiske prøver og åtte pollenprøver (Sageidet og Sandvik dette band).

Dateringar

Ei ^{14}C -prøve frå åkeren og ei frå sandlaget er analysert. Prøvematerialet bestod av trekol frå lyng, kvist og lauvved eksklusiv eik, og kom frå makrofossilprøver. Det føreligg også dateringar frå dei to eldstadane i sandlaget over åkeren, samt ei datering frå eit stolpehol i det same nivået. Prøvematerialet her består av makrofossil av korn og trekol av hegg og rogn, og også dette er henta frå makrofossilprøver, sjå også tabell 4_2.


Dateringsresultata frå lokalitet 13 spenner frå yngre bronsealder til folkevandringstid. Den eldste

dateringane er frå åkeren, og speglar venteleg ein bruksfase for bruken av han. Sandlaget over åkeren representerer tydeleg ei hending som er yngre enn åkeren, og dateringane frå dette laget og frå eldstadane og stolpeholet i dette laget, stadfestar dette.

Dei stratigrafiske tilhøva på denne lokaliteten, saman med dei dateringane som føreligg, syner to separate bruksfaser. Ein i overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder, representert ved åkeren, og ein i romartid, representert ved eldstadane og stolpeholet i sandlaget.


Førebels tolking og oppsummering

Dei to laga åkeren består av vart i felt tolka som gamal markoverflate dekt av eit førhistorisk dyrkningslag. Sandlaget vart oppfatta som ei sekundær hending, og som har ført til at dyrkningsaktivitetene er isolert og adskilt frå nyare tids aktivitetar. Ardspora er antatt å vere avsett samstundes med at åkeren var i bruk. Dei naturvitskaplege analysane stadfesta førhistorisk åkerdrift, men nett som på lokalitet 10 har dei også her bidratt med utfyllande og nye




Figur 4_10: Ardspor på lokalitet 13. Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_10: Scratch-plough furrows at site 13. The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 4_11: Einegga pilspiss av flint, C54976/18. Teikning: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.

Figure 4_11: A single-edged arrowhead of flint, C54976/18. Drawing: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.




Figur 4_12: To skraperar av flint med retusj C54976/19. Teikning: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.

Figure 4_12: Two flint scrapers with secondary flaking C54976/19. Drawing: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.

Tabell 4_2: ¹⁴C-dateringar frå lokalitet 13. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_2: Radiocarbon dating from site 13. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5620	Korn, bygg	Stolpehol, S-15070		1785 ± 45	AD 180–335
TUa-5707	Lyng/kvist, spesifisert	Dyrkingslag, S-15000		2465 ± 45	BC 760–410
TUa-5666	Korn, uspesifisert	Eldstad, S-15069		1610 ± 35	AD 415–535
TUa-5706	Trekol, lauvved, kkje cik	Sandlag over åkeren		1515 ± 60	AD 430–640
TUa-5708	Trekol, hegg, rogn	Eldstad, S-15047		1790 ± 40	AD 180–325



Figur 4_13: Hengebryne av skifer, C54976/16. Teikning: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.

Figure 4_13: A whetstone of slate, C54976/16. Drawing: Bjørn Håkon Eketuft Rygh.

opplysningar som ikkje lot seg påvise gjennom den arkeologiske granskinga. Resultata av den arkeologiske undersøkinga og dei naturvitskaplege analysane vert drøfta under avsnittet om «Oppsummering og drøfting».

Oppsummering

Åkeren og ardspora var dekt av eit lag sand som har isolert lokaliteten. Åkeren og ardspora er rekna for å vere samtidige. Eit makrofossil av korn frå åkeren er datert til siste del av yngre bronsealder og første del av førromersk jernalder, og åkeren er venta å ha hatt ei brukstid innanfor denne perioden. Varigheita for åkerdrifta er uvisst. Stratigrafiske tilhøve og radiologiske dateringar frå sandlaget og strukturar i sandlaget over åkeren, tyder på at sandlaget er etablert i løpet av romartid. Åkeren kan dermed ikkje vere yngre enn dette. Funn i åkerlaget av ein einegga pilspiss i flint av seinmesolittisk karakter, saman med ymse reiskapar av flint og stein er rekna for å skrive seg frå aktivitetar som er eldre enn åkeren.

GROPER MED UKJENT FUNKSJON FRÅ YNGRE BRONSEALDER (C54973, C54974)

Innleiing

På lokalitet 9 og 10 vart det påvist to samlingar med groper, jf. figur 4_2 og 4_14.

Ein handfull av gropene vart snitta og dokumentert i profil. Det vart utført jordmikromorfologisk analyse frå eit profilsnitt i ei grop, og eit makrofossil frå ei grop er datert til yngre bronsealder.

Samlinga med groper på lokalitet 9 dekkjer eit areal på ca. 210 m², medan samlinga på lokalitet 10 dekkjer eit areal på ca. 115 m². To grøfter på lokalitet 9 (S-11087 og S-11322) ligg i tilknytning til samlinga med groper, og vert omtala under (sjå avsnittet «Andre strukturar og gjenstandsfunn»). På lokalitet 10 vart det påvist restar av åkerlaget (S-12013) over og mellom gropene, og på figur 4_14 framstår desse åkerrestane som større samanhengande flater.

Gropene hadde i plan ei rund eller oval form. Storleiken varierte frå 41 x 45–75 x 91 cm. Djupna var frå 11–26 cm. Gropene hadde flat eller svakt boga botn, og boga sider. Massa i gropene bestod for ein stor del av sand med innslag av humus og noko trekol. I underkant av ei grop vart det påvist eit staurhol (S-12040). Med unntak av eit fragment brent bein frå ei grop (S-12004) vart det ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til gropene. Beinnet veg 0,1 gram og er av pattedyr (C54974/6). Figur 4_15 og 4_16 syner gropa S-12000 i plan- og profil.

Naturvitskapleg analyse

Seks makrofossilprøver frå gropene har vorte analysert, til saman med ei jordmikromorfologisk prøve (Sageidet og Sandvik dette band).

Datering

Ei ¹⁴C-prøve frå ei grop på lokalitet 10 er analysert. Prøvematerialet er forkola korn og kjem frå ei makrofossilprøve. Kalibrert alder på prøva er 830–795 f.Kr, som tilsvarar yngre bronsealder. Dateringa



Figur 4_14: Samlinga med groper er synleg som mørke flekkar i forkant av biletet og mot feltkanten til høgre, lokalitet 10. Biletet er teke mot sørvest. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_15: The cluster of pits is visible as dark spots in the front of the picture and towards the edge of the site, to the right (site 10). The picture was taken to the southwest. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.



Figur 4_15: Profil av gropa S-12000 (lokalitet 10). Biletet er teke mot aust. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.


Figure 4_15: Profile of the pit S-12000 (site 10). The picture was taken to the east. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

er venteleg representativ for ein bruksfase av gropa, men sikre slutningar er vanskelege å trekke på bakgrunn av denne eine prøva, sjå også tabell 4_3.

Tolking og oppsummering

Gropene ligg i to avgrensa samlingar eller konsentrasjonar, men den interne lokaliseringa av dei ser ikkje ut for å danne mønster eller system av noko slag. Det er ikkje gjort gjenstandsfunn eller påvist konstruksjonsspor i tilknytning til dei som indikerar funksjon, og gropene er derfor tolka som groper med ukjent funksjon. På bakgrunn av form og konstruksjon kan ein imidlertid utelukke fleire tolkingar, slik som stolpehol og vegetasjonsspor. Steinopptrekk har også vore blant tolkingsforslaga som har vore drøfta, men som er avvist. Lokaliteten ligg på Raet, og ei eventuell steinsamling avsett av isen ville truleg bestått av stein i mange storleikar og ikkje gitt så jamnstore og homogene avtrykk som gropene (personleg meddeling frå Tore Sveistrup, Jordforsk).

Den jordmikromorfologiske analysa syner at innhaldet i gropa S-12000 bestod av påført sand som



Figur 4_16: Plan og profildeikning av gropa S-12000 (lokalitet 10). Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 4_16: Plan- and profile drawing of the pit S-12000 (site 10). Illustration: Kathrine Eikrem.

Tabell 4_3: ¹⁴C-datering frå gropp med ukjent funksjon på lokalitet 10. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_3: Radiocarbon dating from a pit of unknown function at site 10. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5662	Korn, uspesifisert	Gropp med ukjent funksjon, S-12000		2675 ± 40	BC 830–795

inneheldt spor av menneskeleg aktivitet i form av dyrking og gjødsling. Massane er rekna for å stamme frå nærømråda. Innhaldet i groppa, slik det er skildra i den jordmikromorfologiske analysa, korresponderer såleis bra med den åker- og beiteaktiviteten som er påvist elles på lokalitet 10. Fyllmassa i groppa som er analysert tyder på at ho er etablert i løpet av perioden det var dyrking og beiteaktivitet på lokaliteten. Dateringane som føreligg gir ein indikasjon på at dei er etablert i yngre bronsealder, men sikre slutningar er vanskelege å trekke på bakgrunn av ei datering. Likskapen mellom groppene tyder på at dei er etablert samstundes.

Nærleiken til dei førhistoriske åkrane, dateringane og den jordmikromorfologiske analysa, tilseier at ein skal sjå dei i lys av dei åker- og beiteaktivitetane som er påvist.

Tilsvarande gropper er dei seinare åra påvist fleire stader på Bjørnstad (Gjerpe 2000, Eggen 2004), men har ein noko anna karakter enn desse.

Oppsummering

To konsentrasjoner med gropper er påvist på høvesvis lokalitet 9 og 10. Groppene er sett i samheng med dyrkings- og beiteaktivitet som er påvist i området, men det er uvisst kva funksjon dei har hatt.

ELDSTADAR OG KOKEGROPER (C54973, C54974, C54976)

Innleiing

På lokalitet 13 vart det påvist fire eldstadar. På lokalitet 9 vart det påvist ein eldstad og ei kokegrop, medan det vart påvist fire kokegropar på lokalitet 10, sjå figur 4_2 og 4_3. Korkje eldstadar eller kokegropar vart påvist på lokalitet 13b. Eldstaden på lokalitet 9 er rekna for å ha inngått i ei form for handverksproduksjon, men det er knytt uvisse til tolkinga. Dei øvrige eldstadane og kokegropene kan

ikkje knytast til særskilde kontekstar eller hendingar. Strukturane er innmålt, og fire av eldstadane og fire av kokegropene er snitta og dokumentert i profil. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til korkje eldstadane eller kokegropene.

Eldstadar på lokalitet 13

Eldstadane på lokalitet 13 ligg alle i sandlaget som dekkjer åkeren. Dei to største eldstadane, S-15035¹, er i plan høvesvis kvadratisk og rektangulær med avrunda hjørne. Eldstadane er delvis gravd inn i kvarandre, og måler høvesvis 1,1 x 1,2 meter og 1,3 x 2,3




Figur 4_17: Avdekking av eldstaden S-15035, lokalitet 13. Biletet er teke mot aust. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_17: The investigation of fireplace S-15035 (site 13). The picture was taken to the east. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

Tabell 4_4: ¹⁴C-dateringar frå eldstadar og kokegropar på lokalitet 9, 10 og 13. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_4: Radiocarbon dating of fireplaces and cooking pits at sites 9, 10 and 13. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5618	Korn, bygg	Kokegrop, S-11034	3635 ± 80	BC 2130–1830
TUa-5702	Trekol, bjørk	Kokegrop, S-11299	1430 ± 45	AD 600–655
TUa-5619	Korn, bygg	Kokegrop, S-12011	1725 ± 40	AD 255–405
TUa-5703	Trekol, bjørk	Kokegrop, S-12090	1985 ± 45	BC 40–AD 70
TUa-5666	Korn, uspesifisert	Eldstad, S-15069	1610 ± 35	AD 415–535
TUa-5708	Trekol, hegg, rogn	Eldstad, S-15047	1790 ± 40	AD 180–325
TUa-5660	Korn, uspesifisert	Grop i samband med eldstad, S-11056	1735 ± 40	AD 255–385



Figur 4_18: Planteikning av eldstaden S-11056 (lokalitet 9). Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 4_18: Plan drawing of fireplace S-11056 (site 9). Illustration: Kathrine Eikrem.

meter. Største djupne er kring 15 cm, og dei består av trekol og noko skjørbrent stein, sjå figur 4_17. Dei to andre eldstadane på lokaliteten, S-15047 og S-15069, er ovale i plan og måler høvesvis 109 x 120 cm og 65 x 92 cm. Den eine av desse er snitta, S-15069, og djupna her er kring 8 cm. Eldstadane består av trekol og noko skjørbrent stein.

Eldstad og kokegropar på lokalitet 9 og 10

Eldstaden på lokalitet 9, S-11056, er del av ein større struktur. Strukturen si form i plan var tilnærma rektangulær med avrunda hjørne. Største utstrekning var 3,0 x 1,3 meter, sjå figur 4_18. Undersøkinga

synte at den søndre delen av strukturen var ein eldstad som inneheldt trekol og skjørbrente stein. I trekkollaget vart det påvist tilsaman fem gram brente dyrebein. Beina var frå eit middels stort pattedyr (Hufthammer 2006) Djupna på eldstaden var 12 cm. Den norde delen av strukturen bestod av ei låg grop kledd med fleire lag brent og ubrent leire. I den brente leira vart det funne fragment av trevirke og never. Mellom eldstaden og den leirkleddetropa er det påvist ei avlang forseinking som er tolka som ein luftekanal. Det vart ikkje gjort gjenstandsfund i tilknytning til korkje eldstaden eller gropa. Ei datering utført på forkola korn frå gropa har gitt ei datering til yngre romartid, 1735 ± 40 BP (Cal. AD 255–385, TUA-5660). Rett nord for gropa låg to stolpehol. Det er imidlertid uavklart om desse kan knyttast til strukturen. Det er spekulert i om stolpehøla kan vere spor etter stolpar i ein gapahuk-konstruksjon, og at

¹ Ved avdekking vart eldstaden oppfatta som ein struktur og gitt eit strukturnummer. Ved oppreinsking synte det seg at strukturen bestod av to separate eldstadar og desse fekk samme S-nummer.

strukturen er spor etter ei form for handverksproduksjon. Tolkninga er usikker.

Kokegropene på lokalitet 9 og 10 var i plan runde eller tilnærma runde. Største storleik var 112 x 120 cm, og største påviste djupne var 46 cm. Dei inneheld i hovudsak trekol og skjørbrent stein. To av kokegropene på lokalitet 10, S-12161 og S-12104, låg i tilknytning til åkeren og ardspora, og er rekna for å vere sekundære i høve til desse. Dei andre kokegropene låg åleine.

Dateringar

Sju ¹⁴C-prøver frå eldstadar og kokegropar er analysert, sjå tabell 4_4. Prøvematerialet består av forkola korn av bygg og uspesifisert art, frø frå einar, og trekol av bjørk, hegg og rogn. Byggkornet frå ei kokegrop frå lokalitet 9 er datert til seinneolitikum. Dateringane frå dei tre andre kokegropene er frå høvesvis tida kring Kristi fødsel, yngre romartid og folkevandringstid. Dei to eldstadane på lokalitet 13 er datert til romartid inklusive overgangen til folkevandringstid.

Med unntak av byggkornet som er datert til seinneolitikum, tilseier dateringsresultata og stratigrafiske tilhøve at dei daterte strukturane er yngre enn beite- og dyrkingsaktiviteten som er påvist i dette området. Dateringane frå eldstadar og kokegropar spreier seg jamt utover heile romartid og folkevandringstid, og må skrive seg frå andre aktivitetar i desse periodane.

Byggkornet skriv seg inn blant dei eldste korndateringane vi kjenner til frå Austlandet til no. Tilsvarende gamle byggdateringar er påvist på Borge vestre og Lundeby, båe i Råde kommune (Bårdseth 2007a), og på Stensrød i Halden kommune (Rønne 2003). Byggkornet er i seg sjølv eit direkte prov på at korndyrking fann stad i seinneolitikum på denne kanten av landet. Det er imidlertid uavklart om byggkornet daterar kokegropa ho er funnen i, eller om det er tilført gjennom massar frå eit omkringliggende og eldre dyrkingslag.

EI HALV FOTGRØFT (C54977)

Det vart påvist ei halv fotgrøft på lokalitet 13b, sjå figur 4_4 og 4_19. Den antatte andre delen av ho er etter alt å døme fjerna i samband med etablering av ein støyvoll.

Grøfta slik ho er dokumentert hadde ein ytre diameter på ca. 8,1 meter, men opprinneleg diameter har nok vore noko større. Den dokumenterte delen av ho var mellom 0,50–0,85 cm brei. Grøfta vart snitta og dette synta at ho hadde ein ujevnt flat form i profil. Djupna var mellom to og ti cm. Massane bestod i hovudsak av mørkbrun sandhaldig humus med trekol. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til grøfta, og det vart heller ikkje påvist

spor etter graver eller gravleggingar i tilknytning til ho. Det føreligg ingen dateringar.

Fotgrøfta er del av eit større gravfeltet som i Askeladden er skildra som eit felt bestående av minst 25 haugar som er no er sletta, men som er synleg på flyfoto (ID 52383).

KOLGROP FRÅ HØGMELLOMALDER OG U-FORMA GRØFT FRÅ NYARE TID (C54973)

Kolgropa og grøfta ligg på lokalitet 9.

Innleiing

Ei nedgraving fylt med trekol, S-11022, er rekna å representere ei kolgrop, jf. figur 4_2. Trekol frå strukturen er datert til høgmellomalder. Den u-forma grøfta S-11023 kan vere spor etter eit mindre bygg. Trekol frå ho har gitt ei datering som er yngre enn 1645 e.Kr. Kolgropa og grøfta ligg sentralt på lokalitet 9, og avstanden mellom dei er berre eit par meter. Det er påvist fleire strukturar kring dei, men desse er ikkje sett i samanheng med aktivitetane som kolgropa og grøfta er venta å representere.

Kolgropa er snitta og profilsnittet dokumentert. Den attståande halvdelen av ho er formgravd. Grøfta er snitta fleire stader og deler av ho er formgravd. Profilsnittet er dokumentert. Det vart samla inn jordprøver for makrofossilanalyse frå båe strukturane.

Presentasjon og tolking av kolgrop S-11022

Konstruksjon

Forma til gropa i plan er rund, og største mål var ca. 1,4 x 1,4 meter. Undersøkinga av ho synta at



Figur 4_19: Fotgrøfta på lokalitet 13b i plan. Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_19: Plan picture of the foot ditch at site 13b. The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.


nedgravinga hadde svakt skrå sider og rund botn. Botnen av gropa bestod av ein «kopp» som ikkje avteikna seg i profilen men som først kom til syne då gropa vart formgravd. Største djupne var 48 cm. Det nedste laget i gropa bestod av pulverisert trekol med noko sand, og hadde ein tjukknaad på kring ti cm. Over dette låg eit 10–20 cm tjukt lag som bestod av kraftige stykker av trekol og som er rekna å representere småved. Største lengde på desse stykka var kring 40 cm. Stykka var lagt i vifteform, og dei hella inn mot sentrum av nedgravinga. Den øvste delen av gropa bestod av kolhaldig sand, sjå figur 4_20. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i gropa.

Datering

Ei ¹⁴C-prøve frå gropa er analysert. Prøvematerialet er trekol av furu og er frå ei trekolprøve frå det øvste laget i strukturen. Kalibrert alder på prøva er 1440–1615 e.Kr., som tilsvare høg mellomalder, sjå tabell 4_5. Dateringa er venteleg representativ for den siste bruksfasen av gropa.

Tolking

Innhald og ytre form til gropa tilseier at ho er ei kolgrop. Dei to kolskikta som er påviste indikerer at



Figur 4_20: Profil (øvt) og botn av kolgrop S-11022, lokalitet 9. Bileta er tatt mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 4_20: The profile (above) and the bottom of coal pit S-11022 (site 9). The picture was taken to the north. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

Tabell 4_5: ¹⁴C-datering frå kolgrop S-11022. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_5: Radiocarbon dating from coal pit S-11022. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5843	Trekol, furu	Kolgrop, S-11022		405 ± 40	AD 1440–1615

ho er brukt minst to gongar. Den store mengda trekol i gropa og det etter måten godt bevarte trekolet frå det øvste laget, kan tyde på at gropa ikkje vart tømt etter siste brenning. Den påviste «koppen» i botnen av gropa er ei konstruksjonsform som ein kan finne i produksjonsgroper for tjære (Reitan 2005:392–393). Ved vår undersøking vart det imidlertid ikkje påvist nokon kanal til å leie tjæra vekk frå koppen, slik som det ofte er tilfelle med tjærmiler. Lokaliseringa av gropa er også atypisk i høve til tjæremiler, som i regelen ligg i hellande terreng. Gropa har også langt mindre dimensjonar enn tjæremiler slik dei er kjent frå det norske materialet.

Oppsummering

Gropa S-11022 er ei kolgrop frå høg mellomalder.

Presentasjon av u-forma grøft S-11023

Konstruksjon

Forma til grøfta i plan er u-forma og med opning mot sørvest, jf. figur 4_2. Ytre mål for strukturen er kring 6,3 x 4,3 meter. Opninga i grøfta er rundt 1,6 meter brei. Breidda til grøfta varierte frå 0,13–0,61 meter, og ho var frå 6 til 33 cm djup. Massane i ho består av gråsvart sandhaldig humus med ein del trekol. Trekolet bestod mellom anna av ein del kvist som var moderat eller hardt brent, og fleire av kvistane bar tydeleg preg etter avkapping i endane. På båe sider av opninga i sørvest er grøfta klart avgrensa i både plan og profil, og tyder på at opninga er reell og ikkje eit resultat av pløying eller anna slitasje. Det er ikkje påvist konstruksjonselement under eller i tilknytning til grøfta. Det føreligg ingen gjenstandsfunn.

Datering

Ei ¹⁴C-prøve frå grøfta er analysert. Prøvematerialet er trekol av einer og er frå ei makrofossilprøve. Kalibrert alder på prøva har gitt ei datering som er yngre enn år 1645, sjå tabell 4_6. Dateringa er venta å vere representativ for brukstida til grøfta.

Tolking

Fråver av stolpehol og andre konstruksjonsspor i tilknytning til grøfta tyder på at ho ikkje representerer noko hus eller bygning. Det føreligg ikkje gjenstandsmateriale som kan bidra til å avklare kva funksjon ho kan ha hatt. Forma til grøfta kan minne

Tabell 4_6: ¹⁴C-datering frå grøft S-11023. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 4_6: Radiocarbon dating from ditch S-11023. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5659	Kvist/bar, einer	Grøft, S-11023		250 ± 35	Yngre enn 1645

om stakketufter for tørking av husdyrfôr. Stakketufter er per i dag best dokumentert i Rogaland, der dei opptrer som runde eller ovale grøfter i kombinasjon med ein låg voll. Brukstida for stakketufter på Sørvestlandet er rekna å vere frå yngre jernalder til ut på 1800-talet (Bang-Andersen 2005:346). Tolkinga av grøfta er imidlertid uviss.

Oppsummering

Grøfta S-11023 er rekna å vere frå nyare tid (yngre enn 1645). Funksjonen er uviss.

ANDRE STRUKTURAR OG GJENSTANDSFUNN (C54973, C54974, C54976, C54977)

Omkring 40 strukturar og større parti med ardspor og åkrar inngår i tolkingar og er gjort greie for over. Resten av strukturane som vart målt inn, om lag 830 stykker, var for ein stor del staurhol (ca. 420 strukturar), restar (flekke) av dyrkingslag (ca. 150 strukturar) og spor etter vegetasjon og steinopptrekk (ca. 100 strukturar). Øvrige strukturar på lokalitetane var stolpehol og nedgravingar med ukjent funksjon og nokre av desse vert omtala under. Lokaliseringa av samtlege av desse strukturane kjem fram på figur 4_2, 4_3 og 4_4.

På lokalitet 9 og 13 vart det påvist til saman 17 stolpehol, og samtlege av desse vart snitta. Tre av stolpehola på lokalitet 13 ligg nokonlunde samla, og vart påvist under åkera (S-15000). I eit av desse stolpehola, S-15179, vart det funne to keramikkskår, der det eine har dekor i form av negleavtrykk (C54976/60). I sandlaget over dyrkingslaget føreligg det ei datering frå eit stolpehol, S-15070 til romartid 1785 ± 45 BP (Cal. 180–335, TUa-5620). Det føreligg korkje gjenstandsmateriale eller dateringar frå stolpehol på lokalitet 9.

I overkant av 100 nedgravingar med ukjent funksjon vart påvist på lokalitet 9, 10, 13 og 13b. Ein rotvelt og tre større strukturar på lokalitet 9 vart granska; S-11087, S-11212, S-11321, S-11322. Strukturar med funn og dateringar vert kort skildra her.

Rotvelt, S-11321

Strukturen ligg nordaust på lokalitet 9, og hadde ein mest u-liknande form i plan. Største utstrekning var 2,7 x 3,5 meter, og største djupne 70 cm. Strukturen vart snitta. Massane i han bestod av sandblanda

humus med tydeleg preg av jernutfelling, og restar av trerøtter vart påvist i dei nedre delane av han. Delar av kantane kring strukturen var «kledd» med trekol.

Funnmaterialet frå strukturen består av kring 50 skår og fliser av keramikk (C54973/6). Keramikken er av grovt, uornert gods magra med finknuste bergartskorn og glimmerstein. Skåra ber preg av å vere dårleg brent, og kan skrive seg frå to eller fleire kar. Ei ¹⁴C-prøve frå strukturen er analysert. Prøvematerialet er forkola frø av einer og kjem frå ei makrofossilprøve. Kalibrert alder på prøva er 1040–1210 e.Kr. som tilsvarar vikingtid og tidleg mellomalder. Strukturen er tolka som ein rotvelt. Keramikkskåra frå han er truleg avsett i området før treet vaks opp.

Nedgraving med ukjent funksjon, S-11087

Strukturen låg på lokalitet 9, og hadde ei svakt boga form i plan. Største utstrekning var 4,3 x 1,4 meter, og største djupne 31 cm. Massane i han bestod av mørkgrå sandhaldig humus med trekol og småstein. Strukturen vart snitta, og ved dette arbeidet vart det oppdaga eit stolpehol i den vestre delen av strukturen. Stolpeholet hadde ein diameter på kring 38 cm og ei djupne på ca. 28 cm. Botn i nedgravinga elles var ujevn. Frå strukturen kjem to skår av keramikk, av grovt uornert gods (C54973/3). Ved reinsking i flata av strukturen vart det funne eit lite avslag av flint (C54973/10). Det foreligg ingen dateringar. Funksjonen til strukturen er ukjent.

Nedgraving med ukjent funksjon, S-11322

Strukturen låg på lokalitet 9, og hadde ei ujevn, avlang form i plan. Største mål var 2,9 x 1,0 meter, og største djupne 37 cm. Massane i han bestod av gråbrun sandhaldig humus med noko trekol og småstein. I massane vart det funne åtte ubrente hestetenner (C54973/15). Tennene representerer ein heil kjeve, og samla vekt er 148 gram (Hufthammer 2006). Funnet av hestetennene kan tyde på at strukturen representerer ei avfallsgrop. Anna avfallsmateriale vart imidlertid ikkje påvist. Funksjonen til strukturen er ukjent.

Bekkeleie og vegfar?

På lokalitet 9 og 13b vart det påvist eit bekkeleie, orientert mest nord-sør. Bekkeleiet er påvist på ei tidlegare utgraving i området (Gjesvold 2000), og samla lengde på bekkeleiet på desse tre lokalitetane er 140 meter. Breidda til bekken på lokalitet 9 og 13b er mellom 2,7–4,8 meter. Bekken vart snitta ein stad på lokalitet 9, og der var djupna kring ein halv meter.

Profilsnittet bar tydelege spor etter vassavsette masser, og inneheldt ei stor mengde organisk materiale. Det er ikkje gjort gjenstandsfunn eller utført dateringar på materiale frå bekken, men ut frå mengdene organisk materiale som er bevart, er det grunn til å tru at han er frå nyare tid.

Eit mogleg vegfar vart påvist på lokalitet 10, og var orientert nord-sør. Det er dokumentert i ei lengde på kring 16 meter, og ei breidde mellom 1,3–2,0 meter. Massane bestod av mørk brun sandhaldig humus. Strukturen var om lag 20 cm djup, og sidene var skrå og botnen mest flat. Utstrekningen til vegfare vart ikkje avgrensa. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn eller utført dateringar. Ei vurdering av massane i strukturen tilseier at vegfare er frå nyare tid, og i alle høve ikkje av førhistorisk art.

Lausfunn av gjenstander

På lokalitet 13 vart det funne eit randskår av kleber i det moderne dyrkingslaget. Største høgde er 3 cm, største breidde er 4,2 cm, og største tjukknad er 0,9 cm. Skåret er frå eit kar, men det er for lite til å seie noko om type eller datering. Ved oppreinsking på lokalitetane er det samla inn kring ti skår og fliser av leirkar og ein handfull små flintavslag. Keramikken er av grovt uornert gods, magra med finknuste bergartskorn og glimmerstein.

PLANTEMAKROFOSSIL (PUS)

Gresspollen (*Poaceae*) har andeler mellom 3–8 %. Det var enkelte halvgresspollen (*Cyperaceae*) i de tre øverste nivåene. To pollenkorner av hvete (*Triticum*-type) ble registrert ved 25 cm. Pollen av smalkjempe (*Plantago lanceolata*) ble funnet ved 25 cm og 13 cm og et av groblad (*Plantago major*) ved 13 cm og 7 cm. Med 1–5 % utgjør nesle (*Urtica*) den største gruppen blant urtepollen, fulgt av soleiefamilien (*Ranunculaceae*), inklusive enkelte pollen av engsoleie (*Ranunculus acris*), rosefamilien (*Rosaceae*) dominert av mjødurt (*Filipendula*), korgblomstfamilien (*Asteraceae*), korsblomstfamilien (*Brassicaceae*), maskeblomstfamilien (*Scropulariaceae*) og syre (*Rumex*) med engsyretype (*Rumex acetosa*) ved 25 cm). Ellers ble det registrert enkelte pollen av blant annet klubbevalmue (*Papaver argemone*-type) og øyetrøst (*Euphrasia*) ved 25 cm, blåknappstype (*Succisa/Knautia*) og geitramstype (*Epilobium*), åkervindel (*Convolvulus arvensis*) ved 13 cm og 7 cm, av nellik- og skjermplantefamilien (*Caryophyllaceae* og *Apiaceae*) og av trollurt (*Circaea*).

Et pollenkorner av stor nøkkelrose (*Nymphaea alba*-type) ble funnet. Blant sporene (30–50 % av $\Sigma P + x$) ble det registrert enkelte av torvmose (*Sphagnum*), av strid kråkefot (*Lycopodium annotinum*) og av marinøkkelfamilien (*Botrychium*).

Tolkning av pollenprøver

Andelen av trekullfragmenter gir et visst grunnlag til å dele diagrammet i to soner. Men de helt jevne andelen av trær og urter gjennom profilet antyder at det her foreligger en «utvisket» stratigrafi. Grunnen er antagelig en lang dyrkingsaktivitet på lokaliteten (se under).

Lokaliteten var åpenbart omgitt av en lysåpen skog av or (*Alnus*), bjørk (*Betula*) og hassel (*Corylus*), med innslag av busker som krossved (*Viburnum*), og antagelig hegg (slekt *Prunus*). Eik og alm kan ha vokst lengre vekk, mens lind antagelig har vokst på selve lokaliteten siden treet er insektbestøvet.

Urtepollen, som for eksempel gress (*Poaceae*), blåknapp/rødknappstype (*Succisa/Knautia*), og korgplantefamilien (*Asteraceae*), kan tyde på dyrking

Tabell 4_16: Bjørnstad nordre (lokalitet 10). Pollenprøver fra jordprofil gjennom åker S-12000.

Table 4_16: Bjørnstad nordre (site 10). Pollen samples from field profile of the pre-historic field S-12000.

Pollenprøve nr.	Dybde i profilet	AmS nat. vit. j. nr. 2005/06	Nærmere beskrivelse av laget
PP 12006–701	7 cm	701	Mørkebrun masse med finkornet sand
PP 12 007–702	13 cm	702	Fet mørk/sort blandet organisk masse med finkornet sand
PP 12008–703	17 cm	703	Grå/gråbrun masse med diffuse grenser til lag 3
PP 12 009–704	25 cm	704	Lysegrått/grått lag med gule/orange flekker

(Behre 1981), selv om de forekommer i små mengder. Klubbevalmue (*Papaver argemone*-type) og åkervindel (*Convolvulus arvensis*) er åkerugras som er kjent fra langt tilbake i fortida (Rösch 1998). Funn av to pollen-korn av hvetetype (*Triticum*-type) tyder på at det kan ha vært en episode med dyrking av hvete på lokaliteten. Noen av artene, som for eksempel nesle (*Urtica*) og blåknapp/rødknapp-type (*Succisa/Knautia*), kan også ha sammenheng med beitebruk enten i nærheten, eller i brakkperioder på selve åkeren.

Sammenfatning

Det er ikke mulig å skille ut faser på lokaliteten, antagelig fordi langvarig jordbearbeiding ved dyrkningsaktiviteten har visket ut stratigrafien. Lokaliteten har vært omgitt av trær- og busker, dominert av or (*Alnus*), bjørk (*Betula*), hassel (*Corylus*) og lind (*Tilia*). Det er flere indikasjoner på at det kan ha blitt dyrket på lokaliteten, og det er mulig at dyrking av hvete (*Triticum*) har forekommet. Det kan ha vært beitebruk i brakkperioder og/eller i omgivelsen av lokaliteten.

DRØFTING OG OPPSUMMERING (GAB)

Jordbruk og driftsformer i seinneolitikum, yngre bronsealder og eldre jernalder

Spor etter jordbruk i form av åkrar og ardspor var framtrede funn på Bjørnstad søndre og nordre, både med omsyn til reell utstrekning, men også med omsyn til bevaringsgrad. Særleg er det grunn til å trekke fram funnsituasjonen på lokalitet 13 som særleg gunstig. Det homogene sandlaget over åkeren og ardspora har isolert og beskytta dei mot førhistorisk så vel som historisk aktivitet.


Åkrane på lokalitet 10 og 13 vart påvist i form av dyrkingslag i kombinasjon med ardspor. Både åkrane bestod av fleire horisontale sjikt og dette vart tolka som spor etter separate dyrkingsfaser og restar etter gamal markoverflate. Nærleiken mellom åkrar og ardspor, men også likskap i masser, tilseier at ardspora er avsett samstundes med at åkrane var i bruk. Ardspora på både lokalitetane går på kryss og tvers, og teiknar det karakteristiske rutemønsteret i undergrunnen og som er typisk for arden. Pløying med ard er rekna for å vere blant dei eldste jordforbetrande metodane i landbruket (Lillehammer 1994:129, Myhre 2002: 55–57).

Pollen- og jordmikromorfologianalyse har gitt eit meir differensiert bilete av åkrane, ikkje minst med omsyn til etableringa og utviklinga av dei. Pollenanalyse har mellom anna påvist moglege artar og kornslag som vart dyrka, og korndyrking er indirekte påvist gjennom urtepollen og kombinasjonar av urtepollen som førekjem i korn-åkrar. Kveite er trekt fram som ein mogleg kornsort som vart dyrka på lokalitet 10, medan det er rekna

som rimeleg sikkert at bygg vart dyrka i åkeren på lokalitet 13. Lin er ein annan art som kan ha vore kultivert på denne lokaliteten, men indikasjonane for dette er noko svakare. Det er likevel belegg for at planten kan ha vakse i åkeren eller like i nærleiken av han. På lokalitet 13 var pollenmengda generelt stor, og på bakgrunn av mengde og variasjon i pollen-samansettinga er det antekte at åkeren var brukt over lang tid, og at ulike typar artar kan ha vore dyrka til ulik tid eller at det er dreve vekselbruk. Den jordmikromorfologiske analyse har også påvist spor etter dyrking og kultivering av åkrane, men i form av spor etter bearbeiding av jordsmonnet. Det er haldt fram at mønsteret i mikrostrukturen som kjem til syne i tynnslipa på lokalitet 10, er representativt for bruk av ard. Åkeren på lokalitet 13 er det påvist påfallande mange knuste diatoméar (kiselalger), og dette kan også vere eit resultat av mekanisk bearbeiding av jordsmonnet som følge av arding. På lokalitet 13 er det dessutan tydelege belegg for at åkeren har vore tilført møkk, jamvel i fleire omgangar. Fosfatutfellingar er påvist i både åkrane, og dette kan også vere eit resultat av gjødsling. Mikro-morfologianalyse held dessutan fram at både samansettinga og innhaldet i jordsmonnet frå åkrane er karakteristiske for førhistoriske dyrkingslag. Både pollenanalyse og jordmikromorfologianalyse syner dessutan at åkrane, eller rettare området som åkrane ligg i, også har vore brukt til beiting. Pollen frå beiteindikerande artar er påvist på både lokalitetane. I den jordmikromorfologiske analyse er beiting indirekte påvist gjennom ein kompakt og samanpressa mikrostruktur som kan vere eit resultat av tråkk frå dyr.

Den jordmikromorfologiske analyse skildrar for både lokalitetane ein relativ utviklingssekvens eller eit hendingsforløp. På lokalitet 10 er hendingsforløpet delt i tre faser: I den første og eldste fasen er det antekte at området var sporadisk brukt av menneske og dyr. I den neste fasen ber området preg av å ha vore brukt til beitemark, og i den tredje og siste fasen til dyrking. På lokalitet 13 er det skilt ut eit tilsvarende hendingsforløp. I den første fasen er det få spor etter menneskeleg aktivitet og området vart antageleg brukt som beite. Så tek ein fase med tydelege jordforbetrande tiltak til, og ein av dei første omgangane med tilført møkk er såpass dårleg innarbeidd i jordsmonnet at det framtrer som eit synleg horisontalt lag i åkeren den dag i dag. Ytterlegare ein omgang med tilført møkk er synleg i tynnslipa, men det er antekte at åkeren er gjødsla jevnleg utanom desse to rundane. Spora etter gjødsling og kultivering vert deretter færre og opphøyrer til slutt.

Med omsyn til brukstid og varigheit på beite- og dyrkingsfasane, er det dei radiologiske dateringane i kombinasjon med stratigrafiske tilhøve ein må rette seg etter. Pollenanalyse og den jordmikromorfologiske analyse kan i visse tilfelle gje indirekte opplysningar om desse tilhøva. Åkeren på



Figur 4_22. Alle dateringane frå lokalitet 9, 10 og 13. Kalibrert i høve OxCal 3.10 (Bronk Ramsey 1995, 2001).

Figure 4_22. All the radiocarbon dates from sites 9, 10 and 13. Calibrated according to OxCal 3.10 (Bronk Ramsey 1995, 2001).

lokalitet 13 representerer på sett og vis eit slutta funn, og dateringane frå sandlaget og strukturane i sandlaget gir ei sikker øvre datering for bruken av åkeren til ca. år 200 e.Kr. Korndateringane frå åkeren frå siste del av yngre bronsealder og første del av førromersk jernalder, er rekna for å vere representativ med bruken av åkeren i alle høve i ein fase. Ein beitefase forut for dyrkinga, slik det er påvist i pollen- og mikromorfologianalysane, må ein derfor tru er eldre, moglegvis frå bronsealder. Ein beitefase i seinneolittisk tid kan imidlertid ikkje utelukkast, då det i nærrområda på lokalitet 9 og 10 er dokumentert aktivitet i denne perioden.

Landskapet med dei lange tidslinjene

Eit anna framtrekande trekk ved undersøkinga av lokalitetane på Bjørnstad er kompleksiteten og variasjonen i kulturminna, og det lange tidsspennet dei representerer. Gjenstander og kulturminne som er undersøkt spenner frå ein einegga pilspiss frå seinmesolitikum til ei kolgrop frå høgmellomalder, men enno yngre kulturspor er påvist i form av ei u-forma grøft frå 1600-talet. Vegfarete på lokalitet 10 kan jamvel vere av enno yngre dato, men dette er

uvisst. Kulturminna syner attende til ulike typar aktivitetar som er utført i dette området, og som er avsett gjennom ein periode på ca. 6000 år. I OxCal-diagrammet er alle dateringane frå lokalitetane satt inn, jf. figur 4_22.

Oppsummering

Gjenstander og kulturspor som er påvist på Bjørnstad søndre og nordre, spenner over eit tidsrom frå seinmesolitikum til 1600-talet. Åkrar og ardspar frå seinneolitikum, yngre bronsealder og førromersk jernalder er blant kulturminna som er påvist. Analyser av makrofossil, pollen og jordmikromorfologi har gitt informasjon om driftsmåter og hendingsforløp i det tidlege jordbruket. Dei har vist at kveite og bygg var blant kornslaga som vart dyrka på Bjørnstad i førhistorisk tid, men at også andre nytteplantar kan ha vore kultivert. Jordforbetrande tiltak i form av gjødsling og arding er identifisert. Områda for åkrane er brukt som beite før åkrane vart etablert. Eldstadar, kokegroper, stolpehol og strukturar som ikkje let seg funksjonsbestemme, tyder på at lokalitetane representerer eit innmarksområde i førhistorisk så vel som i historisk tid.

KAPITTEL 5

BUSETJINGSSPOR OG MOGLEG HALL FRÅ YNGRE JARNALDER PÅ BJØRNSTAD SØNDRE (LOKALITET 11)

Gro Anita Bårdseth, Barbara Maria Sageidet & Paula Utigard Sandvik

INNLEIING (GAB)

Busetjingsspor var den dominerande kulturminnetypen som vart påvist på Bjørnstad søndre. Delar av to treskipa langhus, eit med mogleg hallfunksjon, og ein brønn frå yngre jernalder er granska, saman med ein eldstad frå yngre bronsealder. Eit kulturlag med ukjent datering er det målt inn omkrinsen av.

Buplassen låg på Bjørnstad søndre (2047/126, 185) i Sarpsborg kommune, og har ID 100914. Gjenstandsfunn og naturvitskaplege prøver frå undersøkingar har museumsnummer C54975.

Det vart samla inn 62 makrofossilprøver, og 37 er flotert og analysert (Sandvik dette band). Frå brønnen er ei pollenprøve analysert (Sageidet 2006a) og fire jordprøver er undersøkt for insektslevningar (Hellqvist 2006a, 2006b).

Dei to husa strakk seg utanfor grensene til både lokaliteten og reguleringsplanen. I samråd med Riksantikvaren vart det vedteke å utvide området for undersøking, med føremål om å avgrense husa. Lokaliteten vart utvida med eit areal på rundt 220 m², men husa var framleis ikkje avgrensa mot nord. Ytterlegare utviding var likevel ikkje aktuelt då dette ville hefte ein privat hage (2047/185). Lokaliteten er dermed undersøkt innanfor grensene til reguleringsplanen, men delane av husa som ikkje er avdekt ligg i eit område som i planen er avsett til bustadformål (Bårdseth 2006b:15). Utgravinga vart utført i tida frå 20. til 21. juni, og frå 7. juli til 8. august 2005 (Grindkåsa 2006c).

Lokalisering og topografi

Lokaliteten låg i dyrka mark på Raet, om lag 2,5 kilometer nordvest for Sarpsborg by. Store jorde og eit gardstun (2047/185) låg like nord og aust for lokaliteten, medan E6 passerte rett sør og sørvest for han. Ein arm av Vestvannet ligg berre 400 meter nordaust for buplassen. Undergrunnstilhøva bestod for ein stor del av finsortert sand og grus. I områda nærmast E6 var eit større parti planert ut i samband med tidlegare vegarbeid, og grunnen her bestod av leire og noko grus. Grunnen husa står på hellar svakt mot sør og høgda over havet er mellom 45 og 47 meter.

Kulturmiljø

Buplassen på Bjørnstad søndre ligg i eit område som er svært rikt på kulturminne frå alle periodar av førhistoria, men særleg dominerande er dei mange og store gravfelte frå jernalderen som er påviste langs Raet frå Kulås i sør og til Kalnes i nord, jf. figur 1_3. For ei nærmare skildring av kulturmiljøet sjå kapittel 1.

Berre to førhistoriske hus frå nærområdet var kjent frå før då utgravinga fann stad i 2005. Det eine er eit treskipa hus med ei antatt brukstid i bronsealder og som er undersøkt i samband med ei større utgraving av graver på Opstadfeltet (Løken 1978, 1998). Det andre huset er eit treskipa hus med ei antatt brukstid i folkevandringstid, også dette undersøkt i samband med granskingar av eit større gravfelt på Store Tune, like nord for Tune kirke (Andersen 1991, Bårdseth 2006a). I 2006 vart delar av eit treskipa hus på Opstad søndre granska. På bakgrunn av gjenstandsfunn og typologiske karakteristika er det anteke at huset er frå eldre jernalder (Eikrem 2006).

I samband med arbeid på ei privat vassleidning på Bjørnstad søndre (2047/185), berre 20 meter sørvest for husa som vart påvist på lokalitet 11, vart det i 2006 påvist eit fossilt dyrkingslag med trekol og eit stolpehol med brent leire (ID 106717). I tilknytning til stolpeholet vart det funne eit keramikkskår med matskorpe (Knutzen 2007). Matskorpa frå dette keramikkskåret er datert til siste del av yngre bronsealder, 2510 ± 40 BP (Cal. BC 790–510, Beta-120747). Figur 5_1 syner områda som vart granska i 2005.

Målsetjing og metode

Buplassen på Bjørnstad søndre er registrert som lokalitet 11. Registreringa påviste eit kulturlag, tre nedgravingar som kunne vere graver og eit parti med staurhol. Det vart også gjort enkelte funn av brent leire og skjørbrante stein (Vikshåland 2003). Lokaliteten ligg i eit område med stor konsentrasjon av graver og busetjingsspor frå heile førhistoria, og i nærleiken av ytterlegare fire lokalitetar som er undersøkt i samband med breiddeutvidinga



Figur 5_1: Oversyn over identifiserte hus og struktur på Bjørnstad søndre (lokalitet 11). Antatt veggline til husa er markert. Lokalisering av nokre strukturar er rekonstruert og desse er markert med S-nummer. GIS-applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 5_1: Overview of the identified houses and structures at Bjørnstad søndre (site 11). Presumed wall line of the houses has been marked. The location of some structures has been reconstructed and these are marked with S-numbering. GIS application: Per Erik Gjesvold.

(Bårdseth 2004:62, sjå også dette band kapittel 3, 4 og 6). Ei overordna målsetjing med undersøkinga var å avklare aktiviteten på buplassen i høve til kulturmiljøet rundt han. Meir spesifikt ønska prosjektet å påvise eventuelle graver og busetjingsaktivitet på lokaliteten, og å undersøke tidsmessig og geografisk tilhøve mellom desse (Bårdseth 2004:62–63).

Undersøkinga synta at dei moglege gravene var restar av kulturlaget. Undersøkinga påviste dessutan busetjingsspor i form av stolpehol, dreneringsgrøfter og ein eldstad, og delar av to treskipa langhus og ein brønn vart identifisert og granska. Dateringar frå husa og brønnen syner at dei er frå yngre jernalder, ein periode som er godt representert i gravmaterialet i området.

Hovudmetoden for undersøkinga på Bjørnstad søndre var maskinell flatevdekkjing. Innmåling og produksjon av kartdata vart utført ved hjelp av totalstasjon. Lokaliteten vart undersøkt med metalldetektor før matjordlaget vart fjerna, og metalldetektor vart også nytta fleire gongar undervegs i undersøkinga. Jord frå til saman åtte stolpehol for takberande stolpar i hus 1 og 2 vart vassalda.

Utgravingsmetode og dokumentasjon er elles gjort greie for i Varia 65 (Bårdseth 2007a).

Stipulert og reelt arbeidsomfang i felt

Med bakgrunn i registreringsresultata var det i prosjektplanen lagt opp til å undersøke eit areal på inntil 1000 m². Vi forventa å påvise ca. 100 strukturar og la opp til å undersøke alle desse. Arbeidsomfanget i felt var stipulert til sju vekesverk, samt to veker til innmåling (Bårdseth 2004:63). Ved undersøkinga vart det opna 660 m² og påvist 208 strukturar. Alle vart målt inn og 106 strukturar vart snitta og dokumentert i profil. Det vart lagt ned 16,5 vekesverk i felt, og rundt to veker gjekk med til innmåling.

Årsaka til avviket mellom stipulert og reelt arbeidsomfang skuldast både at talet på strukturar vart dobbelt så høgt som forventa, og av ein anna type enn forventa. Ved undersøking av husa vart det tidleg klart at dei kunne vere av yngre jernalders type. Denne perioden er underrepresentert i husmaterialet på Austlandet, og prosjektet og styringsgruppa vart samde om å utvide dei økonomiske og tidsmessige



Figur 5_2: Bjørnstad søndre (lokalitet 11) sett mot nord. Åtte av dei ni takberande stolpehola i hus 1 er markert med gule plater, veggstolpehola er markert med kvite plater. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 5_2: Bjørnstad søndre (site 11), seen towards the north. Eight of the nine postholes for roof-bearing posts from house 1 have been marked with yellow plates. Postholes for wall-posts have been marked with white plates. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

rammene for undersøkinga for å utføre ei tilfredsstillande gransking av desse. Utvidinga vart utført gjennom overføringar og omprioriteringar av mannskap internt i prosjektet, men det var i tillegg behov for å utvide kontraksperioden for to tilsette.

Kjeldekritiske vurderingar

Som nevnt over er ikkje utstrekninga av dei to langhusa avgrensa mot nord, og dermed er husa heller ikkje totalundersøkt. Dei delane av husa som ikkje er undersøkt, strekk seg under ein privat hage som i reguleringsplanen er avsett til bustadformål, sjå figur 5_2.

Innmålingsdata for 38 strukturar gjekk tapt på grunn av feil teodolittoppsett. Kartfestinga for sju av desse strukturane er rekonstruert etter at utgravinga var avslutta ved hjelp av skisser og fotografi. Tre av desse strukturane inngår i hustolkingar og desse er S-13189 frå hus 1 og S-13193 og S-13204 frå hus 2. Det er rekna at feilmarginen ved kartfestinga for desse strukturane er frå 5–10 cm. Feilmargineane for strukturane som ikkje inngår i hustolkingar kan vere opp til 20 cm. Desse strukturane er S-13106, S-13200, S-13201 og S-13203, jf. figur 5_1.

På buplassen vart det påvist fleire spor etter nyare tids aktivitetar. Som nevnt over var det nærmast E6 eit parti som var planert ut i samband med vegarbeid og anlegging av ein støyvoll som går langs den søndre kanten på lokaliteten. Det vart imidlertid påvist svært få busetjingsspor utanfor og i tilknytning til det planerte området. Eit aust-vestgåande belte over lokaliteten er restar etter ein anleggsveg i samband med dette planeringsarbeidet, og på baa sider av denne vegen var det gravd ned dreneringsgrøfter. Vegen og grøftene låg over og skar gjennom dei to langhusa, men dei førhistoriske strukturane var ikkje påført skadar av vesentleg art. Nett i det same området er det i nyare tid sett opp minst tre stolpar for telefon- eller strømløysingar, og desse skapte noko forvirring og uvisse med omsyn til tolkingar av husa. I felt vart ein av desse stolpane (S-13022, jf. figur 5_1) oppfatta som ein del av hus 1, men ei radiologisk datering avkrefta dette og viste at stolpen var moderne (Cal. AD 1680–1935, TUA-5849). Lengst aust i det undersøkte området var det spor etter vassig frå ein tidlegare gardsdamm som låg på tunet rett nord for lokaliteten. Heller ikkje denne er rekna for å ha øydelagt eller fjerna strukturar av førhistorisk art.

HUS 1. EIT TRESKIPA HUS MED MOGLEG HALLFUNKSJON FRÅ YNGRE JARNALDER (C54975)

Innleiing

Hus 1 er restar etter eit treskipa langhus frå yngre jarnalder, venteleg med ei brukstid i vikingtid. Huset var orientert nordnordvest-sørsøraust, og vart identifisert gjennom stolpehol for takberande stolpar og veggstolpar. Ein inngang vart påvist i form av to inntrukne inngangsstolpar i austveggen. Delar av ei dreneringsgrøft vart påvist i tilknytning til den vestre rada med veggstolpar, sjå figur 5_3 og 5_4. I botnen i tre av stolpehola for takberande stolpar låg det plank av eik. Ein eldstad i søndre del av midtskipet har ei uteneleg lokalisering i høve til huskonstruksjonen og inngår ikkje i hustolkinga. I tilknytning til huset låg ei rekkje strukturar som ikkje er sett i samanheng med huskonstruksjonen.

Veggstolpehola markerar ytre avgrensing av huset. Det vart ikkje påvist spor etter gavlen i sør, og som tidlegare nevnt vart ikkje huset avgrensa mot nord. Største breiddemål i huset er avstanden mellom stolpehol for veggstolpar i aust- og vestveggen på ca. 9,3 meter, noko som er uvanleg breidt i førhistoriske hus. Til samanlikning kan det nevast at romartidshallen på Missingen i Råde kommune hadde eit største breiddemål på kring 8 meter (Bårdseth 2007a:130). Største lengdemål er avstanden mellom første og siste grind på kring 22 meter. Plasseringa av veggstolpehola syner at huset har vore ein knapp meter smalare i sør enn i nord, og dette tyder på at huset har hatt boga langveggar.


Hus 1 og 2 ligg så å seie på den same tomte. Brønnen ligg utanfor og søraust for hus 1, medan kulturlaget ligg delvis over det søraustre hjørnet til huset. Kring 150 strukturar vart påviste på tomte, og om lag 50 av desse inngår i tolkinga av hus 1. Samtlege takberande stolpar vart snitta og dokumentert i profil, tilsaman med ein handfull av veggstolpane. Det vart lagt fleire tvers- og eit langs-gåande snitt gjennom dreneringsgrøfta. Fleire av strukturane som ikkje inngår i hustolkinga vart også snitta.

Presentasjon

Berande konstruksjon


I hus 1 vart det påvist ni stolpehol for takberande stolpar, fordelt på fem grunder. Fagdjunna slik huset er dokumentert varierte frå 2,5 til heile 9,2 meter. Det største faget var mellom den første og andre grinda rekna frå nord. Fagdjunna elles i huset var mellom 2,5–3,9 meter. Midtskipet har ei svak konveks form og breidda varierar frå 2,5–3,2 meter.

Forma til stolpehola i plan var rektangulære med avrunda hjørne eller runde, eller tilnærma ei av desse formene. Tverrmåla varierte frå 47 x 71–94 x 128 cm, og djupna frå 58–80 cm. Stolpehola inne-



Figur 5_3: Plankart, hus 1, Bjørnstad søndre (lokalitet 11). Lokaliseringa av stolpeholet S-13189 er rekonstruert og forma er derfor ikkje reell. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 5_3: Plan map of house 1 at Bjørnstad søndre (site 11). The location of posthole S-13189 has been reconstructed and might therefore not depict its true shape. GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 5_4: Profilteikningar av stolpehol for takberande stolpar, hus 1, Bjørnstad søndre (lokalitet 11). Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 5_4: Profile drawing of postholes for roof-bearing posts from house 1 at Bjørnstad søndre (site 11). Illustration: Kathrine Eikrem.

heldt gjennomgåande mykje skoningsstein, og fleire også var markerte med steinansamlingar i plan. Massane bestod av brun humushaldig sand. Det vart påvist stolpeavtrykk i seks stolpehol. Desse viste at stolpane har hatt eit største tverrmål på mellom 22–30 cm, og at endane har vore mest rette. Forma til stolpane ut over dette var det imidlertid uråd å seie noko om.

Eikeplankar

Botnen av tre av stolpehola var kledd med eikeplankar. Dette gjeld S-13030, S-13189 og S-13216. Plankane var dekt av eit lag med silt, før skoningsstein og stolpe var sett ned. Laget var opp mot 20 cm tjukt og framstod som homogent. Dette tyder på at silten var intensjonelt påført før dei takberande stolpane var sett på plass. Eikeplankane, i alt sju stykker, var frå 40–72 cm lange, frå 14–20 cm breie og opp til fem cm tjukke. Plankane var etter alt å dømme tilverka ved hjelp av øks, og dei fleste hadde tydelege spor etter øksehugg i endane. Enkelte spor etter øksa var også tydelege på flatsidene. På nokre stykker var ytterveden bevart, og nett desse stykka kan karakteriserast som kløyvingar. I eit stykke var det eit hol. Plankane vart nøyе granska med tanke på

å spore eventuell dekor eller inskripsjonar, men slikt vart ikkje påvist. Med unntak av holet i den eine planken, var det ikkje noko som tyder på at plankane er gjenbruk frå ein annan konstruksjon, men sikre slutningar er sjølvstøtt vanskeleg å trekke. Tre av plankane er tekne vare på, og eit av stykka, frå stolpeholet S-13216, er radiologisk datert til overgangen mellom merovingertid og vikingtid, 1225 ± 65 BP (Cal. AD 715–890, T-18473). Figur 5_5 syner profilsnitt av stolpehola S-13189 og S-13216, og dei avdekte plankefundamenta i botnen av stolpehola.

Vegg

Kring 40 stolpehol for veggstolpar vart påvist langs båe langsiden av huset. Desse var runde eller tilnærma runde, og største tverrmål var rundt 50 cm. Ein handfull av desse nedgravingane vart snitta og dokumentert i profil. Største djupne var kring 20 cm. Det vart ikkje påvist stolpeavtrykk. Lengdeavstanden mellom veggstolpehola var frå 0,5–2 meter, men hovudparten ligg i ein avstand på mellom 0,5–0,7 meter. Avstanden frå stolpehol for veggstolpar til takberande stolpar var frå 2,7–3 meter, og syner breidda i sideskipa.



Figur 5_5: Eikeplankar i stolpehol for takberande stolpar. Øvst: S-13189, profil av stolpehol og nærbilete av plankar. Nedst: S-13216, profil av stolpehol og nærbilete av plankar.

Figure 5_5: Oak planks found in postholes for roof-bearing posts. Above: S-13189, Profile of posthole and detail picture of planks. Below: S-13216, profile of posthole and detail picture of planks. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

Inngang

Ein inngang vart påvist på austsida av huset like nord for den første grinda, rekna frå nord. Inngangen bestod av to doble inntrekte stolpehol for inngangsstolpar. Forma til desse stolpane er høvesvis oval og rund, og største tverrmål var 58 cm. Breidda mellom stolpehola var 1,7 meter. Inngangsstolpane vart ikkje undersøkt.

Dreneringsgrøft

Langs den sørvestre delen av huset vart det påvist delar av ei grøft. Grøfta låg vest for rada med veggstolpehol og dermed på utsida av huset. Ho vart påvist over ein lengde på 10,7 meter, og breidda varierte frå 40–85 cm. Det vart lagt fleire tverrsnitt og eit lengdesnitt gjennom grøfta, og desse synte at ho hadde flat botn og ei djupne opp til ti cm. Massane i ho bestod av sand avsett i striper med ulike fargesjatteringar som er tolka som spor etter vassig. Det vart ikkje påvist konstruktive element av noko slag i ho, og det er konkludert med at ho har hatt ein drenerande funksjon.

Funn

Funnmaterialet frå hus 1 bestod av tre jernfragment med uviss funksjon, nokre keramikkskår, litt brent leire og brente bein. Funn kjem frå stolpehol for takberande stolpar (C54975).

Jernfragmenta veg tilsaman 9,4 gram. Dei er i dårleg stand og det er uråd å seie kva slags gjenstand(ar) dei representerer. Keramikken er av grovt, uornert gods som er magra med glimmerstein og finknuste bergartskorn. Materialet tel berre fire skår, og det er uråd å seie noko om karform og eventuelt kor mange kar dei representerar. Dei brente beina er av pattedyr som ikkje kunne identifiserast til art og veg tilsaman 3,5 gram.

Naturvitskaplege prøver

15 makrofossilprøver frå stolpehol for takberande stolpar i hus 1 har vorte analysert (Sandvik dette band).

Datering

Ei ¹⁴C-prøve med tilknytning til huskonstruksjonen er analysert. Prøvematerialet består av ytterveden av eik og er frå ein av eikeplankane frå stolpehol for takberande stolpe, sjå tabell 5_1.

Kalibrert alder på prøva er 715–890 e.Kr. som tilsvare siste del av merovingertid og første del av vikingtid. Dateringsresultatet viser til sannsynleg fellingsstidspunkt for treet. Tidsintervallet frå trefelling til eikeplanken vart lagt ned i stolpeholet er ukjent. Nedlegging av eikeplanken og oppføring av

huset må i alle høve vere utført på eit seinare tidspunkt enn trefellinga, og mot denne bakgrunnen vert det foreslått at huset kan ha hatt ei brukstid i vikingtid, og i alle høve innanfor yngre jernalder.

Årsaka til at det er valt å utføre ¹⁴C-analyse på eik er at det ikkje føreligg anna tilfredsstillande dateringsmateriale frå hus 1.

Furustokken som først var antatt å skrive seg frå hus 1 er allereie nemt, og han vart radiologisk datert til nyare tid (Cal. AD 1680–1935, TUA-5849). Stokken vart først forsøkt datert ved hjelp av dendrokronologisk analyse ved Nationalmuseet i København. Analysa lot seg imidlertid ikkje gjennomføre fordi den ikkje høvde overens med tilgjengeleg referansekurve (Eriksen 2006).

*Tolkingar**Konstruksjon*

Stolpehola for dei takberande stolpane var regelmessig plassert ovanfor kvarandre i par, og dette talar for at huset har hatt ein grindkonstruksjon. Forma til stolpehola, men også stolpeavtrykka, tyder på at stolpane har vore jamnstore og med største tverrmål opp mot 30 cm. Endane har vore tilverka og med flat ende. Det føreligg ikkje grunnlag for å seie noko om kva form stolpane elles har hatt, eller kva slags treslag som er nytta. Eikeplankane som er påvist i tre av stolpehola kan ha hatt ein støttefunksjon i høve til dei takberande stolpane i huskonstruksjonen, kanskje for å hindre sig og settingar i bygninga. Tilsvarende underliggarar av stein er eit kjent fenomen i den førhistoriske byggeskikken.

Den store fagdjunna mellom den 1. og 2. grinda er på over ni meter, og ved første augekast kan ei slik stor fagdjunne synes urealistisk i ein treskipa konstruksjon. Ein kan derfor ikkje utelukke at nett dette rommet har hatt ytterlegare eit sett med takberande stolpar som det ikkje er påvist restar av. Det er likevel verdt å merke seg at det er nett i tilknytning til dette store rommet at det er gjort funn av eikeplankar. Det er mogleg at det gjennom desse kraftige stolpehola med underliggarar av tre er lagt til rette for at stolpane som har stått der har kunna bere vekta frå takkonstruksjonen med eit minimum av stolpar. Inntil hus 1 eventuelt vert totalundersøkt, kan ein derfor ikkje avvise at denne store fagdjunna er reell.

Storleiken til veggstolpehola er etter måten kraftig, og trass i at det ikkje vart påvist stolpeavtrykk som viser tverrmåla til veggstolpane, er det grunn til å tru at dei kan ha hatt ein viss takberande funksjon som har bidratt til å stabilisere konstruksjonen. Huset er breitt, og ved å overføre noko av takvekta til

Tabell 5_1: ¹⁴C-datering frå hus 1. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 5_1: Radiocarbon dating from house 1. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
T-18473	Ytterved, eik	Stolpehol S-13216	1	1225 ± 65	AD 715–890

veggane kan ein ha oppnådd både auka styrke og stabilitet. Storleiken og regulariteten til veggstolpehola tyder på at veggkonstruksjonen kan ha vore av sleppverk framfor flettverk. Fråveret av leirklining sannsynleggjer også ein annan veggkonstruksjon enn flettverksvegg. Sikre slutningar om desse tilhøva er imidlertid vanskeleg å trekke.

Slik huset er avdekt dekkjer det eit areal på ca. 20,5 x 9 meter, som utgjer om lag 180 m². Den svakt konvekse forma til ytterveggane og midtskipet tilseier at berre kring halvparten av huset er avdekt. Dersom huset har vore symmetrisk og dersom det nordlegaste stolpeholet ligg om lag i sentrum av huset, skulle dette tilseie at største lengde i hus 1 ikkje kan ha vore noko særleg under 50 meter. Samla areal vil då ha vore i underkant av 400 m².

Funksjon

Inngangen og variabel fagdjunne er i dette tilfelle det beste utgangspunktet for å vurdere inndeling og funksjon av hus 1. Inngangen tyder på at huset har vore delt i minst to rom, men storleiken til huset sannsynleggjer ei inndeling i enno fleire rom. Korkje inventar eller gjenstandsfunn indikerer særskilde funksjonar huset kan ha hatt, men nærleiken og samtidigheita med brønnen tyder på at huset har vore del av ein gardsbusetnad. Det mest framtrèdande elementet i drøftinga av funksjon er likevel det store rommet nord i huset. Storleiken til dette rommet, men også til huset i seg sjølv, peikar på at hus 1 representerer ei vikingtidsbygning utanom det vanlege.

Treskipa bygningar frå vikingtid med tilsvarande dimensjonar og fagdjunne er til no set i samanheng med hall og Frands Herschend og Hans Göthberg har peika på fleire element som må vere heilt eller delvis til stades for å identifisere ein hall. Herschend legg vekt på at hallen må ha tilhøyrt ein storgard, han må bestå av minimum eit rom med eit minimum av takberande stolpar og han må utmerke seg gjennom lokalisering på garden. Eldstadar i tilknytning til hallen skal ikkje vere brukt til matlaging eller handverksproduksjon, og som eit siste kriterium legg Herschend vekt på at gjenstandsmaterialet frå hallen skal vere av ein annan karakter enn frå bustaddelen i huset (Herschend 1991:182). Göthberg vektlegg mange av dei same kriteria, men presiserar at hallen kan vere representert gjennom eit hus med berre eit rom eller den kan vere del av eit større hus, og at det kan finnast gjenstander med såkalla høgstatuskarakter i tilknytning til hallen (Göthberg 1998:121).

Om ein samanliknar hus 1 med desse kjenneteikna for hall, vert dei berre delvis oppfylt. Som nemnt over vart berre halvparten av hus 1 granska og berre eit mindre område kring huset undersøkt. Med utgangspunkt i vår avgrensa undersøking er det derfor vanskeleg å verifisere om

hus 1 har tilhøyrt ein storgard, og eventuell lokalisering på ein slik gard. Det vart ikkje påvist eldstad i huset og gjenstandsmaterialet var særsmålate og bestod av tre små jarnfragment med uviss funksjon (til saman 9,4 gram), fire keramikkskår og 3,5 gram brente bein (C54975). Heller ikkje desse elementa kan derfor nyttast til positivt å identifisere ein hall. På den andre sida kan det vesle gjenstandsmaterialet nett vere eit uttrykk for at dette ikkje var eit ordinært bustadhus, der ein vanlegvis finn noko meir avfall og artefaktar frå daglege gjeremål. Om vi så ser til det store rommet i hus 1, med fagdjunne på dryge ni meter og med tilsvarande breidde, kan dette vel representere hallen slik han framstår i Herschend sin definisjon som eit rom med eit minimum av stolpar. Storleiken og dimensjonane til hus 1 er markant større i høve til andre førhistoriske hus som til no er granska i Østfold, med omsyn til dimensjonane til stolpehol for takberande stolpar, fagdjunne og husbreidde. På bakgrunn av denne skilnaden og av dateringa av huset til vikingtid, er det grunnlag for å vurdere om huset kan representere ein hall, slik Herschend og Göthberg har klassifisert dei. Ein parallell det kan vere interessant å samanlikne med er den såkalla Kongehallen i Lejre i Danmark. Fagdjunna i hallrommet der er 9,5 meter og breidda 11,5 meter. Lengda til bygget er 48,3 meter og langveggane er svakt boga. Kongehallen er elles karakterisert av utvendige støttestolpar, eit trekk som er kjent frå fleire yngre jarnalderhus både på Lejre og andre lokalitetar i Danmark (Christensen 1994, Schmidt 1994). Andre kjente vikingtidshallar med tilsvarande dimensjonar, og gardsanlegg frå yngre jarnalder som er rekna for å ha hatt viktige funksjonar innanfor såkalla sentralområde er mellom anna Slöinge og Järrestad i Sverige (Lundqvist *et al.* 1996, Söderberg 2005) og Tissø og Strøby Toftegård i Danmark (Jørgensen og Pedersen 1996, Söderberg 2005). Borg i Lofoten (Munch *et al.* 2003) og Huseby ved Kaupang i Vestfold (Skre 2007) er dei til no kjente vikingtidshallane frå Noreg. Kriterium for identifisering av desse som hall er først og fremst storleik, høgstatusfunn og lokalisering.

Hus 1 har typologisk likskap med vikingtidshallen slik han er kjent i Skandinavia, særleg bygningane med dei store hallromma som er påvist i Sverige og Danmark. Det store rommet i huset kan ha hatt hallfunksjon. Huset er ikkje totalundersøkt, og ein må ta atterhald for tolkingar om både konstruksjon og funksjon.

Oppsummering

Hus 1 er restar etter eit treskipa langhus med grindkonstruksjon, venteleg med ei brukstid i vikingtid. Huset er ikkje totalundersøkt. Den kraftige konstruksjonen og det store rommet midt i huset tyder på at hus 1 kan representere ei bygning med hallfunksjon.

HUS 2. EIT TRESKIPA HUS FRÅ MEROVINGARTID (C54975)

Innleiing

Hus 2 er restar etter eit treskipa hus frå merovingertid. Huset var orientert nordnordvest-sørsøraust, og vart identifisert gjennom stolpehol for takberande stolpar og veggstolpar, sjå figur 5_6 og 5_7. Det vart påvist ein inngang i form av to inntrekte inngangsstolpar i austveggen. I tilknytning til huset låg ei rekkje strukturar, men desse vart ikkje satt i samanheng med huskonstruksjonen.

Med unntak av veggstolpehola i aust vart det ikkje påvist ytre avgrensingar av huset. Største breiddemål i huset er avstanden mellom stolpehol for veggstolpar i aust og den vestre rada med takberande stolpar, ca. 5,2 meter. Største lengdemål er avstanden mellom første og siste grind er kring 15 meter.

Hus 2 ligg så å seie på den same tomta som hus 1. Brønnen ligg utanfor og søraust for huset, medan kulturlaget ligg på austsida av det. Kring 150 strukturar vart påviste på tomta, 19 av desse inngår i tolkinga av hus 2. Samtlege takberande stolpar vart snitta og dokumentert i profil, tilsaman med ein handfull av veggstolpane. Fleire av strukturane som ikkje inngår i hustolkinga vart også snitta.

Presentasjon

Berande konstruksjon

I hus 2 vart det påvist åtte stolpehol for takberande stolpar, fordelt på fire grunder. Fagdjunna var nokså jamn og låg rundt fem meter. Midtskipet hadde ei rett form og breidda var 3,1–3,2 meter.

Forma til stolpehola i plan var runde eller tilnærma runde, men eit hadde ei meir rektangulær form med avrunda hjørne. Tverrmåla varierte frå 46 x 46–90 x 100 cm, og djupna frå 29–57 cm.

Stolpehola bestod av brun humushaldig sand, og det vart påvist skoningsstein i samtlege. I seks av stolpehola var det i flata avtrykk etter stolpen, og i profilen var det stolpeavtrykk i alle stolpehola. Stolpeavtrykka viste at stolpane har hatt ei rund form og med tverrmål mellom 20–39 cm. Ein av stolpane hadde tilverka ende i ei tydeleg spiss form, sjå figur 5_8, medan dei andre avtrykka hadde tilnærma rett ende.

Vegg

Elleve stolpehol for veggstolpar vart påvist langs austsida av huset. Desse var runde eller tilnærma runde, og største tverrmål var rundt 50 cm. Omkring ein tredjedel av nedgravingane vart snitta og dokumentert i profil. Største djupne var kring 20 cm.

Det vart ikkje påvist stolpeavtrykk. Lengdeavstande mellom veggstolpehola var frå 0,8–2 meter. Avstanden frå stolpehol for veggstolpar til takberande stolpar var 1,7 meter, og syner breidda i sideskipa.

Inngang

Ein inngang vart påvist på austsida av huset mellom andre og tredje grinda, rekna frå nord. Inngangen bestod av to inntrekte stolpehol for inngangsstolpar. Største tverrmål var ca. 35 cm. Breidda mellom stolpehola var 1,4 meter.

Funn

I felt vart det ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til hus 2. Ved floteringsprøve for jordprøver for makrofossilanalyse vart det gjort funn av ein liten bit brent leire med ei vekt på under 2 gram, og nokre brente bein. Samla vekt til beina er under 2 gram, og nokon av dei er artsbestemte til sau eller geit, dei øvrige er frå pattedyr som ikkje kunne artsbestemast nærmare (C54975).

Naturvitenskaplege prøver

12 mikrofossilprøver frå hus 2 har vorte analysert (Sandvik dette band).

Datering

Ei ¹⁴C-prøve er analysert. Prøvematerialet er trekol av bjørk og er frå ein takberande stolpe, sjå tabell 5_2.

Kalibrert alder for prøva er 685–795 e.Kr., som tilsvarar siste del av merovingertid. På bakgrunn av denne dateringa er det foreslått at huset kan ha hatt ei brukstid i denne perioden, og i alle fall innanfor yngre jernalder.

Tolking

Konstruksjon


Stolpehola for dei takberande stolpane var regelmessig plassert ovanfor kvarandre i par, og dette talar for at huset har hatt ein grindkonstruksjon. Forma og avtrykk etter stolpane tyder på at desse har vore runde og med eit tverrmål opp mot 30 cm. Ein stolpe har hatt spiss ende, medan resten har vore rette. Det føreligg ikkje grunnlag for å seie noko om kva slags treslag som er nytta.

Spor etter veggkonstruksjon var få og bestod av regelmessig plasserte stolpehol. Storleiken til veggstolpehola syntes vel kraftige med tanke på å vere restar etter ein flettverksvegg, og det vart heller ikkje påvist leirklining i tilknytning til huset. Ein sleppverksvegg trer dermed fram som eit alternativ, men

Tabell 5_2: ¹⁴C-datering frå hus 2. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.


Table 5_2: Radiocarbon dating from house 2. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5705	Trekol, bjørk	Stolpehol S-13105	1285 ± 40	AD 685–795



Figur 5_6: Plankart, hus 2, Bjørnstad søndre (lokalitet 11). GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 5_6: Plan map of house 2 at Bjørnstad søndre (site 11). GIS application: Per Erik Gjesvold.



Figur 5_7: Profildeikningar av stolpehol for takberande stolpar, hus 2, Bjørnstad søndre (lokalitet 11). Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 5_7: Profile drawings of postholes for roof-bearing posts from house 2 at Bjørnstad søndre (site 11). Illustration: Kathrine Eikrem.



Figur 5_8: Profil av stolpehol for takberande stolpe, S-13105. Biletet er teke mot nord. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 5_8: Profile of posthole for roof-bearing post S-13105. The picture was taken to the north. Photo. E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

sikre sluttinger er uråd å trekke.

Om ein reknar at det vestre sideskipet har hatt tilsvarende storleik som det austre, altså rundt 1,7 meter, vil huset slik det er avdekt, dekkje eit areal på kring 15 x 6,5 meter. Dette utgjer om lag 100 m². Huset vart imidlertid ikkje avgrensa i lengderetningane og arealet er dermed større enn det er dokumentert.

Funksjon

Inngangen i den austre langveggen markerer ei inndeling av huset i minst to rom. Det føreligg korkje konstruktive løysingar i huskonstruksjonen eller gjenstandsfunn som peikar mot kva slags funksjon(ar) huset kan ha hatt. Storleiken til huset tilseier imidlertid at det kan ha vore delt inn i enno fleire rom. Nett som for hus 1 må ein tru at huset har vore del av ein gardsbusetnad og at det kan ha romma funksjonar i tilknytning til dette.

Hus 2 ligg på same tomte som hus 1, og kontinuitet i bruken av tomt ved oppføring av hallbygningar er eit kjent fenomen (sjå mellom anna Söderberg 2005). I motsetnad til hus 1 vart det ikkje påvist spesifikke hallindikatorar i hus 2. Dei kraftige dimensjonane i huskonstruksjonen saman med geografisk og tidsmessig samtidighet md hus 1, gjer at ein likevel ikkje skal utelukke at også hus 2 kan ha hatt hallfunksjon. Huset er ikkje totalundersøkt, og ein må derfor ta atterhald for tolkingar om både konstruksjon og funksjon.

Oppsummering

Hus 2 er restar etter eit treskipa langhus med grindkonstruksjon frå merovingertid. Huset er ikkje totalundersøkt, men er rekna for å ha vore del av ein gardsbusetnad. Hallfunksjon kan ikkje utelukkast.

EIN BRØNN FRÅ VIKINGTID (C54975)

Innleiing

Restane av ein brønn, S-13002, vart påvist sør for hus 1 og 2, jf. figur 5_1. Makrofossil frå brønnen er datert til vikingtid, som er rekna for å vere representativt for brukstida til brønnen. Det er utført ei pollenanalyse og insektanalyse frå jordmassar i brønnen.

Brønnen vart snitta ved hjelp av gravemaskin, og dokumentert gjennom fotografi og skisseteikningar.

Presentasjon

Konstruksjon

Forma til brønnen i plan var tilnærma rund, og han hadde ein største diameter på rundt fire meter. Profilsnittet synte at nedgravinga for brønnen hadde skrå sider. Største djupne var ca. 1,5 meter, sjå figur 5_9. Den nedre delen av brønnen som er rekna for å representere brønnsjakta, inneheldt mykje trevirke. I denne fantest det opptil ein meter lange plankar med tilspissa endar, og kvister og greiner, sjå figur 5_10. Fleire av plankane med spiss ende stod oppreist langs veggane i brønnsjakta. Massane elles i dette partiet bestod av mørkbrun humushaldig fuktig jord. Forma til sjølve brønnsjakta var mest heilt rund, ho hadde ein diameter på tre meter og djupna var om lag 0,7 meter. I den øvre delen av brønnen vart det ikkje gjort funn av trevirke, og massane her inneheldt ein større andel sand og stein. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i tilknytning til brønnen.

Naturvitskaplege prøver

Ei makrofossilprøve og ei pollenprøve frå brønnen er analysert, til saman med insektanalyse av fire jordprøver (Sageidet og Sandvik dette band).


Datering

Ei ¹⁴C-prøve er analysert. Prøvematerialet består av makrofossil av stengeldelar. Kalibrert alder på prøva er 875–980 e.Kr., som tilsvarear vikingtid. Dateringa representerer venteleg brukstida til brønnen, sjå tabell 5_3.

Insektanalyse

Fire små jordprøver frå den nederste delen av brønnen vart undersøkt med tanke på å påvise eventuelle insektlevningar. Prøvene er analysert av Magnus Hellqvist ved Högskolan Dalarna i Sverige.

Prøvene er identifisert som prøve 1:5, 2:5, 3:5 og 5:5. Samla prøvevolum var om lag 0,7 liter. Prøvene vart sålda i vatn, og det vart brukt sikt med maskevidde på 25 millimeter. Restmaterialet vart undersøkt i mikroskop. Bevaringstilhøva for organisk materiale er oppfatta som bra, og biologiske funn var lette å identifisere. Materialet som vart identifisert var for ein stor del trevirke, som ein må rekne med er frå



Figur 5_9: Brønn, S-13002. Illustrasjon: Kathrine Eikrem.

Figure 5_9: Well, S-13002. Illustration. Kathrine Eikrem.

Tabell 5_3: ¹⁴C-datering frå brønnen. Kalibrert i høve Stuiver og Reimer, 1993.

Table 5_3: Radiocarbon dating from the well. Calibrated according to Stuiver and Reimer, 1993.

Prøve ID	Materiale	Kontekst	Hus	Ukalibrert alder BP	Kalibrert alder ett sigma
TUa-5664	Stengeldelar	Brønn S-13002		1140 ± 35	AD 875–980

Tabell 5_4: Resultat av insektanalyse frå brønn, S-13002. Kodane tyder : – = ikkje funn, += sparsomt eller lite, +++ = til stades eller relativt rikeleg, ++++ = frekvent eller svært rikeleg til stades. Etter Hellqvist 2006a, 2006b.

Table 5_4: The results from the insect analysis of samples taken from the well, S-13002. Coding: – = no finds, + = scantily/few finds, ++ = present or quite a few, +++ = frequently or a number of finds. After Hellqvist 2006a, 2006b.

Prov	Relativ bedømming av provsediment	Insektdelar	Flugpupper	Frön	Kolfragment	Kräfragment	Daphnia
1:5	Sandigt, lite finmaterial	+	–	++	+++	+++	+
2:5	Sandigt, lite finmaterial	+	–	++	+++	+++	–
3:5	Sandigt, lite finmaterial	+	+	++	+++	+++	+
5:5	Sandigt, lite finmaterial	+	+	++	++	+++	+

trekonstruksjonen i brønnsjakta. Utover dette vart det påvist rikeleg med frø og trekol. Funn av insekt og insektdelar var få. Det vart påvist enkelte funn av pupper frå fløge, men desse var det ikkje råd å artsbestemme. Det vart påvist nokre fragment av biller som lever i tilknytning til vatn (*Hydrophilidea* og frå slekta *Cercyon*). Desse er indikatorar på eit

akvatisk miljø, men førekjem også i samband med gjødsel og kompost. Vidare vart det påvist nokre biller som trivast i gjødsel og avfall frå slekta *Aphodius* sp., og desse er ein indikasjon på fersk gjødsel.

Utanom desse insektlevningane vart det påvist eggkapslar frå vasslopper som lever i ferskvatn



Figur 5_10: Noko av trevirket frå brønnen, S-13002. Foto: E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Figure 5_10: Some of the wood found in the well, S-13002. Photo: E6-prosjektet Østfold, Museum of Cultural History.

(*Cladocera*, identifisert til slekta *Daphnia*). Desse førekjem ofte i stort tal i samband med vassamlingar. Eggkapslane er såleis ein sterk indikasjon på at strukturen representerer ein brønn. Resultatet av undersøkinga er samanfatta i tabell 5_4.

Hellqvist konkluderar med at funna av insekt og dyr som vart påviste i brønnen, er typiske for eit miljø kring ei open vasskilde. Funna er få, og dei gir derfor ingen eintydige bevis på kva samanhengar brønnen har inngått i. Funna og samansettinga av dei, er likevel ein god indikasjon på at området rundt brønnen har vore brukt av beitande husdyr, i alle fall i ein periode av brønnen si levetid (Hellqvist 2006a, 2006b).

Tolking og oppsummering

Veggane i brønnsjakta har vore kledd med plankar, kvist og greiner. Den øvste delen av konstruksjonen var det ikkje bevart spor etter. Dateringa av makrofossil frå brønnen tyder på at han var i bruk i vikingtid. Lokaliseringa av han tilseier at han kan ha vore i bruk samstundes med hus 2. Insektanalisa syner at beitedyr har oppheldt seg i nærleiken av brønnen, og truleg brukt han som drikkekjelde. Det er uvisst om brønnen primært er anlagt som vasskjelde for dyr eller menneske.

EIT KULTURLAG (C54975)

Eit kulturlag, S-13000, vart påvist i tilknytning til brønnen, jf. figur 5_1. Laget var opp mot 20 cm tjukt og bestod av mørk brun sandhaldig humus, og noko trekol og stein. Laget vart dokumentert i ein storleik på ca. 70 m².

Omkrinsen til laget vart målt inn, og eit tverrsnitt vart lagt gjennom det. Ingen konstruktive element vart påvist, men under laget vart det funne

